



DET KONGELEGE  
FINANSDEPARTEMENT

# Meld. St. 3

(2022–2023)

Melding til Stortinget

---

## Statsrekneskapen 2022





DET KONGELEGE  
FINANSDEPARTEMENT

# Meld. St. 3

(2022–2023)

Melding til Stortinget

---

## Statsrekneskapen 2022



# Innhald

|          |   |    |                |  |     |
|----------|---|----|----------------|--|-----|
| <b>1</b> | <b>Hovudtrekk i statsrekneskapa</b> .....   | 7  | <b>4</b>       | <b>Statens balanse med kommentarar til finanspostar m.m.</b> ..... | 59  |
| 1.1      | Hovudtal .....  | 8  | 4.1            | Statens balanse med notar .....                                    | 59  |
| 1.2      | Budsjettpolitikken og det strukturelle, oljekorrigerede underskotet .....         | 9  | 4.2            | Finansinntekter og finansutgifter .....                            | 63  |
| 1.3      | Utviklinga i det oljekorrigerede underskotet .....                                | 10 | 4.3            | Garantiar .....  | 63  |
| 1.4      | Veksten i utgiftene i statsbudsjettet .....                                       | 13 | 4.4            | Prinsipp for føring av statsrekneskapa .....                       | 65  |
| 1.5      | Lånetransaksjonar og finansieringsbehov .....                                     | 15 |                |  |     |
| 1.6      | Skattar og avgifter frå Fastlands-Noreg .....                                     | 17 | <b>Vedlegg</b> |  |     |
| 1.7      | Utgifter og inntekter frå petroleumsværksemda – Statens pensjonsfond utland ..... | 17 | 1              | Oversikt over statsrekneskapa 2022 .....                           | 66  |
| <b>2</b> | <b>Utgifter under departementa</b> ....   | 19 | 2              | Løyvingsrekneskap for staten .....                                 | 85  |
| 2.1      | Konstitusjonelle institusjonar .....  | 20 |                | Løyvingsrekneskap for staten, utgifter .....                       | 85  |
| 2.2      | Utanriksdepartementet .....   | 21 |                | Løyvingsrekneskap for staten, inntekter .....                      | 161 |
| 2.3      | Kunnskapsdepartementet .....  | 23 |                | Fullmakt til å overskride gjevne løyvingar i 2022 .....            | 189 |
| 2.4      | Kultur- og likestillingsdepartementet .....                                       | 25 | 3              | Tilsegningsfullmakter .....  | 209 |
| 2.5      | Justis- og beredskapsdepartementet .....  | 26 |                | Bestillingsfullmakter .....  | 217 |
| 2.6      | Kommunal- og distriktsdepartementet .....   | 28 |                | Kapitalrekneskap for staten .....                                  | 220 |
| 2.7      | Arbeids- og inkluderingsdepartementet .....                                       | 30 |                | Eiendeler .....  | 220 |
| 2.8      | Helse- og omsorgsdepartementet .....  | 33 |                | Forpliktelser .....  | 233 |
| 2.9      | Barne- og familiedepartementet .....  | 36 |                | Egenkapital .....  | 242 |
| 2.10     | Nærings- og fiskeridepartementet .....  | 37 |                | Notar og spesifikasjonar .....                                     | 243 |
| 2.11     | Landbruks- og matdepartementet .....  | 39 |                | Aksjeinteresser .....  | 246 |
| 2.12     | Samferdselsdepartementet .....  | 40 |                | Statens inntektskrav .....   | 257 |
| 2.13     | Klima- og miljødepartementet .....  | 42 | 4              | Gåver og gåveforsterkingsmidlar 2022 .....                         | 259 |
| 2.14     | Finansdepartementet .....   | 43 | 5              | Note til kapitalrekneskapa kontogruppe 70-72 .....                 | 260 |
| 2.15     | Forsvarsdepartementet .....   | 44 |                | Note til kapitalrekneskapa konto 82 .....                          | 268 |
| 2.16     | Olje- og energidepartementet .....  | 45 |                | Note til kapitalrekneskapa konto 8101 .....                        | 284 |
| 2.17     | Statlege utlån .....  | 46 |                | Statens garantiansvar .....  | 286 |
| <b>3</b> | <b>Statens pensjonsfond</b> .....   | 51 |                | Andre rekneskapar og spesifikasjonar .....                         | 291 |
| 3.1      | Statens pensjonsfond utland .....   | 51 |                | Svalbardrekneskapa .....   | 291 |
| 3.2      | Statens pensjonsfond Noreg .....  | 57 |                | Andre spesifikasjonar .....  | 293 |

## Tabelloversikt

|                  |   |    |                  |  |     |
|------------------|---|----|------------------|--|-----|
| Tabell 1.1       | Utgifter og inntekter 2022 .....  | 8  | Tabell 1.3       | Løyvingar og rekneskap 2022 ...  | 70  |
| Tabell 1.2       | Eigedelar, gjeld og eigenkapital .....  | 9  | Tabell 1.4       | Løyvingsrekneskapen for 2021–2022 .....  | 72  |
| Tabell 1.3       | Statens pensjonsfond .....  | 9  | Tabell 1.5       | Oversikt over løyvingsrekneskapen sine hovudgrupper for 2018–2022 .....  | 74  |
| Tabell 1.4       | Inntekter og utgifter utanom lånetransaksjonar i statsbudsjettet og Statens pensjonsfond 2022 ..... | 11 | Tabell 1.6       | Samla utgifter for løyvingsrekneskapen og overførte løyvingar i 2022 fordelte på utgiftsgrupper .....                      | 75  |
| Tabell 1.5       | Endringar i inntektene etter nysalderinga .....   | 12 | Tabell 1.7       | Løyvingane 2022 fordelte etter departement og grupper av postnummer .....  | 76  |
| Tabell 1.6       | Endringar i utgiftene etter nysalderinga .....  | 13 | Tabell 1.8       | Rekneskap 2022 fordelt etter departement og grupper av postnummer .....  | 77  |
| Tabell 1.7       | Overføring av unyttta løyvingar utanom lånetransaksjonar dei siste fem åra .....                    | 13 | Tabell 1.9       | Løyvingar og rekneskap 2023 fordelte etter art på programområde .....  | 78  |
| Tabell 1.8       | Reell, underliggjande utgiftsvekst .....  | 13 | Tabell 1.10      | Løyvingar og rekneskap utanom lånetransaksjonar 2022 på programområde .....  | 79  |
| Tabell 1.9       | Lånetransaksjonar og finansieringsbehov 2022 .....  | 16 | Tabell 1.11      | Balansekonto for staten .....  | 80  |
| Tabell 1.10      | Endringar i lånetransaksjonar, utgifter etter nysalderinga .....                                    | 16 | Tabell 1.12      | Note til balansekonto for staten, avslutningskonto for statsrekneskapen konto 99.00.00 .....                               | 81  |
| Tabell 1.11      | Endringar i lånetransaksjonar, inntekter etter nysalderinga .....                                   | 16 | Tabell 1.13      | Note til endringar i avslutningskonto 99.00.00, spesifikasjon av endringar på konto for forskyvingar i balansen 2022 ..... | 81  |
| Tabell 1.12      | Skattar og avgifter frå Fastlands-Noreg .....   | 17 | Tabell 1.14      | Samanhengen mellom finansieringsbehovet 2022 (kap. 5999) og faktisk endring i kontantbeholdninga .....                     | 82  |
| Tabell 1.13      | Endring i netto kontantstrøm frå statleg petroleumsverksemd etter nysalderinga .....                | 18 | Tabell 1.15      | Oversikt over statsrekneskapen 2022 ut frå kjelde til postering ...  | 84  |
| Tabell 2.1       | Utgifter 2022 etter programområde .....   | 19 | <b>Vedlegg 2</b> |  |     |
| Tabell 3.1       | Samla verdi av Statens pensjonsfond .....   | 51 | Tabell 2.1       | Løyvingsrekneskap for staten, utgifter .....   | 85  |
| Tabell 3.2       | Kontantoverføringar SPU .....   | 52 | Tabell 2.2       | Løyvingsrekneskap for staten, inntekter .....  | 161 |
| Tabell 3.3       | Resultatoppsett for SPU .....   | 53 | Tabell 2.3       | Fullmakt til å overskride gjevne løyvingar i 2022 .....  | 189 |
| Tabell 3.4       | Balanse for SPU per 31.12. ....   | 56 | Tabell 2.4       | Tilsegningsfullmakter per 31. desember 2022 .....  | 209 |
| Tabell 3.5       | Folketrygdfondets resultatrekneskap for SPN .....   | 57 | Tabell 2.5       | Bestillingsfullmakter per 31. desember 2022 .....  | 217 |
| Tabell 3.6       | Hovudtal i balansen for SPN per 31.12. ....   | 58 |                  |  |     |
| Tabell 4.1       | Statens eigedelar og gjeld .....  | 59 |                  |  |     |
| Tabell 4.2       | Renter .....  | 63 |                  |  |     |
| Tabell 4.3       | Samla garantiansvar for staten per 31.12. ....  | 64 |                  |  |     |
| <b>Vedlegg 1</b> |   |    |                  |  |     |
| Tabell 1.1       | Statens samla inntekter og utgifter 2018–2022 .....   | 66 |                  |  |     |
| Tabell 1.2       | Løyvingsrekneskapen for budsjetterminen 2022 .....  | 68 |                  |  |     |

|                  |   |     |  |
|------------------|---|-----|--|
| <b>Vedlegg 3</b> |   |     |  |
| Tabell 3.1       | Kapitalrekneskap for staten .....   | 220 |  |
| Tabell 3.2       | Note til kapitalrekneskapens<br>konto 68, spesifikasjon av statens<br>faste kapital i statsføretaka .....                           | 243 |  |
| Tabell 3.3       | Note til kapitalrekneskapens<br>konto 80, endring i statsgjelda ....  | 243 |  |
| Tabell 3.4       | Note til kapitalrekneskapens<br>kontogruppe 8080, spesifikasjon<br>av kontolån til statskassa per<br>31. desember 2022 .....        | 244 |  |
| Tabell 3.5       | Note til kapitalrekneskapens<br>konto 80, Statsgjelda, rente-<br>byteavtaler .....  | 245 |  |
| Tabell 3.6       | Aksjeinteresser per<br>31. desember 2022 .....  | 246 |  |
| Tabell 3.7       | Statens inntektskrav vedk.<br>skattar, avgifter og refusjons-<br>krav .....   | 257 |  |
| Tabell 3.8       | Gåver og gåveforsterkings-<br>midlar 2022 .....   | 259 |  |
| Tabell 3.9       | Note til kapitalrekneskapens<br>kontogruppe 70-72, spesifikasjon<br>av mellomværet mellom stats-<br>kassa og departementa .....     | 260 |  |
| Tabell 3.10      | Note til kapitalrekneskapens<br>konto 82, spesifikasjon av<br>kontantbeholdning for<br>verksemder med særskilde<br>fullmakter ..... | 268 |  |
| Tabell 3.11      | Note til kapitalrekneskapens<br>konto 8101 Ordinære fond<br>under Utanriksdepartementet –<br>Gjeldsbrevordninga .....               | 284 |  |
| <b>Vedlegg 4</b> |   |     |  |
| Tabell 4.1       | Garantiansvar .....   | 286 |  |
| Tabell 4.2       | Garantiar stilte av staten<br>31. desember 2022 .....   | 287 |  |
| <b>Vedlegg 5</b> |   |     |  |
| Tabell 5.1       | Svalbardrekneskapen.<br>Administrasjon av Svalbard<br>2022 .....  | 291 |  |
| Tabell 5.2       | Svalbardrekneskapen. Balanse-<br>konto per 31. desember 2022 .....  | 293 |  |
| Tabell 5.3       | Svalbardrekneskapen. Note til<br>balansekonto, beholdnings-<br>endringar 2022 .....   | 293 |  |
| Tabell 5.4       | Statsbygg. Balanse per<br>31. desember 2022 .....   | 293 |  |
| Tabell 5.5       | Statens direkte økonomiske<br>engasjement i petroleums-<br>verksemda (SDØE). Balanse per<br>31. desember 2022 .....                 | 294 |  |
| Tabell 5.6       | Statens pensjonskasse<br>forvaltningsbedrift. Balanse per<br>31. desember 2022 .....  | 294 |  |
| Tabell 5.7       | NORFUND. Balanse per<br>31. desember 2022 .....   | 295 |  |

## Oversikt over boksar

|          |                                   |    |
|----------|-----------------------------------|----|
| Boks 1.1 | Om uvisse i budsjettanslaga ..... | 14 |
|----------|-----------------------------------|----|







DET KONGELEGE  
FINANSDEPARTEMENT

# Meld. St. 3

(2022–2023)

Melding til Stortinget

---

## Statsrekneskapen 2022

*Tilråding frå Finansdepartementet 28. april 2023,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Støre)*

### 1 Hovudtrekk i statsrekneskapen

Finansdepartementet legg med dette fram meldinga om statsrekneskapen for 2022.

Meldinga omfattar statsrekneskapen med ein løyvingsrekneskap og ein kapitalrekneskap. Løyvingsrekneskapen syner samla løyving og rekneskap for kvar post i statsbudsjettet. Under utgiftspostane ser ein òg overført løyving frå 2021 til 2022 og overført løyving frå 2022 til 2023. Kapitalrekneskapen syner statens egedelar, gjeld og eigenkapital. Meldinga inneheld òg oversyn over rekneskapen for Svalbard, statens garantiansvar, tilsegns- og bestillingsfullmakter og oversyn over aksjar som staten eig. Det er lagt vekt på å forklare avvik mellom budsjett og rekneskap for 2022. Budsjettutviklinga gjennom 2022 fram til nysalderinga er nærare omtalt i Prop. 33 S (2022–2023) *Ny saldering av statsbudsjettet 2022*.

Året 2022 har som 2021 vore eit utfordrande år med store konsekvensar for norsk økonomi, personar og verksemder. Økonomiske tiltak er fremma og vedteken gjennom året knytte til pandemien, ekstraordinære høge straumprisar og krigen i Ukraina. Samla vart det i saldert budsjett 2022 og gjennom året budsjettert med eit oljekorrigert underskot som ligg noko under 2021 nivået.

Til tross for eit framleis stort oljekorrigert underskot, dekt med overføring frå Statens pensjonsfond utland (SPU), syner fondet eit overskot i 2022 slik det vert presentert saman med statsbudsjettet. Det kjem mellom anna av ein auke i rente- og utbyteinntekter i fondet og ein kraftig auke i netto kontantstraum frå petroleum som følgje av eit historisk høgt prisnivå på gass sidan sommaren 2021 og som har haldt fram gjennom 2022. Rekneskapen til Statens pensjonsfond utland syner monaleg store realiserte og urealiserte tap, medan valutakurseffekten på investeringar i utlandske verdipapir har vore positiv i 2022. Netto auke i kapitalen i Statens pensjonsfond utland, inkludert finanstransaksjonar til fondet, vart 58,3 milliardar kroner. Kapitalen i Statens pensjonsfond Noreg (SPN) minka med 14,7 milliardar kroner. Samla sett auka dermed kapitalen i Statens pensjonsfond med 43,6 milliardar kroner.

Rekneskapen og denne meldinga speglar statens ut- og innbetalingar og balanse til og med 31.12.2022, i tråd med prinsippa for føring av statsrekneskapen, sjå kapittel 4.4.

Kapittel 1 gjer greie for hovudelementa i statsrekneskapen og budsjettpolitikken. Dette omfat-

Tabell 1.1 Utgifter og inntekter 2022

| Utgifter (mill. kroner)  | Samla     | Utan                          |                                     |                                 |                   |
|--|-----------|-------------------------------|-------------------------------------|---------------------------------|-------------------|
|  |           | Sum utan<br>overføring<br>SPU | petroleum<br>og over-<br>føring SPU | Kontant-<br>straum<br>petroleum | Overføring<br>SPU |
| Driftsutgifter (post 01-29)  | 223 347   | 223 347                       | 223 347                             | 0                               | 0                 |
| Investeringar (post 30-49)   | 79 787    | 79 787                        | 51 409                              | 28 378                          | 0                 |
| Overføringar (post 50-89)  | 2 648 024 | 1 362 802                     | 1 362 802                           | 0                               | 1 285 223         |
| Sum utgifter utan lånetransaksjonar  | 2 951 158 | 1 665 936                     | 1 637 557                           | 28 378                          | 1 285 223         |
| Lånetransaksjonar (post 90-99)   | 245 527   | 162 030                       | 162 030                             | 0                               | 83 496            |
| Sum utgifter med lånetransaksjonar   | 3 196 685 | 1 827 966                     | 1 799 588                           | 28 378                          | 1 368 719         |
| <b>Inntekter (mill. kroner)</b>  |           |                               |                                     |                                 |                   |
| Sal av varer og tenester (post 01-29)  | 563 085   | 563 085                       | 34 365                              | 528 720                         | 0                 |
| Inntekter i samband med nybygg,<br>anlegg m.m. (post 30-49)                  | 30 685    | 30 685                        | 4 371                               | 26 314                          | 0                 |
| Skattar, avgifter og andre overføringar<br>(post 50-89)                      | 2 384 521 | 2 074 646                     | 1 316 079                           | 758 567                         | 309 875           |
| Sum inntekter utan lånetransaksjonar   | 2 978 291 | 2 668 416                     | 1 354 815                           | 1 313 601                       | 309 875           |
| Tilbakebetalingar (post 90-99)   | 144 127   | 144 127                       | 130 601                             | 13 496                          | 0                 |
| Sum inntekter før statslånemidlar  | 3 122 418 | 2 812 543                     | 1 485 446                           | 1 327 097                       | 309 875           |
| Netto post 01-89, utgifter og inntekter<br>(underskot før lånetransaksjonar) | -27 133   | -1 002 480                    | 282 742                             | -1 285 223                      | 975 348           |
| + Netto lånetransaksjonar<br>(post 90-99), utgifter og inntekter             | 101 399   | 17 903                        | 31 399                              | -13 399                         | 83 496            |
| = Brutto finansieringsbehov<br>(statslånemidlar)                             | 74 267    |                               |                                     |                                 |                   |
| Sum inntekter med lånetransaksjonar  | 3 196 685 |                               |                                     |                                 |                   |

tar mellom anna bruken av petroleumsinntekter, veksten i statsutgiftene og statens skatte- og avgiftsinntekter frå Fastlands-Noreg og frå petroleumsvirksemda. Lånetransaksjonar og finansieringsbehov vert òg omtalt. Kapittel 2 tek føre seg programområda til departementa kvar for seg. I kapittel 3 er rekneskapen til Statens pensjonsfond omtalt, og i kapittel 4 er det gjort greie for statens balanse og finanspostar og garantiar.

## 1.1 Hovudtal<sup>1</sup>

Tabell 1.1 syner statsrekneskapen 2022 etter postgrupper i statens kontoplan for høvesvis utgifter

<sup>1</sup> I tabellane i statsrekneskapen kan det vere avvik mellom sumtala i tabellane og dei avrunda tala som står ovanfor summene. Sumtala skal vere i samsvar med rekneskapen.

og inntekter. Dei samla utgiftene vart 3 196,7 mrd. kroner, medan inntektene før statslånemidlar vart 3 122,4 mrd. kroner. Overskot før lånetransaksjonar i statsrekneskapen og netto lånepostar (post 90-99) gjev eit brutto finansieringsbehov på 74,3 mrd. kroner. Samla inntekter medrekna statslånemidlar vert 3 196,7 mrd. kroner.

Det oljekorrigerte underskotet går fram av netto utgifter og inntekter (post 01-89) utanom kontantstraum frå petroleumsvirksemda og overføringane til og frå Statens pensjonsfond utland (SPU). Underskotet vert dekt med ei overføring frå SPU til statsbudsjettet som svarer til det oljekorrigerte underskotet, slik det vart rekna i nysaldert budsjett.

Det oljekorrigerte underskotet i 2022 vart 282,7 mrd. kroner, som er 27,1 mrd. kroner lågare enn i nysaldert budsjett. Statsrekneskapen vart

Tabell 1.2 Egedelar, gjeld og eigenkapital (mill. kroner)

|   | 2022       | 2021       | Endring |
|---|------------|------------|---------|
| Sum egedelar  | 14 393 664 | 14 322 538 | 71 126  |
| Sum gjeld   | 935 031    | 890 331    | 44 700  |
| Avslutningskonto (eigenkapital)                             | 13 458 633 | 13 432 208 | 26 426  |
| <i>Endring i eigenkapitalen:</i>                            |            |            |         |
| Endra verdi Statens pensjonsfond utanom finanstransaksjonar |            |            | -39 938 |
| Overskot før lånetransaksjonar                              |            |            | 27 133  |
| Minka avsetjing av overførte midlar                         |            |            | 5 229   |
| Anna endring i eigenkapitalen                               |            |            | 34 002  |

Tabell 1.3 Statens pensjonsfond (mrd. kroner)

|                                       | SPU      | SPN   | Samla    |
|---------------------------------------|----------|-------|----------|
| Netto kontantstraum                   | 1 285,2  |       | 1 285,2  |
| – Overført statsbudsjettet            | 309,9    |       | 309,9    |
| Renter og utbytte                     | 267,4    | 11,9  | 279,3    |
| Overskot                              | 1 242,8  | 11,9  | 1 254,7  |
| Kapital per 31.12.2021                | 12 355,2 | 332,9 | 12 688,1 |
| Overskot                              | 1 242,8  | 11,9  | 1 254,7  |
| Valutakursregulering                  | 641,9    | -     | 641,9    |
| Realiserte/urealiserte vinstar/tap    | -1 909,8 | -26,6 | -1 936,4 |
| Inntekt frå netto finanstransaksjonar | 83,5     |       | 83,5     |
| Kapital per 31.12.2022                | 12 413,5 | 318,2 | 12 731,7 |
| Endra verdi, fondskapital             | 58,3     | -14,7 | 43,6     |

difor gjord opp med eit overskot på 27,1 mrd. kroner, jf. òg tabell 1.4

Tabell 1.2 syner samla egedelar, gjeld og eigenkapital slik det går fram av kapitalrekneskapen. Eigenkapitalen auka i 2022 med 26,4 mrd. kroner. Utan finanspostar til fondet på 83,5 mrd. kroner minskar verdien på Statens pensjonsfond med 39,9 mrd. kroner. Overskotet før lånetransaksjonar aukar eigenkapitalen. Det same gjer minka avsetjing av overførte midlar. Anna endring i eigenkapitalen er nærare omtalt i kapittel 4, note 17.

Tabell 1.3 syner endring i kapitalen til Statens pensjonsfond i 2022 og samanhengen med overskot, valutakursregulering, realiserte og urealiserte vinstar og tap og inntekt frå nettofinanstransaksjonar, fordelt på høvesvis SPU og SPN (Statens pensjonsfond Noreg).

For 2022 syner Statens pensjonsfond eit overskot på 1 254,7 mrd. kroner. Til saman vert stats-

rekneskapen og Statens pensjonsfond gjorde opp med eit overskot på 1 281,8 mrd. kroner i 2022.

## 1.2 Budsjettpolitikken og det strukturelle, oljekorrigerede underskotet

Bruken av petroleumsinntekter vert målt ved det strukturelle, oljekorrigerede budsjettunderskotet. I utrekninga av dette underskotet tek ein mellom anna omsyn til at ein del av statens inntekter og utgifter varierer med konjunkturane og med endringar i rekneskapstilhøve.

Det strukturelle, oljekorrigerede budsjettunderskotet vart ved nysalderinga av budsjettet rekna til 337,2 mrd. kroner som svarte til 2,7 prosent av kapitalen i Statens pensjonsfond utland og 9,7 prosent av trend-BNP for Fastlands Noreg. I saldert

budsjett vart strukturelt, oljekorrigert underskot rekna til 322,4 mrd. kroner eller 2,6 prosent av fondskapitalen.

Av Prop. 33 S (2022–2023) *Ny saldering av statsbudsjettet 2022* går det fram at Finansdepartementet vil gje oppdaterte anslag for det strukturelle oljekorrigerte budsjettunderskotet i 2022 i revidert nasjonalbudsjett for 2023. Meir fullstendige vurderingar og utgreiing av det strukturelle, oljekorrigerte underskotet basert på ein gjennomgang av utviklinga i norsk økonomi, vert lagt fram to gonger i året, i nasjonalbudsjettet og i revidert nasjonalbudsjett. I dette ligg òg vurderingar knytte til den langsiktige berekrafta i statsfinansane og oppfølginga av retningslinene for den økonomiske politikken. Mellom anna desse vurderingane vil liggje til grunn for forslag til statsbudsjett og endring i dette gjennom året.

### 1.3 Utviklinga i det oljekorrigerte underskotet

Tabell 1.4 gjev eit samla oversyn over inntektene, utgiftene, oljekorrigert overskot og overskotet i statsbudsjettet, statsrekneskapen og Statens pensjonsfond i 2021 og 2022.

Utviklinga i 2021 og gjennom 2022 frå saldert til nysaldert budsjett og til rekneskapen er prega av dei økonomiske tiltaka knytte til pandemien. I tillegg kjem tiltaka knytte til ekstraordinære høge straumprisar og krigen i Ukraina. Auken i inntektsløyvingane frå saldert til nysaldert budsjett kjem i stor grad av anslaga på skatte- og avgiftsinntektene slik dei vart vurderte ved nysalderinga av budsjettet på slutten av året. Som rekneskapen syner, vart desse inntektene òg høgare enn venta ved nysalderinga. Utsette fristar for skattemelding og seint skatteoppgjer har gjort at skatte- og avgiftsanslaga til nysaldert budsjett har vore unormalt usikre dei siste åra. Auken i utgiftene gjennom 2022 kjem i all hovudsak av dei ulike økonomiske tiltaka knytte til pandemien, ekstraordinære straumprisar og krigen i Ukraina

#### 1.3.1 Utviklinga i rekneskapen frå 2021 til 2022

Samla overskot i statsbudsjettet og Statens pensjonsfond auka med 1 139,6 mrd. kroner, frå 142,2 mrd. kroner i 2021 til 1 281,8 mrd. kroner i 2022. Overskotet i statsbudsjettet før lånetransaksjonar auka med 6,0 mrd. kroner, medan overskotet i Statens pensjonsfond auka med 1 133,6 mrd. kroner. Auken i overskotet i Statens pensjonsfond

kjem av at netto kontantstraumen frå petroleumsverksemda auka med 997,7 mrd. kroner, overføringa til statsbudsjettet som vart 80,2 mrd. kroner mindre som følge av lågare oljekorrigert underskot og rente- og utbyteinntektene i Statens pensjonsfond som auka med 55,6 mrd. kroner frå 2021.

Det oljekorrigerte underskotet minka med 86,2 mrd. kroner frå 369,0 mrd. kroner i 2021 til 282,7 mrd. kroner i 2022. Tabell 1.4 nedanfor syner at utgiftene utanom petroleum og lånetransaksjonar auka med 78,1 mrd. kroner, eller 5,0 prosent, frå 1 559,4 mrd. kroner i 2021 til 1 637,6 mrd. kroner i 2022. Inntektene auka med 164,3 mrd. kroner eller 13,8 prosent, frå 1 190,5 mrd. kroner i 2021 til 1 354,8 mrd. kroner i 2022. Det auka utgiftsnivået i 2022 er ein følge av at økonomiske tiltak i møte med pandemien i nokon grad er førte vidare og av dei økonomiske tiltaka knytte til ekstraordinære straumutgifter og krigen i Ukraina.

Auken i inntektene følgjer særleg av skattar og avgifter frå Fastlands-Noreg som auka med 141,2 mrd. kroner, renteinntekter og utbyte utanom Equinor som auka med 15,1 mrd. kroner og vederlag frå oppdrettskonesjonar som auka med 4,2 mrd. kroner i 2022. Overføringa frå Noregs Bank minka med 4,1 mrd. kroner. Andre inntekter auka samla med 8,0 mrd. kroner.

#### 1.3.2 Utviklinga frå saldert til nysaldert budsjett<sup>2</sup>

Inntektsløyvingane utanom lånetransaksjonar for 2022 vart 1 116,3 mrd. kroner høgare i nysaldert budsjett enn i saldert budsjett, medan utgiftsløyvingane vart 88,0 mrd. kroner høgare. Utanom petroleumsverksemda vart inntektene 76,7 mrd. kroner høgare i nysaldert budsjett enn i saldert budsjett, medan utgiftene vart 86,5 mrd. kroner høgare. Samla gav dette eit oljekorrigert underskot på 309,9 mrd. kroner i nysaldert budsjett for 2022, som er 9,8 mrd. kroner høgare enn i saldert budsjett.

Av 76,7 mrd. kroner i høgare inntekter kjem 51,7 mrd. kroner av høgare anslag på skatte- og avgiftsinntekter og 11,1 mrd. kroner av høgare rente og utbyteinntekter. Vederlag frå oppdrettskonesjonar vart 4,2 mrd. kroner høgare og inntekter under Forsvarsbygg vart 1,4 mrd. kroner høgare enn i saldert budsjett. Overføringa frå Noregs Bank vart 1,0 mrd. kroner høgare og inntektene under statens forretningsverksemd vart 0,6 mrd. kroner høgare. Andre inntekter under departementa vart 6,7 mrd. kroner høgare enn i saldert budsjett.

<sup>2</sup> Nysaldert budsjett, vedteke av Stortinget desember 2022.

Tabell 1.4 Inntekter og utgifter utanom lånetransaksjonar i statsbudsjettet og Statens pensjonsfond 2022 (tal i mill. kroner)

|  | Rekneskap<br>2021 | Saldert<br>budsjett<br>2022 | Nysaldert<br>budsjett<br>2022 | Rekneskap<br>2022 |
|--|-------------------|-----------------------------|-------------------------------|-------------------|
| <b>1. Statsbudsjettet</b>  |                   |                             |                               |                   |
| A Inntekter i alt  | 1 502 720         | 1 558 997                   | 2 675 248                     | 2 668 416         |
| A.1 Inntekter frå petroleumsværksemda  | 312 245           | 304 011                     | 1 343 569                     | 1 313 601         |
| A.2 Inntekter utanom petroleumsværksemda   | 1 190 476         | 1 254 986                   | 1 331 680                     | 1 354 815         |
| B Utgifter i alt   | 1 584 176         | 1 581 563                   | 1 669 555                     | 1 665 936         |
| B.1 Utgifter til petroleumsværksemda   | 24 732            | 26 500                      | 28 000                        | 28 378            |
| B.2 Utgifter utanom petroleumsværksemda  | 1 559 444         | 1 555 063                   | 1 641 555                     | 1 637 557         |
| = Overskot i statsbudsjettet før overføring til Statens pensjonsfond (A-B)   | -81 456           | -22 565                     | 1 005 694                     | 1 002 480         |
| – Netto kontantstraum frå petroleumsværksemda i statsbudsjettet (A.1-B.1)  | 287 513           | 277 511                     | 1 315 569                     | 1 285 223         |
| = Oljekorrigert overskot i statsbudsjettet (A.2-B.2)   | -368 969          | -300 076                    | -309 875                      | -282 742          |
| + Overført frå Statens pensjonsfond utland   | 390 066           | 300 076                     | 309 875                       | 309 875           |
| = Overskot i statsbudsjettet før lånetransaksjonar <sup>1)</sup>   | 21 097            | 0                           | 0                             | 27 133            |
| <b>2. Statens pensjonsfond</b>   |                   |                             |                               |                   |
| Netto kontantstraum frå petroleumsværksemda i statsbudsjettet (A.1-B.1), vert overført til Statens pensjonsfond utland | 287 513           | 277 511                     | 1 315 569                     | 1 285 223         |
| – Overført frå Statens pensjonsfond utland til statsbudsjettet   | 390 066           | 300 076                     | 309 875                       | 309 875           |
| = Netto avsett i Statens pensjonsfond utland   | -102 553          | -22 565                     | 1 005 694                     | 975 348           |
| + Renteinntekter og utbyte i fondet <sup>2)</sup>  | 223 663           | 233 800                     | 252 800                       | 279 312           |
| = Overskot i Statens pensjonsfond <sup>1)</sup>  | 121 110           | 211 235                     | 1 258 494                     | 1 254 660         |
| <b>3. Statsbudsjettet og Statens pensjonsfond</b>  |                   |                             |                               |                   |
| Samla overskot <sup>1)</sup>   | 142 207           | 211 235                     | 1 258 494                     | 1 281 793         |

<sup>1)</sup> Overskotet i statsbudsjettet, Statens pensjonsfond og samla overskot er i samsvar med definisjonane av nettofinansinvesteringar i nasjonalrekneskapen og utanriksrekneskapen, som Statistisk sentralbyrå set opp. Etter definisjonane i nasjonalrekneskapen er realiserte og urealiserte vinstar og tap ikkje rekna som netto finansinvestering, og difor er dei ikkje med i dette oppsettet, som er nytta i statsbudsjettet og statsrekneskapen.

<sup>2)</sup> For 2022 utgjer renter og utbyte i Statens pensjonsfond utland (SPU) 267,442 mrd. kroner og i Statens pensjonsfond Noreg (SPN) 11,870 mrd. kroner. For 2021 var renter og utbyte i SPU 214,064 mrd. kroner og i SPN 9,599 mrd. kroner. I 2022 vart det eit overskot i Statens pensjonsfond på 1 254,7 mrd. kroner. Av dette var overskotet for SPU 1 242,8 mrd. kroner. I 2021 synte SPU eit overskot på 111,5 mrd. kroner. Kapittel 3 inneheld eit detaljert resultatoppsett for Statens pensjonsfond.

Kjelde: Finansdepartementet

Utgiftene vart 86,5 mrd. kroner høgare i nysaldert budsjett enn i saldert budsjett. Statens renteutgifter gjekk ned med 2,0 mrd. kroner. Løyving til stønader under folketrygda auka med 9,9 mrd. kroner. Tiltak knytte til ekstraordinære straumutgifter for hushaldningar og næringsliv vart løyvd med 34,8 mrd. kroner. Løyvingar til dei regionale helseføretaka og helseberedskap auka med 9,2 mrd. kro-

ner. Kjøp av materiell og drift av forsvaret auka med 6,0 mrd. kroner. I tillegg kjem løyving på 2,2 mrd. kroner til militær stønad til Ukraina. Utgifter til flyktningtiltak i Noreg og regionløyving til Ukraina og naboland vart løyvd med 8,1 mrd. kroner, medan løyvinga til busetting og opplæring av flyktingar i Noreg auka med 6,9 mrd. kroner. Annan netto auke i utgiftene var 11,2 mrd. kroner.

Budsjettutviklinga gjennom 2022 fram til nysalderinga er nærare omtalt i Prop. 33 S (2022–2023) *Ny saldering av statsbudsjettet 2022*.

### 1.3.3 Utviklinga etter nysalderinga

I statsrekneskapen for 2022 er det oljekorrigerte underskotet 282,7 mrd. kroner. Dette er 27,1 mrd. kroner mindre enn i nysalderinga og 17,3 mrd. kroner mindre enn i saldert budsjett, jf. tabell 1.4. Som del av BNP for Fastlands-Noreg er endringane i det oljekorrigerte underskotet små, høvesvis -0,8 prosent og -0,5 prosent. Det vil alltid vere uvisse knytt til framskrivingar av budsjettal og andre makroøkonomiske tal, og endringane frå år til år skil seg normalt ikkje frå det som har vore normale avvik dei siste 30 åra. Dei økonomiske tiltaka i møte med pandemien i 2020 gav større endringar enn normalt, medan endringane i 2021 og 2022 er små. Sjå boks 1.1 om uvisse i budsjettanslaga.

Tilbakeføringa frå Statens pensjonsfond utland til statsbudsjettet vart endeleg fastlagt i nysaldert budsjett for å dekkje det venta oljekorrigerte underskotet. Etter dette auka inntektene utanom petroleumsinntekter med 23,1 mrd. kroner, frå 1 331,7 mrd. kroner til 1 354,8 mrd. kroner. Utgiftene utanom petroleumsverksemda minka med 4,0 mrd. kroner, frå 1 641,6 mrd. kroner til 1 637,6 mrd. kroner. På denne bakgrunnen vert statsrekneskapen for 2022 gjord opp med eit overskot på 27,1 mrd. kroner. Sjå tabell 1.5 og 1.6 for detaljar. Auken i skatte- og avgiftsinntektene er nærare omtalt i kapittel 1.6.

Standardrefusjonar som er førte som utgiftsreduksjonar i rekneskapen utgjorde om lag 3,8 mrd. kroner<sup>3</sup>, og er medrekna i desse tala. Dette er refusjonar frå mellom anna arbeids- og velferds-etaten og folketrygda som dekkjer utgifter til arbeidsmarknadstiltak i statlege verksemder, løn under fødsels- og adopsjonspermisjon, løn til lærlingar og løn under sjukdom. Meirinntekter på løyvingar med meirinntektsfullmakter som heimlar meirutgifter i departementa og forvaltninga er òg medrekna.

Av auken i ymse inntekter frå nysalderinga kjem 1,1 mrd. kroner av Noregs del av bot som ESA ila Telenor for brot på konkurransereglane og som vart rettskraftig i 2022. Departementa har rapportert 1,3 mrd. kroner i meirinntekter på ymse budsjettpostar som det er knytte meirinntektsfullmakter til. Meirinntektene er tilbake på 2020-nivå etter at dei i 2021 vart halvert saman-

<sup>3</sup> 3,8 mrd. kroner er rapportert som utgiftsreduksjon etter standard kontoplan.

Tabell 1.5 Endringar i inntektene etter nysalderinga

|   |        |
|---|--------|
| Endringar i inntektene utanom lånetransaksjonar og petroleumsinntekter frå nysaldert budsjett til rekneskapen (tal i mill. kroner): |        |
| Skattar og avgifter frå Fastlands-Noreg   | 19 885 |
| + Renteinntekter og utbyte utan Equinor ASA   | -49    |
| + Inntekter frå statens forretningsverksemd utanom renteinntekter   | 81     |
| + Ymse inntekter  | 1 491  |
| + Andre inntekter   | 410    |
| = Auka inntekter utan meirinntekter   | 21 818 |
| + Meirinntekter frå meirinntektsfullmakter  | 1 317  |
| = Samla endring, inntekter  | 23 135 |

likna med rekneskapen 2020. Andre inntekter under departementa vart om lag som budsjettet.

Utgiftene vart 4,0 mrd. kroner mindre enn budsjettet. Ser ein bort frå straumstøtte til hushaldningar som vart 6,8 mrd. kroner lågare enn budsjettet, auka utgiftene med om lag 2,8 mrd. kroner.

Endringar i utgiftene må òg sjåast i samanheng med bruken av meirinntektsfullmakter i departementa og forvaltninga og nivået på overført, unytta løyving.

Frå 2021 til 2022 auka samla nivå på overført, unytta løyving med 845 mill. kroner til 26,8 mrd. kroner. Frå 2022 til 2023 minkar overført, unytta løyving med 5,1 mrd. kroner. Sjå vedlegg 2 for detaljert oversyn på dei einskilde budsjettkapitla.

Ein kunne vente at dei store overførte, unytta midlane frå 2021 ville medføre meirutgifter i 2022. Nedgangen kan tyde på at forvaltninga i større grad har klart å følgje opp aktivitet som vart utsett som følgje av pandemien. Høgare prisvekst enn venta i 2022 kan òg forklare auka utgifter.

#### Overført, unytta løyving til 2023

Frå 2021 til 2022 vart det for verksemdene og departementa overført unytta løyvingar, utanom lånetransaksjonar og statleg petroleumsverksemd, på til saman 26,8 mrd. kroner, medan overførte løyvingar frå 2022 til 2023 er på 21,6 mrd. kroner. Det er ein netto nedgang på 5 119 mill. kroner.

Det er Justis- og beredskapsdepartementet (-2,0 mrd. kroner), Helse- og omsorgsdeparte-

Tabell 1.6 Endringar i utgiftene etter nysalderinga

| Endringar i utgiftene utanom lånetransaksjonar og petroleumsutgifter frå nysaldert budsjett til rekneskapen (tal i mill. kroner): |        |
|---|--------|
| Momskompensasjon til kommunar, fylkeskommunar og frivillige, kap. 1632  | 636    |
| + Nettoordning statleg betalt MVA, kap. 1633  | -62    |
| + Renteutgifter, statsgjeld, kap. 1650, post 89   | -253   |
| + Stønader i folketrygda medrekna utgifter til dagpengar, kap. 2530-2790  | 428    |
| + Straumstøtte, hushaldningar   | -6 779 |
| + Busetting og norskopplæring av innvandrarak, kap. 0670-0672   | -1 429 |
| + Landbruksdirektoratet, kap. 1142  | -1 421 |
| + Politidirektoratet, kap. 0440   | 1 326  |
| + Beredskap, kap. 0702  | 1 234  |
| + Ålmenne kulturføremål, kap. 0325  | 987    |
| + Statens vegvesen, kap. 1320   | 881    |
| + Kjøp av materiell m.m. under forsvaret, kap. 1760   | -656   |
| + Innovasjon Noreg, kap. 2421   | 571    |
| + Jernbaneføremål, kap. 1352-1359   | 523    |
| + Forsvarsbygg, kap. 1710   | -512   |
| + Vaksinar, kap. 0710   | -501   |
| + Andre utgifter, netto   | 1 030  |
| = Samla endring, utgifter   | -3 997 |

mentet (-1,5 mrd. kroner), Samferdselsdepartementet (-1,7 mrd. kroner) og Arbeids- og inkluderingsdepartementet (-1,1 mrd. kroner) som har hatt størst nedgang i overført, unytta løyving. Fem departement har hatt ein auke i overført unytta løyving; Forsvarsdepartementet (1,7 mrd. kroner), Landbruks- og matdepartementet (1,2 mrd. kroner), Kommunal- og distriktsdepartementet (0,5 mrd. kroner), Finansdepartementet (0,2 mrd. kroner) og Utanriksdepartementet (0,1 mrd. kroner). Tabell 1.2 i vedlegg 1 gjev eit meir detaljert oversyn over endra overføring per departement.

Det vart overført 110 mill. kroner under kap. 0950, post 92 i unytta løyving på postar med lånetransaksjonar (90-postar) frå 2021 til 2022. Frå 2022 til 2023 er det ikkje overført midlar på lånepostar. Medrekna lånepostar var nedgangen i overført, unytta løyving 5 229 mill. kroner, jf. tabell 1.7.

Tabell 1.7 Overføring av unytta løyvingar utanom lånetransaksjonar dei siste fem åra (tal i mill. kroner)

| År        | Overført løyving | Auke/nedgang (-) frå året før |
|-----------|------------------|-------------------------------|
| 2018–2019 | 16 784           | 2 278                         |
| 2019–2020 | 16 262           | -522                          |
| 2020–2021 | 25 923           | 9 660                         |
| 2021–2022 | 26 768           | 845                           |
| 2022–2023 | 21 648           | -5 119                        |

#### 1.4 Veksten i utgiftene i statsbudsjettet

Utviklinga i utgiftene i statsbudsjettet frå år til år kjem til uttrykk ved den reelle, underliggjande veksten. I den reelle, underliggjande veksten i utgiftene vert det korrigert for utgifter til dagpengar, renter og petroleumsverksemda og for visse rekneskapstilhøve og ekstraordinære endringar. Ved utrekninga av den reelle, underliggjande veksten i utgiftene vert det òg korrigert for prisendringar, slik at talet er uttrykk for volumendringar knytte til driftsutgiftene, investeringane og overføringane i statsbudsjettet. Nærare omtale av korleis den reelle, underliggjande veksten i utgiftene vert utrekna, står i kapittel 3 i nasjonalbudsjettet.

For saldert budsjett 2022 vart den reelle, underliggjande veksten i utgiftene i statsbudsjettet rekna til -3,2 prosent. Etter vedtekne budsjettendringar 1. halvår 2022 vart han rekna til 0,8 prosent og i nysalderinga til 2,3 prosent. Med utgangspunkt i statsrekneskapen for 2022 er veksten rekna til 1,1 prosent. Tal for reell, underliggjande utgiftsvekst dei siste ti åra går fram av tabell 1.8.

Tabell 1.8 Reell, underliggjande utgiftsvekst

| År   | Årleg vekst i prosent |
|------|-----------------------|
| 2013 | 2,5                   |
| 2014 | 3,1                   |
| 2015 | 2,8                   |
| 2016 | 2,6                   |
| 2017 | 1,9                   |
| 2018 | 0,7                   |
| 2019 | 1,7                   |
| 2020 | 8,9                   |
| 2021 | -1,3                  |
| 2022 | 1,1                   |

### Boks 1.1 Om uvisse i budsjettanslaga

Statsbudsjettet har både ein konstitusjonell, ein politisk og ein administrativ funksjon. Eit viktig føremål med budsjettet er at ressursane til fellesskapet vert nytta i samsvar med politiske prioriteringar og slik at ein får mest mogleg att for pengane. Finanspolitikken må stø opp under sysselsetjing, verdiskaping og rettferdig fordeling. Kor godt ein lukkast med dette, kan ikkje målast i rekneskapen.

Rekneskapen fortel kor godt ein har treft med anslaga ein gjorde ved byrjinga av året og gjennom året. For ei rekkje budsjettpostar er utfallet eit resultat av summen av avgjerdene til einskildmenneske, verksemdar og andre aktørar innanlands og utanlands. Til dømes er skatteinntektene avhengige av utviklinga i sysselsetjing, privat forbruk og investeringar i bustader og verksemdar. Utbetalingane av mellom anna arbeidsløysetrygd svingar med utviklinga i arbeidsmarknaden.

Når budsjettet vert laga, er det mykje av den faktiske økonomiske utviklinga i budsjettåret ein ikkje enda har informasjon om. Det er såleis mykje uvisse knytt til framskrivingar av budsjettal og andre makroøkonomiske tal. Rekneskapen er påverka både av endringar i det økonomiske opplegget og av eventuelle endringar i føringsmåte og oppstilling på postar i statsbudsjettet.

Statsbudsjettet spelar òg ei viktig rolle i stabiliseringspolitikken. I Noreg har skiftande regjeringar lagt stor vekt på at dei såkalla automatiske stabilisatorane skal få verka. Stabilisatorane dempar verknaden som brå endringar i økonomien har på den samla etterspurnaden og dermed på aktivitetsnivået i økonomien, men gjev tilsvarande stort utslag i offentlege budsjett. I ein konjunkturoppgang vil til dømes skatte- og avgiftsinntektene til staten auka. Så lenge andre budsjettpostar ikkje vert endra, dreg dette inn kjøpekraft frå husstandar og verksemdar og dempar aktiviteten i økonomien. Samstundes aukar statens inntekter. I ein konjunkturedgang vert skatteinntektene mindre og utgiftene til trygd større. Dette kan endre

rekneskapsresultatet ved utgangen av året monaleg. Eit avvik vil då berre syne at stabilisatorane har verka slik dei skulle.

For å styre finanspolitikken må ein dessutan vite om endringane i økonomien er konjunkturrelle, og vert borte etter ei stund, eller om dei er strukturelle og vert verande att når konjunkturane snur. Det strukturelle underskotet er berekna tal. Fyrst etter fleire år er det mogleg å slå fast om utslaga i økonomien kom av konjunkturane eller var eit uttrykk for underliggjande strukturelle endringar. Difor vert anslaga for den strukturelle budsjettbalansen reviderte i ettertid.

Figur 1.1.A syner *totaltala* for anslag og rekneskap for budsjettbalansen utanom inntekter og utgifter knytte til petroleumsverksemda, det vil seie den oljekorrigerte budsjettbalansen. Tala er målte i høve til BNP for Fastlands-Noreg. Figuren syner at budsjett og rekneskap følgjer kvarandre godt. Revisjonane av budsjettet gjennom året kan utgjera store kronebeløp, men er gjennomgåande små rekna i prosent. Revisjonane kan ha si årsak i ynskte endringar i politikken eller i at utviklinga på ulike område har vore annleis enn venta.

Dei store svingingane i den oljekorrigerte budsjettbalansen må fyrst og fremst sjåast i samheng med konjunkturutviklinga i norsk økonomi. I dårlege år vert underskotet til staten større enn det elles ville ha vore. I gode år er det motsett. Dette kjem av dei automatiske stabilisatorane, men òg av korleis politikken vert innretta.


Figur 1.1.B syner *avvik* mellom budsjett og rekneskap for den oljekorrigerte budsjettbalansen. Der avviket er mindre enn null, har ein budsjettert med eit større oljekorrigert underskot enn det som vart resultatet i rekneskapen. Nokre år er avviket mindre enn null og andre år større enn null og i om lag 1/3 av åra var avviket frå saldert budsjett til rekneskap større enn null. Tala tyder på at det ikkje er systematiske over- eller undervurderingar.



## Boks 1.1 forts.

Figuren syner òg at det er lettare å budsjettere seinare på året når uvissa har minka. Avvika er mindre i november enn tidleg på året. Etter 1992 har likevel ikkje avvika i gjennomsnitt vore

større enn -0,3 prosentpoeng frå saldert budsjett til rekneskapen og -0,3 prosentpoeng frå nysaldert budsjett til rekneskapen.



Figur 1.1 Oljekorrigert<sup>1)</sup> underskot frå 1992 til 2022. Budsjett og rekneskap

<sup>1)</sup> For dei tidlegaste åra er det oljekorrigerte underskotet rekna ut frå dagens definisjon. Dei historiske BNP-tala er oppdatert etter SSB sin revisjon i 2019.

Kjelder: Finansdepartementet og Statistisk sentralbyrå.

## 1.5 Lånetransaksjonar og finansieringsbehov

Tabell 1.9 syner utviklinga i finansieringsbehovet i statsbudsjettet. Samanlikna med rekneskapen for 2021 har brutto finansieringsbehovet auka med 12,0 mrd. kroner, frå 62,3 mrd. kroner i 2021 til 74,3 mrd. kroner i 2022. Utlån og aksjeteikning m.m. auka med 75,2 mrd. kroner, medan tilbakebetalingane minka med 7,3 mrd. kroner. Overskotet før lånetransaksjonar auka med 6,0 mrd. kroner slik at netto finansieringsbehovet vart 64,7 mrd. kroner som er 76,5 mrd. kroner meir enn i 2021. Det var ein nedgang i betalt avdrag på statsgjelda på 64,5 mrd. kroner i 2022 samanlikna med 2021. Endringane i gjeldsavdrag er påverka av avdragsprofilen på statsgjelda, førtidige oppgjør og reduksjon i eigenbeholdninga.

Det vart overført 83,5 mrd. kroner til Statens pensjonsfond utland, jf. kap. 2800 Statens pen-

sjonsfond utland, post 96 Finanspostar overført til fondet. Av dette er 70 mrd. kroner tilbakeføring frå statskassa til Statens pensjonsfond utland og 13,5 mrd. kroner er inntekter knytte til Equinor sitt tilbakekjøp av aksjar, jf. kap. 3955 Equinor ASA, post 96 Sal av aksjar.

Utgiftene til utlån vart 5,1 mrd. kroner lågare enn venta ved nysalderinga. Endringar i utlån frå nysaldert budsjett går fram av tabell 1.10.

Samla mindreutgifter knytte til lånetransaksjonar svarer til 3,2 prosent av løyvinga. Størst endring utgjør mindreutgiftene under Innovasjon Noreg som svarer til 5,6 prosent av løyvinga og mindreutgifter knytte til Eksportfinansiering Noreg og utbetaling i følge trekkfullmakt som svarer til 27,3 prosent av løyvinga.

Tilbakebetalingane vart 1,4 mrd. kroner høgare enn venta i nysalderinga. Endringar i tilbakebetalingar frå nysaldert budsjett går fram av tabell 1.11.

Tabell 1.9 Lånetransaksjonar og finansieringsbehov 2022 (tal i mill. kroner)

|   | Rekneskap<br>2021 | Saldert<br>budsjett<br>2022 | Nysaldert<br>budsjett<br>2022 | Rekneskap<br>2022 |
|---|-------------------|-----------------------------|-------------------------------|-------------------|
| <i>Lånetransaksjonar utan petroleumsverksemda</i>   |                   |                             |                               |                   |
| Utlån, aksjeteikning m.m. <sup>1)</sup>   | 147 283           | 210 661                     | 227 555                       | 222 487           |
| - Tilbakebetalingar   | 137 931           | 115 065                     | 129 272                       | 130 631           |
| - Overskot i statsbudsjettet  | 21 097            | 0                           | 0                             | 27 133            |
| = Netto finansieringsbehov  | -11 744           | 95 596                      | 98 283                        | 64 724            |
| + Gjeldsavdrag  | 74 005            | 0                           | 5 543                         | 9 543             |
| = Brutto finansieringsbehov i statsbudsjettet   | 62 261            | 95 596                      | 103 826                       | 74 267            |
| <i>Netto finanstransaksjonar knytte til petroleumsverksemda</i>   |                   |                             |                               |                   |
| Sal av aksjar i Equinor ASA m.m.  | 0                 | 0                           | 13 496                        | 13 496            |
| - Utlån, aksjeteikning m.m.   | 0                 | 0                           | 0                             | 0                 |
| = Netto finanstransaksjonar knytte til petroleumsverksemda vert overførte til Statens pensjonsfond utland <sup>2)</sup> | 0                 | 0                           | 13 496                        | 13 496            |

<sup>1)</sup> Medrekna tilbakeføring av 70 mrd. kroner frå statens kontantbeholdning til Statens pensjonsfond utland i 2022.

<sup>2)</sup> Netto finanstransaksjonar knytte til petroleumsverksemda vert overført til Statens pensjonsfond, jf. kap. 2800, post 96.

Kjelde: Finansdepartementet.

Netto utlån vart dermed 6,4 mrd. kroner mindre enn i nysaldert budsjett. Sidan rekneskapen syner eit overskot før lånetransaksjonar på 27,1 mrd. kroner, vart netto finansieringsbehov 33,6 mrd. kroner mindre enn i nysaldert budsjett.

Avdrag på innanlandsk statsgjeld i 2022 vart 9,5 mrd. kroner som er 4,0 mrd. kroner meir enn i nysaldert budsjett, og brutto finansieringsbehov

er dermed 29,6 mrd. kroner mindre enn i nysaldert budsjett.

Statens lånebehov og behovet for lånefullmakter kan avvike frå finansieringsbehovet som går fram av tabell 1.9. Grunnen er at ein ved utforming av lånefullmakter tek omsyn til einskilde lånetransaksjonar som inngår i lånebehovet, men som ikkje har likviditetseffekt. Det gjeld til dømes

Tabell 1.10 Endringar i lånetransaksjonar, utgifter etter nysalderinga (tal i mill. kroner)

|  |        |
|--|--------|
| Innovasjon Noreg, kap. 2421  | -3 880 |
| Eksporthandlingsordninga, kap. 2429  | -1 363 |
| Husbanken, kap. 2412   | -775   |
| Forskot på rammetilskot til kommunar, kap. 571                             | 597    |
| Statens pensjonskasse, bustadlansordninga, kap. 0614/0505                  | 550    |
| Eksporthandlingsordning Noreg, Utbetaling ifølgje trekkfullmakt, kap. 2460 | -440   |
| Statens lånekassee for utdanning, kap. 2410                                | 133    |
| Eigenkapitalinnskott, kap. 0950  | 110    |
| Samla endring utlån  | -5 068 |

Tabell 1.11 Endringar i lånetransaksjonar, inntekter etter nysalderinga (tal i mill. kroner)

|  |       |
|--|-------|
| Eksporthandlingsordning Noreg, Avdrag på utestående ifølgje trekkfullmakt, kap. 5460 | 1 925 |
| Eksporthandlingsordninga, kap. 5329  | -622  |
| Statens pensjonskasse, bustadlansordninga, kap. 3614/3505                            | 585   |
| Statens lånekassee for utdanning, kap. 5310  | -414  |
| Innovasjon Noreg, kap. 5325  | -272  |
| Husbanken, kap. 5312   | 140   |
| Forskot på rammetilskot til kommunar, kap. 3571                                      | 16    |
| Andre tilbakebetalingar, netto   | 1     |
| Samla endring i tilbakebetalingane   | 1 360 |

Tabell 1.12 Skattar og avgifter frå Fastlands-Noreg (tal i mrd. kroner)

|                                     | Rekneskap<br>2021 | Saldert<br>budsjett<br>2022 | Nysaldert<br>budsjett<br>2022 | Rekneskap<br>2022 |
|-------------------------------------|-------------------|-----------------------------|-------------------------------|-------------------|
| Skattar på formue og inntekt        | 286,4             | 322,1                       | 355,1                         | 373,7             |
| Arbeidsgjevaravgift og trygdeavgift | 370,2             | 378,0                       | 392,3                         | 395,9             |
| Tollinntekter                       | 4,3               | 3,7                         | 4,2                           | 4,1               |
| Meirverdiavgift                     | 333,2             | 360,5                       | 368,5                         | 365,7             |
| Avgifter på alkohol                 | 18,0              | 15,5                        | 16,4                          | 16,4              |
| Avgifter på tobakk                  | 9,0               | 7,3                         | 7,2                           | 7,4               |
| Avgifter på motorvogner             | 19,4              | 21,0                        | 18,1                          | 18,4              |
| Andre avgifter                      | 58,9              | 61,0                        | 59,1                          | 59,1              |
| Sum skattar og avgifter             | 1 099,5           | 1 169,0                     | 1 220,8                       | 1 240,7           |

ved overføring av kapital til og frå tilskotsfond. Dette er nærare omtalt i framlegg for Stortinget om fullmakt til å ta opp statslån. Det var i 2022 inga store overføringar av kapital til eller frå tilskotsfond. Fullmakt til å ta opp statslån i 2022 og endring i statsgjelda går fram av vedlegg 3, tabell 3.1.

## 1.6 Skattar og avgifter frå Fastlands-Noreg

Statsrekneskapen for 2022 syner at dei samla inntektene frå skattar og avgifter frå Fastlands-Noreg utgjorde 1 240,7 mrd. kroner i 2022, ein auke på 141,2 mrd. kroner eller 12,8 prosent frå året før, jf. tabell 1.12.

I statsrekneskapen for 2022 vart dei samla skatte- og avgiftsinntektene frå Fastlands-Noreg 71,6 mrd. kroner meir enn i saldert budsjett. Anslaget for faktisk betalte skatte- og avgiftsinntekter er auka gjennom 2022. Ved nysalderinga av 2022-budsjettet er berekna skatte- og avgiftsinntekter frå Fastlands-Noreg 1 220,8 mrd. kroner, som er 51,7 mrd. kroner meir enn i saldert budsjett. Samla inntekter frå skattar og avgifter frå Fastlands-Noreg vart i statsrekneskapen 19,9 mrd. kroner høgare enn i nysaldert budsjett. Av dette gjeld 18,7 mrd. kroner skatt på formue og inntekt, 3,6 mrd. kroner arbeidsgjevaravgift. Innbetalt meirverdiavgifta vart 2,8 mrd. kroner lågare enn budsjettet. Andre skattar og avgifter vart om lag som budsjettet.

Mykje av auken i skatteinngongen i 2022 kan knytast til skatteoppgjering for 2021. Utlikna skatt vart mykje høgare enn venta for både upersonlege og personlege skattyttarar. For personlege skatt-

ytarar var det særleg kapitalinntekter utan eigarinntekter som vart mykje høgare enn venta. Normalt vil informasjon om skatteoppgjering verte fanga opp i samband med nysaldert budsjett. Som følgje av utsette fristar for levering av skattemeldingar dei siste tre åra, har òg skatteoppgjering kome seint på året. Det har gjort at skatte- og avgiftsanslaga til nysaldert budsjett har vore unormalt usikre de siste åra, også i 2022.

Av dei samla skatte- og avgiftsinntektene frå Fastlands-Noreg på 1 240,7 mrd. kroner i statsrekneskapen for 2022 utgjorde skatt på inntekt og formue medrekna finansskatten 373,7 mrd. kroner. Dette var 30,5 prosent høgare enn i 2021. Trygdeavgift og arbeidsgjevaravgift utgjorde 395,9 mrd. kroner i 2022, ein auke på 6,9 prosent frå året før. Inntektene frå meirverdiavgifta auka med 9,7 prosent, til 365,7 mrd. kroner i 2022. Frå 2021 til 2022 minka andre særavgifter og tollinntekter med 3,9 prosent, frå 109,6 mrd. kroner til 105,3 mrd. kroner. Sjå detaljar i vedlegg 1, tabell 1.1 og løyvingerekneskapen i vedlegg 2, tabell 2.2.

## 1.7 Utgifter og inntekter frå petroleumsverksemda – Statens pensjonsfond utland

Utgiftene til petroleumsverksemda skriv seg frå investeringar i statens direkte deltaking i petroleumsverksemda (SDØE). Inntektene frå petroleumsverksemda omfattar skattar og avgifter på utvinning, aksjeutbyte frå Equinor ASA og inntekter frå SDØE. Inntektene frå SDØE er for det meste driftsresultat og kalkulatoriske avskrivningar og renter. Netto kontantstraum frå petroleumsverksemda vart 1 285,2 mrd. kroner, som er

Tabell 1.13 Endring i netto kontantstraum frå statleg petroleumsverksemd etter nysalderinga (tal i mill. kroner)

|   | Nysaldert<br>budsjett<br>2022 | Rekneskap<br>2022 | Endring |
|---|-------------------------------|-------------------|---------|
| Petroleumsskattar og CO <sub>2</sub> /NO <sub>x</sub> -avgift | 721 102                       | 720 931           | -171    |
| Inntekter frå statleg petroleumsverksemd (SDØE)               | 587 800                       | 557 412           | -30 388 |
| Utbyte frå Equinor ASA  | 34 667                        | 35 258            | 592     |
| – Utgifter, statleg petroleumsverksemd                        | 28 000                        | 28 378            | 378     |
| = Netto endring i petroleumsinntekter                         | 1 315 569                     | 1 285 223         | -30 346 |

30,3 mrd. kroner mindre enn i nysaldert budsjett, jf. tabell 1.13.

Det er 1 038,1 mrd. kroner meir enn i saldert budsjett og må sjåast i samanheng med historisk høgt prisnivå på gass i 2022.

Overføringa frå Statens pensjonsfond utland til statsbudsjettet over kap. 5800 vert rekneskapsført i samsvar med stortingsvedtaket i nysaldert budsjett, medan overføringa til fondet over kap. 2800

er tilpassa netto kontantstraum frå petroleumsverksemda. Netto avsetjing til fondet i 2022 vart 975,3 mrd. kroner, som er overført frå statskassa til fondet. I 2022 var det òg netto finanstransaksjonar førte på kap. 2800, post 96 på i alt 83,5 mrd. kroner. Medrekna finanstransaksjonar vart det avsett 1 058,8 mrd. kroner i fondet. I kapittel 3 er det gjort nærare greie for resultat og verdiutvikling i Statens pensjonsfond utland.

## 2 Utgifter under departementa

Tabell 2.1 Utgifter 2022 etter programområde (tal i mrd. kroner)

| Programområde /<br>departement inkludert lånetransaksjonar | Referanse<br>til omtale | Budsjett<br>2022 | Rekneskap<br>2022 | Avvik budsjett<br>og rekneskap |
|--|-------------------------|------------------|-------------------|--------------------------------|
| Kongehuset   |                         | 0,5              | 0,5               | 0,0                            |
| Regjeringa   |                         | 0,4              | 0,4               | 0,0                            |
| Stortinget og eksterne organ                               |                         | 2,5              | 2,5               | 0,0                            |
| <i>Sum 00 Konstitusjonelle institusjonar</i>               | 2.1                     | 3,4              | 3,4               | 0,0                            |
| 02 Utanriksforvaltning                                     |                         | 9,4              | 9,5               | -0,1                           |
| 03 Internasjonal bistand                                   |                         | 46,8             | 46,7              | 0,1                            |
| <i>Sum Utanriksdepartementet, UD</i>                       | 2.2                     | 56,2             | 56,2              | 0,1                            |
| <i>Sum 07 Kunnskapsfremål, KD</i>                          | 2.3                     | 123,5            | 124,3             | -0,8                           |
| <i>Sum 08 Kulturfremål, KUD</i>                            | 2.4                     | 23,1             | 23,6              | -0,4                           |
| <i>Sum 06 Justissektoren, JD</i>                           | 2.5                     | 49,3             | 50,6              | -1,3                           |
| <i>Sum 13 Statsforvaltning og kommunesektoren m.m.</i>     | 2.6                     | 259,1            | 258,7             | 0,4                            |
| 09 Arbeid og sosiale fremål                                |                         | 54,5             | 54,0              | 0,5                            |
| 29 Sosiale fremål, folketrygda                             |                         | 486,7            | 488,1             | -1,3                           |
| 33 Arbeidsliv, folketrygda                                 |                         | 13,7             | 13,9              | -0,2                           |
| <i>Sum Arbeids- og inkluderingsdepartementet, AID</i>      | 2.7                     | 554,9            | 556,0             | -1,1                           |
| 10 Helse og omsorg   |                         | 214,3            | 216,0             | -1,7                           |
| 30 Helsetenester, folketrygda                              |                         | 38,6             | 38,1              | 0,5                            |
| <i>Sum Helse- og omsorgsdepartementet, HOD</i>             | 2.8                     | 252,9            | 254,1             | -1,2                           |
| 11 Barn og familie   |                         | 33,8             | 34,0              | -0,2                           |
| 28 Foreldrepengar, folketrygda                             |                         | 24,7             | 24,1              | 0,6                            |
| <i>Sum Barne- og familiedepartementet, BFD</i>             | 2.9                     | 58,5             | 58,0              | 0,4                            |
| 17 Nærings- og fiskerifremål                               |                         | 133,4            | 128,5             | 4,8                            |
| 33 Arbeidsliv, folketrygda                                 |                         | 0,1              | 0,1               | 0,0                            |
| <i>Sum Nærings- og fiskeridepartementet, NFD</i>           | 2.10                    | 133,4            | 128,6             | 4,9                            |
| <i>Sum 15 Landbruk og mat, LMD</i>                         | 2.11                    | 29,5             | 28,1              | 1,4                            |
| 21 Innanlands transport                                    |                         | 79,9             | 81,3              | -1,4                           |
| 22 Posttenester  |                         | 0,9              | 0,9               | 0,0                            |
| <i>Sum Samferdselsdepartementet, SD</i>                    | 2.12                    | 80,9             | 82,3              | -1,4                           |
| <i>Sum 12 Klima og miljø, KLD</i>                          | 2.13                    | 19,9             | 19,8              | 0,1                            |
| 23 Finansadministrasjon                                    | 2.14                    | 54,7             | 55,1              | -0,4                           |
| 24 Statleg gjeld og fordringar, renter og avdrag           | 4.2                     | 13,8             | 17,5              | -3,7                           |
| <i>Sum Finansdepartementet, FIN</i>                        |                         | 68,5             | 72,6              | -4,1                           |
| <i>Sum 04 Militært forsvar, FD</i>                         | 2.15                    | 79,6             | 78,5              | 1,1                            |
| <i>Sum 18 Olje- og energifremål, OED</i>                   | 2.16                    | 39,9             | 33,2              | 6,7                            |
| <i>Sum 26 Ymse utgifter</i>                                |                         | 0,1              | 0,0               | 0,0                            |
| <i>Sum 34 Statens pensjonsfond utland</i>                  | 1.7/3.1                 | 1 399,1          | 1 368,7           | 30,3                           |
| <b>Sum<sup>1)</sup></b>                                    |                         | <b>3 231,7</b>   | <b>3 196,7</b>    | <b>35,0</b>                    |

<sup>1)</sup> Tabell 1.6 i kapittel 1 syner mindreutgifter på 3 997 mill. kroner utan lånetransaksjonar, statleg petroleumsvirksomd og overføring til Statens pensjonsfond utland. Netto mindreutgifter for desse postane utgjer høvesvis 5 068 mill. kroner, -378 mill. kroner og 30 346 mill. kroner. I tillegg kjem meirutgifter på statsgjelda på 4 000 mill. kroner. Dette gjev 35 033 mill. kroner i brutto mindreutgifter med lånetransaksjonar.

Dette kapittelet inneheld ei kort omtale av rekneskapen til kvart einskilt departement og av statlege utlån. Kapittelet syner utviklinga på programområde og programkategoriar dei seinare åra. Under kvart programområde vert rekneskapen for 2020, 2021 og 2022 synt i ein tabell saman med nysaldert budsjett for 2022. Samla lånetransaksjonar kjem fram på ei særskild rad.

Tabell 2.1 syner utgifter etter programområde per departement, og med referanse til avsnitt i meldinga med nærare omtale.

Tabellane i avsnitt 2.1 til 2.16 nedanfor er ordna i ei rekkjefølgje som er avleidd av departementa sine kapittelnummer i statsbudsjettet. Avsnitt 2.17 inneheld ei kort omtale av statlege utlån.

Rekneskapen vert i utgangspunktet gjord opp på kapittel- og postnivå. For detaljar knytte til kapittel og postar, sjå vedlegg 2, *Løyvingsrekneskap for staten*. Overføringer av unytta løyvingar frå eit år til det neste vert vedtekne på postnivå. Unytta beløp kan overførast på postar merkte «kan overførast», medan vanlege driftspostar berre kan overførast med opp til fem prosent av løyvinga. Eit programområde inneheld mange postar, og summen av overførte beløp er difor ikkje den same som summen av unytta løyvingar på programområdet sett under eitt. Tabell 1.10 i vedlegg 1 syner utgiftsløyvingar, rekneskap og

overførte løyvingar utanom lånetransaksjonar per programområde og gjev eit oversyn over samla meirinntekter knytte til områda.

Løyvingsrekneskapen er stilt opp etter departementsstrukturen som var gjeldande per 31. desember 2022.

Ved samanlikning av rekneskapstal over perioden 2020 til 2022 vil utgifter knytte til koronapandemien i større eller mindre grad påverke fleire programområde og -kategoriar.

Dersom ein ynskjer å sjå nærare på rekneskapen i den einskilde statlege verksemd finns denne i årsrapporten til verksemda. Årsrapportane vert publiserte både på departementas og verksemdene sine nettsider innan 1. mai. Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) publiserer gjennom året og ved årsslutt òg statsrekneskapen på eit meir detaljert nivå enn sjølve løyvingsrekneskapen. Ein kan mellom anna, ut over kapittel- og postnivå, få fram informasjon om utgifter og inntekter i statsrekneskapen for den einskilde verksemd etter *art* som i standard kontoplan for staten. På nettportalen *Statsregnskapet.no* presenterer DFØ til dømes òg nøkkeltal som kan vere eit utgangspunkt for samanlikning av verksemdar.

Det kan vere avvik mellom sumtala i tabellane og dei avrunda tala som står ovanfor summene. Sumtala skal vere i samsvar med rekneskapen.

## 2.1 Konstitusjonelle institusjonar

| Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar |                              | (i mill. kroner) |                |               |                |
|---|------------------------------|------------------|----------------|---------------|----------------|
| Programkategori                                 |                              | Rekneskap 2020   | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Rekneskap 2022 |
| 00.10   | Kongehuset                   | 291,1            | 335,7          | 455,3         | 455,0          |
| 00.30   | Regjeringa                   | 442,3            | 397,3          | 410,4         | 422,2          |
| 00.40   | Stortinget og eksterne organ | 1 966,9          | 2 008,8        | 2 493,9       | 2 517,5        |
| Sum før lånetransaksjonar                       |                              | 2 700,3          | 2 741,8        | 3 359,5       | 3 394,7        |
| Lånetransaksjonar                               |                              | 0,0              | 0,0            | 0,0           | 0,0            |
| Sum Konstitusjonelle institusjonar              |                              | 2 700,3          | 2 741,8        | 3 359,5       | 3 394,7        |

### *Samla avvik mellom budsjett og rekneskap*

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 35,2 mill. kroner. Overført løyving frå 2021 aukar disponibel løyving med 213,6 mill. kroner, frå 3 359,5 mill. kroner til 3 573,1 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei mindreutgift på 178,4 mill. kroner samanlikna med disponibel løyving.

På programområdet er det netto meirinntekter på i alt 1,3 mill. kroner. Det er overført til saman 178,2 mill. kroner til 2023 på postar merkte «kan overførast» og vanlege driftspostar.

Sjå òg tabell 1.10 i vedlegg 1, der fleire detaljar om overføringer og meirinntekter på programområdet er spesifiserte.

*Trenden i rekneskapen i perioden 2020–2022*

På programområde 00 *Konstitusjonelle institusjonar* har utgiftene før lånetransaksjonar auka nominelt med 0,7 mrd. kroner, frå 2,7 mrd. kroner til 3,4 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 1,5 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 23,8 prosent.

Under programkategori 00.10 *Kongehuset* har utgiftene auka med 164 mill. kroner, frå 291 mill. kroner til 455 mill. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 15,3 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 35,6 prosent. Auken frå 2020 til 2021 og frå 2021 til 2022 er i hovudsak knytt til prosjektet for sikringstiltak for kongefamilien.

Under programkategori 00.30 *Regjeringa* har utgiftene minka med 20 mill. kroner, frå 442 mill. kroner til 422 mill. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 10,2 prosent, og frå 2021 til 2022

auka dei med 6,3 prosent. Hovudårsaka til reduksjonen frå 2020 til 2021 var overføringa av Regjeringas bilteneste til Politiets sikkerheitsteneste. Som følge av regjeringsskiftet hausten 2021 var det òg i 2022 store utgifter til ytingar ved fråtreding og karantene. Utgiftene til reiser auka i 2022 opp til eit meir normalt nivå enn under pandemien.

Under programkategori 00.40 *Stortinget og eksterne organ* har utgiftene auka med 551 mill. kroner, frå 1 967 mill. kroner til 2 517 mill. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 2,1 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 25,3 prosent. Hovudårsaka til den store auken i 2022 var eit tilskot på 300 mill. kroner til Alfred Nobels minnestiftelse. I 2022 auka òg godtgjeringa til stortingsrepresentantane og tilskotet til partigruppene meir enn vanleg.

## 2.2 Utanriksdepartementet

Utanriksdepartementet har ansvaret for to budsjettområde: programområde 02 *Utanriksforvaltning*

og programområde 03 *Internasjonal bistand* (ODA).

| Programområde 02 Utanriksforvaltning   |                                      | (i mill. kroner) |                |               |                |
|--|--------------------------------------|------------------|----------------|---------------|----------------|
| Programkategori                        |                                      | Rekneskap 2020   | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Rekneskap 2022 |
| 02.00                                  | Administrasjon av utanrikspolitikken | 2 402,6          | 2 433,5        | 2 532,8       | 2 601,1        |
| 02.10                                  | Utanriksføremål                      | 5 081,6          | 5 356,7        | 6 898,8       | 6 893,3        |
| Sum før lånetransaksjonar              |                                      | 7 484,2          | 7 790,2        | 9 431,6       | 9 494,5        |
| Lånetransaksjonar                      |                                      | 195,4            | 1,5            | 0,4           | 0,4            |
| Sum 02 Utanriksforvaltning             |                                      | 7 679,6          | 7 791,8        | 9 432,0       | 9 494,8        |
| Programområde 03 Internasjonal bistand |                                      |                  |                |               |                |
| 03.00                                  | Forvaltning av utviklingssamarbeidet | 2 160,6          | 2 144,2        | 2 323,5       | 2 329,7        |
| 03.10                                  | Utviklingssamarbeidet                | 32 898,8         | 33 469,2       | 42 491,5      | 42 358,4       |
| Sum før lånetransaksjonar              |                                      | 35 059,5         | 35 613,4       | 44 815,1      | 44 688,0       |
| Lånetransaksjonar                      |                                      | 1 365,0          | 1 239,9        | 1 989,9       | 1 989,9        |
| Sum 03 Internasjonal bistand           |                                      | 36 424,5         | 36 853,3       | 46 804,9      | 46 677,9       |
| Sum Utanriksdepartementet              |                                      | 44 104,1         | 44 645,0       | 56 236,9      | 56 172,7       |

### Programområde 02 Utanriksforvaltning

#### *Samla avvik mellom budsjett og rekneskap*

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 62,8 mill. kroner. Overført løyving frå 2021 aukar disponibel løyving med 382,9 mill. kroner, frå 9 431,6 mill.

kroner til 9 814,5 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei mindreutgift på 320,0 mill. kroner samanlikna med disponibel løyving.

På programområdet er det netto meirinntekter på i alt 31,7 mill. kroner. Det er overført til saman 344,4 mill. kroner til 2023 på postar merkte «kan overførast» og vanlege driftspostar.

Sjå òg tabell 1.10 i vedlegg 1, der fleire detaljar om overføringar og meirinntekter på programområdet er spesifiserte.

#### *Trenden i rekneskapen i perioden 2020–2022*

På programområde 02 *Utanriksforvaltning* har utgiftene før lånetransaksjonar auka nominelt med 2,0 mrd. kroner, frå 7,5 mrd. kroner til 9,5 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 4,1 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 21,9 prosent.

Under programkategori 02.00 *Administrasjon av utanrikspolitikken* har utgiftene auka med 0,2 mrd. kroner, frå 2,4 mrd. kroner til 2,6 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 1,3 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 6,9 prosent. Endringane har i hovudsak samanheng med pris- og lønskompensasjon og med valutakursutvikling.

Under programkategori 02.10 *Utanriksføremål* har utgiftene auka med 1,8 mrd. kroner, frå 5,1 mrd. kroner til 6,9 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 5,4 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 28,7 prosent. Endringane har i hovudsak samanheng med auka utbetalingar under EØS-finansieringsordningane.

### **Programområde 03 Internasjonal bistand**

#### *Samla avvik mellom budsjett og rekneskap*

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei mindreutgift på 127,0 mill. kroner. Overført løyving frå 2021 aukar disponibel løyving med 556,3 mill. kroner, frå 44 815,1 mill. kroner til 45 371,3 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei mindreutgift på 683,3 mill. kroner samanlikna med disponibel løyving.

På programområdet er det ikkje netto meirinntekter. Det er overført til saman 686,0 mill. kroner til 2023 på postar merkte «kan overførast» og vanlege driftspostar.

Sjå òg tabell 1.10 i vedlegg 1, der fleire detaljar om overføringar og meirinntekter på programområdet er spesifiserte.

#### *Trenden i rekneskapen i perioden 2020–2022*

På programområde 03 *Internasjonal bistand* har utgiftene før lånetransaksjonar auka nominelt

med 9,6 mrd. kroner, frå 35,1 mrd. kroner til 44,7 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 1,6 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 25,5 prosent.

Under programkategori 03.00 *Forvaltning av utviklingssamarbeidet* har utgiftene auka med knapt 0,2 mrd. kroner, frå knapt 2,2 mrd. kroner til drygt 2,3 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 0,8 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 8,7 prosent. Endringane har i hovudsak samanheng med pris- og lønskompensasjon og med valutakursutvikling.

Under programkategori 03.10 *Utviklingssamarbeidet* har utgiftene auka med 9,5 mrd. kroner, frå 32,9 mrd. kroner til 42,4 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 1,7 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 26,6 prosent. Den store auken kjem i hovudsak av ekstraordinær bistand til Ukraina og naboland og auka flyktningutgifter i Noreg grunna ukrainske flyktningar, etter at Russland gjekk til krig mot Ukraina.

#### *Utbetalingar til utviklingshjelp i perioden 2018–2022*

I statsrekneskapen for 2022 er det samla utgiftsført 49 692,5 mill. kroner i offisiell utviklingshjelp (ODA), fordelt som følgjer:

- 46 677,9 mill. kroner under Utanriksdepartementet
- 2 893,3 mill. kroner under Klima- og miljødepartementet (klimatiltak på kap. 1482)
- 63,2 mill. kroner under Finansdepartementet (nettoført mva. på kap. 1633, fordelt med 58,6 mill. kroner på Utanriksdepartementet og underliggjande etatar og 4,6 mill. kroner på Klima- og miljødepartementet)
- 39,0 mill. kroner til utviklingsprosjekt under Riksrevisjonen (utviklingsprosjekt på kap. 51)
- 15,6 mill. kroner under Kunnskapsdepartementet (forskning på kap. 285)
- 3,5 mill. kroner under Kommunal- og distriktsdepartementet og Finansdepartementet for ulike fellestenester

Samla utbetalingar i 2022, i alt 49 692,5 mill. kroner, utgjer 0,86 prosent av BNI for 2022, slik BNI for 2022 no er venta.

Tabellen nedanfor syner tal for samla norsk offisiell utviklingshjelp (nominelle tal) i perioden 2018–2022:



| År   | Utbetalt<br>i mill. kroner | Utbetalt<br>i prosent av BNI <sup>1)</sup> | Unyttå løyving<br>overført til neste termin<br>(i mill. kroner) | Unyttå løyving<br>overført neste budsjettermin,<br>i prosent av budsjett |
|------|----------------------------|--|---|--|
| 2018 | 34 768                     | 0,94                                       | 852   | 2,5  |
| 2019 | 37 984                     | 1,03                                       | 744   | 1,9  |
| 2020 | 39 844                     | 1,12                                       | 658   | 1,7  |
| 2021 | 39 972                     | 0,92                                       | 679   | 1,7  |
| 2022 | 49 693                     | 0,86                                       | 710   | 1,4  |

<sup>1)</sup> Rekna ut på bakgrunn av faktisk BNI det aktuelle året. I budsjettssamanheng vert utviklingshjelpa målt i prosent av forventa BNI komande budsjettår.

## 2.3 Kunnskapsdepartementet

| Programområde 07 Kunnskapsføremål <sup>1)</sup> |                                       | (i mill. kroner)  |                   |                  |                   |
|---|---------------------------------------|-------------------|-------------------|------------------|-------------------|
| Program-<br>kategori                            |                                       | Rekneskap<br>2020 | Rekneskap<br>2021 | Budsjett<br>2022 | Rekneskap<br>2022 |
| 07.10   | Administrasjon                        | 643,7             | 656,9             | 652,3            | 649,5             |
| 07.20   | Grunnopplæringa                       | 12 540,6          | 13 837,6          | 13 397,2         | 13 447,0          |
| 07.30   | Barnehagar                            | 765,9             | 694,2             | 780,3            | 791,8             |
| 07.40   | Høgare yrkesfagleg utdanning          | 951,2             | 1 112,5           | 1 243,9          | 1 256,8           |
| 07.50   | Kompetansepolitikk og livslang læring | 2 038,9           | 1 802,1           | 1 823,6          | 2 003,8           |
| 07.60   | Høgare utdanning og forskning         | 50 227,4          | 51 259,3          | 54 929,8         | 55 474,4          |
| 07.80   | Utdanningsstøtte                      | 15 190,6          | 15 179,2          | 15 766,4         | 15 680,3          |
| Sum før lånetransaksjonar                       |                                       | 82 358,4          | 84 541,8          | 88 593,6         | 89 303,5          |
| Lånetransaksjonar                               |                                       | 32 656,5          | 34 885,7          | 34 859,8         | 34 992,9          |
| Sum Kunnskapsdepartementet                      |                                       | 115 014,9         | 119 427,5         | 123 453,3        | 124 296,4         |

<sup>1)</sup> Tidlegare programkategori 07.90 *Integrering og mangfald* er frå 2022 flytta frå Kunnskapsdepartementet til programkategori 09.70 under Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Samanlikningstal for 2020 og 2021 er tilsvarende omklassifiserte.

### Samla avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap for lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 710,0 mill. kroner. Overført løyving frå 2021 aukar disponibel løyving med 1 804,7 mill. kroner, frå 88 593,6 mill. kroner til 90 398,2 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei mindreutgift på 1 094,7 mill. kroner samanlikna med disponibel løyving.

På programområdet er det netto meirinntekter på i alt 17,0 mill. kroner. Det er overført til saman 928,2 mill. kroner til 2023 på postar merkte «kan overførast» og vanlege driftspostar.

Lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 133,1 mill. kroner. Sjå òg tabell 1.10 i vedlegg 1, der fleire detaljar om overføringar og meirinntekter på programområdet er spesifiserte.

### Trenden i rekneskapen i perioden 2020–2022

På programområde 07 *Kunnskapsføremål* har utgiftene før lånetransaksjonar auka nominelt med 6,9 mrd. kroner, frå 82,4 mrd. kroner til 89,3 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 2,7 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 5,6 prosent.

Under programkategori 07.10 *Administrasjon* har utgiftene auka med 6 mill. kroner, frå 644 mill. kroner til 649 mill. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 2,1 prosent, og frå 2021 til 2022 minka dei med 1,1 prosent. Utgiftsauken frå 2020 til 2021 var om lag i takt med løns- og prisutviklinga. I 2022 vart nokre utgifter til utdanningsforskning flytta til denne programkategorien. Samstundes vart administrative utgifter flytta frå programkategori 07.10 til programkategori 09.00 som følgje av at tidlegare programkategori 07.90 *Integrering og mangfald* vart flytta til programkategori

09.70 under Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Disse endringane gjorde at det netto vart ein nedgang i utgiftene frå 2021 til 2022.

Under programkategori 07.20 *Grunnopplæringa* har utgiftene auka med 0,9 mrd. kroner, frå 12,5 mrd. kroner til 13,4 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 10,3 prosent, og frå 2021 til 2022 minka dei med 2,8 prosent. Auken frå 2020 til 2021 kjem mellom anna av mellombelse tiltak på grunn av pandemien. Reduksjonen frå 2021 til 2022 skriv seg mellom anna frå at fleire av desse tiltaka gradvis er fasa ut.

Under programkategori 07.30 *Barnehagar* har utgiftene auka med 26 mill. kroner, frå 766 mill. kroner til 792 mill. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 9,4 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 14,1 prosent. Barnehagane vert i hovudsak finansierte gjennom dei frie inntektene til kommunane. Eit treårig tilskot til bemanningstettleik for å støtte små barnehagar som hadde problem med å oppfylle bemanningsnorma som tok til å gjelde i 2018, tok slutt i 2020, og dette er hovudårsaka til at utgiftene på denne programkategorien minka frå 2020 til 2021. Auken frå 2021 til 2022 heng i hovudsak saman med løyvingar til auka pedagogtettleik i barnehagar i levekårsutsette område.

Under programkategori 07.40 *Høgare yrkesfagleg utdanning* har utgiftene auka med 0,3 mrd. kroner, frå knapt 1,0 mrd. kroner til knapt 1,3 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 17,0 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 13,0 prosent. Auken i perioden kjem fyrst og fremst av at det både i 2021 og 2022 vart løyvd pengar til ein stor auke i talet på studieplassar.

Under programkategori 07.50 *Kompetansepolitikk og livslang læring* har utgiftene minka med 35 mill. kroner frå 2 039 mill. kroner til 2 004 mill. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 11,6 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 11,2 prosent. Utgiftsreduksjonen frå 2020 til 2021 kjem mellom anna av at tilskotet til freds- og menneskerettssenter vart flytta frå programkategori 07.50 til programkategori 07.20 *Grunnopplæringa*, og at store delar av tilskotet til studieforbund vart flytta over til budsjettet til Kultur- og likestillingsdepartementet. Auken frå 2021 til 2022 skriv seg mellom anna frå at det vart flytta midlar til kategorien i samband med at Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse vart etablert.

Under programkategori 07.60 *Høgare utdanning og forskning* har utgiftene auka med drygt 5,2 mrd. kroner, frå 50,2 mrd. kroner til 55,5 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 2,1 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 8,2 prosent. Vidareføring av rekrutteringsstillingar og studieplassar som vart oppretta i 2020 førte til ein auke i utgiftene også i 2021 og 2022. Vidare vart det meir resultatbasert utteljing, som følgje av auke i oppnådde studiepoeng og i talet på kandidatar og doktorgrader. Løyvingar til pandemiltak for studentane og styrking av dei søknadsbaserte ordningane for fleksibel og desentralisert utdanning var òg med på å auke utgiftene i 2021 og 2022. Ein stor del av auken frå 2021 til 2022 skriv seg frå at Stortinget vedtok ei ekstra løyving til Noregs Forskingsråd for å vesentleg redusere negative avsetjingar. Vidare har kontingenten til EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, Horisont Europa, auka monaleg.

Under programkategori 07.80 *Utdanningsstøtte* har utgiftene auka med 0,5 mrd. kroner, frå 15,2 mrd. kroner til 15,7 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 0,1 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 3,3 prosent. Nedgangen frå 2020 til 2021 kjem hovudsakleg av lågare utgifter til rentestøtte som følgje av lågare rentenivå, og mindre tap på utlån. Auken frå 2021 til 2022 skriv seg hovudsakeleg frå utgifter til straumstipend, som studentane fekk tilbod om i 2022 i tillegg til den studiestøtta dei elles fekk. Vidare auka rentestøtta igjen i 2022 som følgje av utviklinga i rentenivået.

Utgiftene til *lånetransaksjonar* har auka med 2,3 mrd. kroner, frå 32,7 mrd. kroner til 35,0 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 6,8 prosent, og frå 2021 til 2022 var auken på 0,3 prosent. Utgiftsauken frå 2020 til 2021 kjem av at høgare studenttal har løyst ut auke i studiestøtta gjennom Lånekassa, og at det frå hausten 2020 vart innført tilbod om tilleggsloan til studentar over 30 år og studentar som har barn. Frå 2021 til 2022 var studenttalet stabilt, og sidan det i 2022 ikkje var utgifter til pandemirelatert tilleggsloan, auka ikkje samla utgifter til lånetransaksjonar nemnande. Sjå òg kapittel 2.17, der detaljar om utlåna frå Lånekassa er nærare spesifiserte.

## 2.4 Kultur- og likestillingsdepartementet

| Programområde 08 Kulturføremål            |                                      | (i mill. kroner)  |                   |                  |                   |
|---|--------------------------------------|-------------------|-------------------|------------------|-------------------|
| Program-<br>kategori                      |                                      | Rekneskap<br>2020 | Rekneskap<br>2021 | Budsjett<br>2022 | Rekneskap<br>2022 |
| 08.10                                     | Administrasjon                       | 177,6             | 204,5             | 212,5            | 211,4             |
| 08.15                                     | Frivillighetsføremål                 | 2 076,7           | 2 583,0           | 3 471,9          | 3 193,5           |
| 08.20                                     | Kulturføremål                        | 12 561,5          | 14 436,3          | 10 187,5         | 10 916,7          |
| 08.30                                     | Medieføremål m.m.                    | 7 960,4           | 8 153,0           | 8 731,8          | 8 724,9           |
| 08.45                                     | Likestilling og ikkje-diskriminering | 429,7             | 489,9             | 514,5            | 507,3             |
| Sum før lånetransaksjonar                 |                                      | 23 206,0          | 25 866,8          | 23 118,2         | 23 553,8          |
| Lånetransaksjonar                         |                                      | 0,0               | 0,0               | 0,0              | 0,0               |
| Sum Kultur- og likestillingsdepartementet |                                      | 23 206,0          | 25 866,8          | 23 118,2         | 23 553,8          |

### Samla avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 435,6 mill. kroner. Overført løyving frå 2021 aukar disponibel løyving med 1 549,1 mill. kroner, frå 23 118,2 mill. kroner til 24 667,3 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei mindreutgift på 1 113,5 mill. kroner samanlikna med disponibel løyving.

På programområdet er det netto mindreinntekter på i alt 0,4 mill. kroner. Det er overført til saman 1 079,6 mill. kroner til 2023 på postar merkte «kan overførast» og vanlege driftspostar. Dette er ein nedgang på 469,5 mill. kroner, som i hovudsak er knytt til programkategori 08.20 og kompensasjonsordningar i møte med pandemien. Sjå vedlegg 2 for detaljert oversyn på dei einskilde kapittel og postar.

Sjå òg tabell 1.10 i vedlegg 1, der fleire detaljar om overføringar og meirinntekter på programområdet er spesifiserte.

### Trenden i rekneskapen i perioden 2020–2022

På programområde 08 *Kulturføremål* har utgiftene før lånetransaksjonar auka nominelt med drygt 0,3 mrd. kroner, frå 23,2 mrd. kroner til knapt 23,6 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 11,5 prosent, og frå 2021 til 2022 minka dei med 8,9 prosent.

Under programkategori 08.10 *Administrasjon* har utgiftene auka med 34 mill. kroner, frå 178 mill. kroner til 211 mill. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 15,2 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 3,3 prosent. Auken over perioden vert mellom anna påverka av endringar i

kapittel- og poststruktur i 2021. Sjå omtale av dette i statsrekneskapen 2021.

Under programkategori 08.15 *Frivillighetsføremål* har utgiftene auka med 1,1 mrd. kroner, frå 2,1 mrd. kroner til 3,2 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 24,4 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 23,6 prosent. Auken frå 2020 til 2021 kom av at tilskot til frivilligsentralar og studieforbund frå 2021 vart utbetalt frå departementet. Auken frå 2021 til 2022 kjem av straumstøtteordninga for frivillige organisasjonar som følgje av ekstraordinære straumprisar i 2022. For baa åra var det òg ein auke i løyvinga som gjeld meirverdiavgiftskompensasjon til frivillige organisasjonar.

Under programkategori 08.20 *Kulturføremål* har utgiftene minka med drygt 1,6 mrd. kroner, frå knapt 12,6 mrd. kroner til 10,9 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 14,9 prosent, og frå 2021 til 2022 minka dei med 24,4 prosent. Nedgangen frå 2021 til 2022 kjem hovudsakleg av at utgiftene til kompensasjons- og stimuleringsordningar for kultur, frivilligheit og idrett i møte med pandemien var 3 mrd. kroner lågare i 2022 enn i 2021.

Under programkategori 08.30 *Medieføremål m.m.* har utgiftene auka med knapt 0,8 mrd. kroner, frå knapt 8,0 mrd. kroner til drygt 8,7 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 2,4 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 7,0 prosent. Auken frå 2021 til 2022 kjem i hovudsak av lågare utgifter til meirverdiavgift for NRK i 2021 som følgje av den mellombelse reduksjonen av meirverdiavgiftssatsen under koronapandemien.

Under programkategori 08.45 *Likestilling og ikkje-diskriminering* har utgiftene auka med 78 mill. kroner, frå 430 mill. kroner til 507 mill. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 14,0 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 3,5 pro-

sent. Den store auken frå 2020 til 2021 kom i stor grad frå tiltak retta mot personar med nedsett funksjonsevne i samband med pandemien. Auken

over perioden sett under eitt kjem i hovudsak av ein auke i løyvingar til arbeid for likestilling og mot rasisme, diskriminering og hatefulle ytringar.

## 2.5 Justis- og beredskapsdepartementet

| Programområde 06 Justissektoren        |  | (i mill. kroner)  |                   |                  |                   |
|--|--|-------------------|-------------------|------------------|-------------------|
| Program-<br>kategori                   |  | Rekneskap<br>2020 | Rekneskap<br>2021 | Budsjett<br>2022 | Rekneskap<br>2022 |
| 06.10                                  | Administrasjon   | 593,3             | 615,4             | 657,7            | 660,7             |
| 06.20                                  | Rettsstell   | 3 211,9           | 3 338,2           | 3 557,3          | 3 555,7           |
| 06.30                                  | Straffegjennomføring og konfliktråd                                  | 5 368,3           | 5 719,4           | 5 900,6          | 5 991,5           |
| 06.40                                  | Politi- og påtalemakt  | 22 015,2          | 22 092,5          | 24 011,8         | 25 458,1          |
| 06.50                                  | Redningstenesta, samfunnstryggleik og beredskap                      | 5 013,0           | 6 859,0           | 5 116,3          | 5 279,2           |
| 06.60                                  | Andre verksemder   | 1 621,2           | 1 618,5           | 1 717,0          | 1 693,6           |
| 06.70                                  | Statens sivilrettsforvaltning, rettshjelp, erstatningsordningar m.m. | 1 568,9           | 1 410,8           | 1 480,6          | 1 345,0           |
| 06.80                                  | Svalbardbudsjettet m.m.  | 406,1             | 453,1             | 476,5            | 445,2             |
| 06.90                                  | Beskyttelse og innvandring   | 2 367,8           | 2 320,6           | 6 378,9          | 6 155,1           |
| Sum før lånetransaksjonar              |  | 42 165,8          | 44 427,5          | 49 296,8         | 50 584,1          |
| Lånetransaksjonar                      |  | 0,0               | 0,0               | 0,0              | 0,0               |
| Sum Justis- og beredskapsdepartementet |  | 42 165,8          | 44 427,5          | 49 296,8         | 50 584,1          |

### Samla avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 1 287,4 mill. kroner. Overført løyving frå 2021 aukar disponibel løyving med 3 122,2 mill. kroner, frå 49 296,8 mill. kroner til 52 418,9 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei mindreutgift på 1 834,8 mill. kroner samanlikna med disponibel løyving.

På programområdet er det netto meirinntekter på i alt 92,3 mill. kroner. Det er overført til saman 1 171,9 mill. kroner til 2023 på postar merkte «kan overførast» og vanlege driftspostar.

Dette er ein nedgang på 1 950,3 mill. kroner, som for ein stor del er knytt til programkategori 06.40, jf. kap. 440 *Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten* og programkategori 06.50, jf. kap. 451 *Direktoratet for samfunnsikkerheit og beredskap*. Sjå vedlegg 2 for detaljert oversyn på dei einskilde kapittel og postar.

Sjå òg tabell 1.10 i vedlegg 1, der fleire detaljar om overføringar og meirinntekter på programrådet er spesifiserte.

### Trenden i rekneskapen i perioden 2020–2022

På programområde 06 *Justissektoren* har utgiftene før lånetransaksjonar auka nominelt med 8,4 mrd. kroner, frå 42,2 mrd. kroner til 50,6 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 5,4 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 13,9 prosent.

Under programkategori 06.20 *Rettsstell* har utgiftene auka med drygt 0,3 mrd. kroner, frå 3,2 mrd. kroner til knapt 3,6 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 3,9 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 6,5 prosent. Auken i utgifter over treårs-perioden kjem mellom anna som følgje av auka løyvingar til dommarstillingar og ulike digitaliseringsprosjekt i domstolane.

Under programkategori 06.30 *Straffegjennomføring og konfliktråd* har utgiftene auka med 0,6 mrd. kroner, frå 5,4 mrd. kroner til 6,0 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 6,5 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 4,8 prosent. Auken heng mellom anna saman med prisauke på husleige, energi og mat. Kap. 433 *Konfliktråd* kom inn som nytt kapittel under programkategorien i 2021. Tidlegare låg dette på kap. 474 under programkategori 06.70.

Under programkategori 06.40 *Politi- og påtale-makt* har utgiftene auka med drygt 3,4 mrd. kroner, frå 22,0 mrd. kroner til knapt 25,5 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 0,4 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 15,2 prosent. Hovudforklaringa er auka utgifter som følgje av fleire asylsøkarar knytt til situasjonen i Ukraina og ein auke i prisnivå samanlikna med nivået i 2021. Det har òg vorte auka utbetaling til Noreg sine kontingentar for internasjonale forplikningar i justissektoren, samanlikna med 2021. Dei rekneskapsførte utgiftene må òg sjåast i samheng med auka overføringar av unytta løyvingar på programkategorien, som er eit uttrykk for noko etter-slep samanlikna med dei disponible løyvingane.

Under programkategori 06.50 *Redningstenesta, samfunnstryggleik og beredskap* har utgiftene auka med 0,3 mrd. kroner, frå 5,0 mrd. kroner til 5,3 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 36,8 prosent, og frå 2021 til 2022 minka dei med 23,0 prosent. Hovudforklaringa på reduksjonen frå 2021 til 2022 er at det vart utbetalt mindre knytt til karantenehotellordninga og til anskaffing av nye redningshelikopter som følgje av forseinkingar i prosjektet m.m.

Under programkategori 06.60 *Andre verksemdar* har utgiftene auka med 0,1 mrd. kroner, frå 1,6 mrd. kroner til 1,7 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 0,2 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 4,6 prosent. Utgiftene til særskilde straffesaker varierer som følgje av mengda straffesaker og deira omfang, oppnemnde forsvararar, bruken av tolkar og sakkunnige og den offentlege salærsatsa. I periodar av 2020 og 2021 førte pandemien til at det var utfordrande å gjennomføre saker i domstolane. Saker med enkel kompleksitet vart effektuert. Dette førte til restansar, og i 2022 har det difor vore ein del tunge saker i domstolane, noko som har ført til auka utgifter.

Under programkategori 06.70 *Statens sivilrettsforvaltning, rettshjelp, erstatningsordningar m.m.* har utgiftene minka med drygt 0,2 mrd. kroner,

frå knapt 1,6 mrd. kroner til drygt 1,3 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 10,1 prosent, og frå 2021 til 2022 minka dei med 4,7 prosent. Det er fleire forhold som har ført til at utgiftene er reduserte. Når det gjeld fri rettshjelp, vert det gjeve bistand i barnesakene. Dei står for ein stor del av kostnadane til rettshjelp. Slike saker går for domstolane over fleire år. Advokatar som yter juridisk bistand i slike saker, fakturerer fyrst når saken har fått ein endeleg løysing. Kontoret for valdsoffererstatning har høye restansar, slik at det vart utbetalt mindre i erstatning til valdsoffer. I tillegg er utbetalingane til erstatning etter straffeforfølgning reduserte som følgje av at fleire av sakene førebels ikkje har komme til utbetaling. Vidare er det utbetalt mindre i tilfelle der buet eller den som ber om konkurs ikkje dekkjer utgiftene.

Under programkategori 06.80 *Svalbardbudsjettet m.m.* har utgiftene auka med 39 mill. kroner, frå 406 mill. kroner til 445 mill. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 11,6 prosent, og frå 2021 til 2022 minka dei med 1,7 prosent.

Utgiftene på Svalbardbudsjettet auka frå 2020 til 2021 fordi utgifter til Samfunnet Jan Mayen (kap. 481) då vart inkludert under programkategorien, medan dette tidlegare låg under Samferdselsdepartementet (kap. 1361). Tilskotet til Svalbardbudsjettet kjem fram av kap. 480, post 50 i statsrekneskapen og utgjør eit netto tilskot.

Under programkategori 06.90 *Beskyttelse og innvandring* har utgiftene auka med 3,8 mrd. kroner, frå 2,4 mrd. kroner til 6,2 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 2,0 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 165 prosent. Hovudforklaringa er auka utgifter som følgje av fleire asylsøkarar frå Ukraina. Frå 2016 til 2021 har talet på asylsøkarar til Noreg vore lågt. I perioden har Utlendingsdirektoratet (UDI) redusert talet på mottaksplassar. I 2022 måtte det opprettast svært mange asylmottak for å innkvartere utlendingar som søker om vern.

## 2.6 Kommunal- og distriktsdepartementet

| Programområde 13 Statsforvaltning og kommunesektoren m.m. |  | (i mill. kroner)  |                   |                  |                   |
|---|--|-------------------|-------------------|------------------|-------------------|
| Program-<br>kategori                                      |  | Rekneskap<br>2020 | Rekneskap<br>2021 | Budsjett<br>2022 | Rekneskap<br>2022 |
| 13.00   | Administrasjon <sup>1)</sup>                     | 2 062,5           | 2 284,2           | 2 363,6          | 2 377,2           |
| 13.25   | Statsforvaltarane                                | 1 987,6           | 1 986,9           | 2 101,7          | 2 043,0           |
| 13.30   | Statlege byggeprosjekt<br>og eigedomsforvaltning | 6 814,6           | 3 818,4           | 7 676,7          | 7 198,8           |
| 13.40   | Forvaltningsutvikling, IT- og ekompolitikk       | 2 081,8           | 2 088,7           | 2 328,7          | 2 213,9           |
| 13.45   | Personvern                                       | 68,4              | 71,3              | 73,0             | 70,3              |
| 13.50   | Distrikts- og regionalpolitikk                   | 2 025,6           | 5 059,6           | 1 581,7          | 1 566,1           |
| 13.60   | Samiske føremål                                  | 539,9             | 563,6             | 583,4            | 586,6             |
| 13.67   | Nasjonale minoritetar                            | 51,2              | 59,7              | 59,0             | 56,0              |
| 13.70   | Kommunesektoren m.m.                             | 207 786,5         | 205 212,6         | 199 549,8        | 199 411,5         |
| 13.80   | Bustad, bustadmiljø og bygg                      | 4 294,2           | 4 234,5           | 5 518,2          | 5 582,6           |
| 13.90   | Planlegging, byutvikling og geodata              | 1 379,6           | 1 297,0           | 1 421,0          | 1 384,7           |
| Sum før lånetransaksjonar                                 |  | 229 092,0         | 226 676,3         | 223 256,7        | 222 490,6         |
| Lånetransaksjonar <sup>1)</sup>                           |  | 26 491,2          | 27 786,4          | 35 831,0         | 36 203,3          |
| Sum Kommunal- og distriktsdepartementet                   |  | 255 583,1         | 254 462,8         | 259 087,7        | 258 693,9         |

<sup>1)</sup> Bustadlansordninga og gruppelivs- og yrkesskedeforsikringa i Statens pensjonskasse er frå 2022 flytta frå programkategori 09.50 under Arbeids- og inkluderingsdepartementet til programkategori 13.00 under Kommunal- og distriktsdepartementet. Samanlikningstal for 2020 og 2021, inkludert lånetransaksjonar knytt til bustadlåna, er omklassifiserte tilsvarende.

### Samla avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei mindreutgift på 766,1 mill. kroner. Overført løyving frå 2021 aukar disponibel løyving med 1 392,8 mill. kroner, frå 223 256,7 mill. kroner til 224 649,5 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei mindreutgift på 2 158,8 mill. kroner samanlikna med disponibel løyving.

På programområdet er det netto mindreinntekter på i alt 46,5 mill. kroner. Det er overført til saman 1 877,9 mill. kroner til 2023 på postar merkte «kan overførast» og vanlege driftspostar.

Lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 372,3 mill. kroner. Sjå òg tabell 1.10 i vedlegg 1, der fleire detaljar om overføringer og meirinntekter på programområdet er spesifiserte.

### Trenden i rekneskapen i perioden 2020–2022

På programområde 13 *Statsforvaltning og kommunesektoren m.m.* har utgiftene før lånetransaksjonar minka nominelt med 6,6 mrd. kroner, frå 229,1 mrd. kroner til 222,5 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 1,1 prosent, og frå 2021 til 2022 minka dei med 1,8 prosent.

Under programkategori 13.00 *Administrasjon* har utgiftene auka med 0,3 mrd. kroner, frå 2,1 mrd. kroner til 2,4 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 10,8 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 4,1 prosent. Auken frå 2020 til 2021 kjem hovudsakleg av løyving til husleiekompensasjon som følgje av kapitalkostnadene for sikker teknisk infrastruktur fase 1 i nytt regjeringskvartal. Auken frå 2021 til 2022 kjem mellom anna av løyving til å innføra ny e-postsynkronisering for departementa og einskilde rammeoverføringer frå andre departement.

Under programkategori 13.25 *Statsforvaltarane* har utgiftene over treårsperioden vore på om lag 2,0 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 var utgiftene tilnærma uendra, og frå 2021 til 2022 auka dei med 2,8 prosent. Auken kjem hovudsakleg av at statsforvaltarane i 2022 har brukt oppsparte midlar etter pandemien. Ei rad med tiltak måtte utsettast i 2020 og 2021, til dømes fagsamlingar, tilsyn og statsborgarseremoniar. I 2022 har statsforvaltarane teke igjen noko av etterslepet.

Under programkategori 13.30 *Statlege byggeprosjekt og eigedomsforvaltning* har utgiftene auka med 0,4 mrd. kroner, frå 6,8 mrd. kroner til 7,2 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 44,0 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei

med 88,5 prosent. Nedgangen frå 2020 til 2021 skil seg ut med lågare byggeaktivitet, medan nivået i 2022 er om lag som i 2020. Auken frå 2021 til 2022 kjem mellom anna av høgare løyving til byggetrinn 1 av nytt regjeringskvartal, og oppstart av fleire nye byggjeprojekt.

Under programkategori 13.40 *Forvaltningsutvikling, IT- og ekompolitikk* har utgiftene auka med 0,1 mrd. kroner, frå 2,1 mrd. kroner til 2,2 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 0,3 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 6,0 prosent. Auken frå 2020 til 2021 kjem mellom anna av auka løyvingar til Digitaliseringsdirektoratet for å utvikle og oppretthalde ei sikker, stabil og robust drift og forvaltning av Altinn. Auken frå 2021 til 2022 kjem mellom anna av høgare løyving til norsk deltaking i programmet for eit digitalt Europa, DIGITAL.

Under programkategori 13.50 *Distrikts- og regionalpolitikk* har utgiftene minka med knapt 0,5 mrd. kroner, frå drygt 2,0 mrd. kroner til knapt 1,6 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 149,8 prosent, og frå 2021 til 2022 minka dei med 69,0 prosent. Auken frå 2020 til 2021 kjem i all hovudsak av ekstraordinære tiltak i møte med pandemien. Dette omfattar mellom anna kommunal kompensasjonsordning for lokale verksemdar, kommunale næringsfond og støtte til Siva. Nedgangen frå 2021 til 2022 kjem i all hovudsak av lågare løyvingar til slike ekstraordinære tiltak.

Under programkategori 13.70 *Kommunesektoren m.m.* har utgiftene minka med 8,4 mrd. kroner, frå 207,8 mrd. kroner til 199,4 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 1,2 prosent, og frå 2021 til 2022 minka dei med 2,8 prosent. Utgiftene under denne programkategorien må sjåast i samanheng med det samla økonomiske opplegget for kommunesektoren i statsbudsjettet. Nedgangen frå 2020 til 2022 kjem mellom anna av lågare ekstraordinære løyvingar til kommunesektoren i samband med koronapandemien.

Under programkategori 13.80 *Bustad, bustadmiljø og bygg* har utgiftene auka med 1,3 mrd. kroner, frå 4,3 mrd. kroner til 5,6 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 1,4 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 31,8 prosent. Nedgangen frå 2020 til 2021 kjem mellom anna av lågare løyvingar til tilskot til utleigebustadar. Auken frå 2021 til 2022 kjem mellom anna av ei styrking av bustøtte til barnefamiliar og ekstrautbetalingar av bustøtte som følgje av høge straumprisar.

Under programkategori 13.90 *Planlegging, byutvikling og geodata* har utgiftene auka med 5 mill. kroner, frå 1 380 mill. kroner til 1 385 mill. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 6,0 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 6,8 prosent. Nedgangen frå 2020 til 2021 kjem mellom anna av at det tidsavgrensa arbeidet på nasjonal detaljert høgdemodell i Kartverket nærma seg ferdig. Auken frå 2021 til 2022 kjem mellom anna av at DOGA (Design og Arkitektur Norge) vart flytta til denne programkategorien, og at Kartverket har endra rekneskapsføring av nokre inntekter knytt til PRIMAR-samarbeidet.

*Lånetransaksjonar* syner ein auke på 9,7 mrd. kroner, frå 26,5 mrd. kroner til 36,2 mrd. kroner. Det var ein auke på 4,9 prosent frå 2020 til 2021 og ein auke på 30,3 prosent frå 2021 til 2022. Auken frå 2020 til 2021 kjem mellom anna av at ein større del av låneramma til Husbanken vart nytta til startlån, som i hovudsak vert raskare utbetalte enn andre lån. Det var òg ein auke i etterspurnaden etter bustadlån i SPK. Auken frå 2021 til 2022 kjem som følgje av gunstige rentevilkår i SPK samanlikna med marknaden elles. I tider med aukande rente vil renteendringar setjast i verk seinare i SPK enn i andre bankar. Utlånsrenta i SPK vil difor framstå gunstig i tider med aukande rente. Sjå òg kapittel 2.17, der detaljar kring utlåna frå Husbanken og bustadlånsordninga i SPK er nærare spesifiserte.

## 2.7 Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Arbeids- og inkluderingsdepartementet har ansvaret for tre budsjettområde: programområde 09 *Arbeid og sosiale føremål*, programområde 29 *Sosi-*

*ale føremål, folketrygda* og programområde 33 *Arbeidsliv, folketrygda*.

| Programområde 09 Arbeid og sosiale føremål    |   | (i mill. kroner)  |                   |                  |                   |
|---|---|-------------------|-------------------|------------------|-------------------|
| Program-<br>kategori                          |   | Rekneskap<br>2020 | Rekneskap<br>2021 | Budsjett<br>2022 | Rekneskap<br>2022 |
| 09.00   | Administrasjon  | 575,4             | 538,2             | 663,2            | 669,3             |
| 09.10   | Administrasjon av arbeids-<br>og velferdspolitikken             | 13 520,8          | 14 067,6          | 13 414,5         | 13 758,8          |
| 09.20   | Tiltak for betra levekår m.m.                                   | 383,4             | 335,6             | 362,4            | 353,0             |
| 09.30   | Arbeidsmarknad  | 8 967,8           | 10 199,4          | 9 721,2          | 10 209,4          |
| 09.40   | Arbeidsmiljø og tryggleik                                       | 1 200,0           | 1 279,6           | 1 345,8          | 1 387,4           |
| 09.50   | Pensjonar mv. under Statens pensjonskasse <sup>1)</sup>         | 5 225,3           | 9 728,8           | 10 459,7         | 10 540,1          |
| 09.60   | Kontantyttingar   | 3 315,6           | 3 578,8           | 3 906,8          | 3 921,1           |
| 09.70   | Integrering og mangfald <sup>2)</sup>                           | 10 210,9          | 9 017,2           | 14 579,7         | 13 150,6          |
| Sum før lånetransaksjonar                     |   | 43 399,0          | 48 745,2          | 54 453,2         | 53 989,5          |
| Lånetransaksjonar <sup>1)</sup>               |   | 0,0               | 0,0               | 0,0              | 0,0               |
| Sum Arbeid og sosiale føremål                 |   | 43 399,0          | 48 745,2          | 54 453,2         | 53 989,5          |
| Programområde 29 Sosiale føremål, folketrygda |   |                   |                   |                  |                   |
| 29.20   | Einslege forsørgjarar   | 2 514,6           | 2 449,3           | 2 351,0          | 2 373,0           |
| 29.50   | Inntektssikring ved sjukdom,<br>arbeidsavklaring og uførleik    | 180 416,2         | 187 999,3         | 198 796,0        | 200 003,9         |
| 29.60   | Kompensasjon for meirutgifter<br>ved nedsett funksjonsevne m.m. | 10 019,8          | 10 524,3          | 10 917,9         | 10 994,3          |
| 29.70   | Alderdom  | 241 253,9         | 256 906,0         | 272 330,0        | 272 358,3         |
| 29.80   | Forsørgjartap m.m.  | 2 223,9           | 2 273,8           | 2 344,1          | 2 350,0           |
| Sum før lånetransaksjonar                     |   | 436 428,5         | 460 152,8         | 486 739,0        | 488 079,5         |
| Lånetransaksjonar                             |   | 0,0               | 0,0               | 0,0              | 0,0               |
| Sum Sosiale føremål, folketrygda              |   | 436 428,5         | 460 152,8         | 486 739,0        | 488 079,5         |
| Programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda      |   |                   |                   |                  |                   |
| 33.30   | Arbeidsliv  | 41 211,9          | 28 064,5          | 13 711,5         | 13 915,7          |
| Sum før lånetransaksjonar                     |   | 41 211,9          | 28 064,5          | 13 711,5         | 13 915,7          |
| Lånetransaksjonar                             |   | 0,0               | 0,0               | 0,0              | 0,0               |
| Sum Arbeidsliv, folketrygda                   |   | 41 211,9          | 28 064,5          | 13 711,5         | 13 915,7          |
| Sum Arbeids- og inkluderingsdepartementet     |   | 521 039,4         | 536 962,5         | 554 903,7        | 555 984,7         |

<sup>1)</sup> Bustadlansordninga og gruppelivs- og yrkesskedeforsikringa i Statens pensjonskasse er frå 2022 flytta frå programkategori 09.50 under Arbeids- og inkluderingsdepartementet til programkategori 13.00 under Kommunal- og distriktsdepartementet. Samanlikningstal for 2020 og 2021, inkludert lånetransaksjonar knytt til bustadlåna, er omklassifiserte tilsvarande.

<sup>2)</sup> Tidlegare programkategori 07.90 Integrering og mangfald under Kunnskapsdepartementet er frå 2022 flytta frå til programkategori 09.70 under Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Samanlikningstal for 2020 og 2021 er tilsvarande omklassifiserte.



**Programområde 09 Arbeid og sosiale føremål***Samla avvik mellom budsjett og rekneskap*

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei mindreutgift på 463,7 mill. kroner. Overført løyving frå 2021 aukar disponibel løyving med 1 650,2 mill. kroner, frå 54 453,2 mill. kroner til 56 103,4 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei mindreutgift på 2 113,9 mill. kroner samanlikna med disponibel løyving.

På programområdet er det netto meirinntekter på i alt 1,9 mill. kroner. Det er overført til saman 539,3 mill. kroner til 2023 på postar merkte «kan overførast» og vanlege driftspostar.

Sjå òg tabell 1.10 i vedlegg 1, der fleire detaljar om overføringar og meirinntekter på programområdet er spesifiserte.

*Trenden i rekneskapen i perioden 2020–2022*

På programområde 09 *Arbeid og sosiale føremål* har utgiftene før lånetransaksjonar auka nominelt med 10,6 mrd. kroner, frå 43,4 mrd. kroner til 54,0 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 12,3 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 10,8 prosent.

Under programkategori 09.10 *Administrasjon av arbeids- og velferdspolitikken* har utgiftene auka med drygt 0,2 mrd. kroner, frå drygt 13,5 mrd. kroner til knapt 13,8 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 4,0 prosent, og frå 2021 til 2022 minka dei med 2,2 prosent. Reduksjonen i utgiftene frå 2021 til 2022 kjem i hovudsak av at det i 2021 var ei stor mellombels styrking av driftsbudsjettet til Arbeids- og velferdsetaten i samband med koronapandemien.

Under programkategori 09.30 *Arbeidsmarknad* har utgiftene auka med drygt 1,2 mrd. kroner, frå knapt 9,0 mrd. kroner til 10,2 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 13,7 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 0,1 prosent. Hovudgrunnen til auken i utgiftene frå 2020 til 2021 var auka løyving til tiltak for arbeidssøkarar og til varig tilrettelagt arbeid. Det har ikkje vore store endringar i utgiftene frå 2021 til 2022.

Under programkategori 09.40 *Arbeidsmiljø og tryggleik* har utgiftene auka med 0,2 mrd. kroner, frå 1,2 mrd. kroner til 1,4 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 6,6 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 8,4 prosent. Auken frå 2020 til 2021 var knytt til Arbeidstilsynet sine aktivitetar kring smitteverntilsyn, og at Arbeidstilsynet fekk i oppdrag å etablere, drifte og følgje opp ei søknadsbasert godkjenningssordning for innkvartering

som arbeids- og oppdragsgjevar stiller til disposisjon i karantenetida. Auken frå 2021 til 2022 er knytt til oppfølging av alvorlege hendingar i petroleumsmåneringa og til oppretting av eit nytt arbeidslivskriminalitetssenter i Troms og Finnmark.

Under programkategori 09.50 *Pensjonar m.m. under Statens pensjonskasse* har utgiftene auka med 5,3 mrd. kroner, frå 5,2 mrd. kroner til 10,5 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 86,2 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 8,3 prosent. Under programkategorien vert mellom anna statens *netto* pensjonsutbetalingar gjennom Statens pensjonskasse (SPK) utgiftførte. Auka netto utgifter over perioden kjem av at pensjonsutbetalingane auka meir enn premieinntektene.

Under programkategori 09.60 *Kontantytningar* har utgiftene auka med 0,6 mrd. kroner, frå 3,3 mrd. kroner til 3,9 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 7,9 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 9,6 prosent. Programkategorien omfattar statstilskot til avtalefesta pensjon (AFP) i privat sektor, krigspensjon, statstilskot til pensjonstrygda for sjømenn, statstilskot til pensjonstrygda for fiskarar og supplerande stønad til personar over 67 år. Auken over perioden kjem i hovudsak av at utgiftene til AFP har auka.

Under programkategori 09.70 *Integrering og mangfald* har utgiftene auka med drygt 2,9 mrd. kroner, frå 10,2 mrd. kroner til knapt 13,2 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 11,7 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 45,8 prosent. Hovudårsaka til at utgiftene har auka er at fleire personar har utløyyst integreringstilskot, særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktingar og tilskot til norskopplæring, som følgje av innkomstar av fordrivne frå Ukraina.

**Programområde 29 Sosiale føremål, folketrygda***Samla avvik mellom budsjett og rekneskap*

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 1 340,5 mill. kroner. Det var på programområdet inga overført løyving frå 2021, og disponibel løyving i 2022 var dermed 486 739,0 mill. kroner.

Det er ikkje meirinntekter knytte til programområdet, som stort sett inneheld overslagsløyvingar på tilskotspostar. Det er ingen overføring av unytta løyving frå 2022 til 2023.

*Trenden i rekneskapen i perioden 2020–2022*

På programområde 29 *Sosiale føremål, folketrygda* har utgiftene før lånetransaksjonar auka nominelt

med 51,7 mrd. kroner, frå 436,4 mrd. kroner til 488,1 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 5,4 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 6,1 prosent.

Under programkategori 29.20 *Einslege forsørgjarar* har utgiftene minka med drygt 0,1 mrd. kroner, frå 2,5 mrd. kroner til knapt 2,4 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 2,6 prosent, og frå 2021 til 2022 minka dei med 3,1 prosent. Nedgangen i utgiftene har i hovudsak samanheng med færre mottakarar og lågare gjennomsnittleg utbetaling per mottakar.

Under programkategori 29.50 *Inntektssikring ved sjukdom, arbeidsavklaring og uførleik* har utgiftene auka med 19,6 mrd. kroner, frå 180,4 mrd. kroner til 200,0 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 4,2 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 6,4 prosent.

Utgiftene til sjukepengar har sidan 2020 auka med 3,1 mrd. kroner, frå 50,4 mrd. kroner til 53,5 mrd. kroner. Utgiftene til arbeidsavklaringspengar er frå 2020 auka med 6,0 mrd. kroner, frå 30,6 mrd. kroner til 36,5 mrd. kroner. Utgiftene til uførleik har sidan 2020 auka med 10,5 mrd. kroner, frå 99,5 mrd. kroner til 110,0 mrd. kroner.

Frå 2021 til 2022 var det ein auke både i grunnlaget for sjukepengar for arbeidstakarar og i selselsetjinga. Samstundes var det ein nedgang i tilbøyelegheita til sjukefråvær for arbeidstakarar. Dei mellombelse utvidingane i ordningane med sjukepengar og omsorgspengar som vart innførte som følgje av pandemien, har ført til ein tydeleg auke i utgiftene i perioden 2020–2022.

I gjennomsnitt for 2022 fekk om lag 137 000 personar arbeidsavklaringspengar mot om lag 131 000 og 120 000 mottakarar i 2021 og 2020. Dette utgjør ein auke i gjennomsnittleg tal på mottakarar på 4,9 prosent frå 2021 til 2022, og ein auke på 14,1 prosent frå 2020 til 2022. Auken i talet på mottakarar sidan 2020 må sjåast i samanheng med pandemien. I hovudsak kjem det av reduserte avgangar som følgje av dei mellombelse regelverksendringane med forlengd maksimal stønadstid, generelle forseinkingar i avklaringsløpa for alle mottakarar og ein vanskelegare arbeidsmarknad. I tillegg har fleire starta eit løp med arbeidsavklaringspengar. Mellombelse regelverksendringar med forlengd maksimal stønadstid i samband med endringane i regelverket frå 1. juli 2022, har òg ført til forlengd stønadstid. Fleire mottakarar har trekt utgiftene til arbeidsavklaringspengar opp frå 2021 til 2022.

Per desember 2022 var det i alt 364 400 mottakarar av uføretrygd. Det er ein auke på 6 800 uføretrygda frå 2020 då talet på uføretrygda var

357 600, og ein auke på 3 500 uføretrygda frå 2021 då talet på uføretrygda var 360 900. Fleire mottakarar har trekt utgiftene til uføretrygd opp i 2021 og 2022. Dei fleste som får innvilga uføretrygd har motteke arbeidsavklaringspengar. På grunn av dei ovanfor nemnte regelverksendringane i arbeidsavklaringspengar, har den årlege auken i talet uføretrygda i perioden 2020–2022 vore litt lågare enn tidlegare år.

Under programkategori 29.60 *Kompensasjon for meirutgifter ved nedsett funksjonsevne m.m.* har utgiftene auka med 1,0 mrd. kroner, frå 10,0 mrd. kroner til 11,0 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 5,0 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 4,5 prosent.

Utgiftene til hjelpestønad, hjelpemiddel til betring av funksjonsevna, ortopediske hjelpemiddel og høyreapparat har auka frå 2020 til 2022. For grunnstønad, hjelpemiddel til arbeid og utdanning og stønad til bil var det ein nedgang frå 2020 til 2021, men ein auke frå 2021 til 2022. I 2020 var det ein generell nedgang i etterspurnaden etter hjelpemiddel på grunn av pandemien. Etterspurnaden har teke seg opp igjen. For stønad til bil har det vore leveranseproblem sidan 2021. Det er usikkert når desse leveranseproblema vert løyste.

Under programkategori 29.70 *Alderdømdom* har utgiftene auka med 31,1 mrd. kroner, frå 241,3 mrd. kroner til 272,4 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 6,5 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 6,0 prosent.

Auken målt i fast grunnbeløp frå 2020 til 2021 var på 2,6 prosent, medan auken frå 2021 til 2022 var på 1,1 prosent. Grunnen til auken er i hovudsak at det vart fleire alderspensjonistar i aldersgruppa 67 år og over.

Frå 1. januar 2011 vart det høve til å starte uttak av alderspensjon frå 62 år. I 2020 var gjennomsnittleg tal på mottakarar mellom 62 og 66 år om lag 90 000, i 2021 var det om lag 87 000 og i 2022 var det om lag 84 000. Gjennomsnittleg tal på alderspensjonistar var om lag 981 000 i 2020, om lag 1 001 000 i 2021 og om lag 1 010 000 i 2022.<sup>1</sup>

### Programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda

#### *Samla avvik mellom budsjett og rekneskap*

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap for lånetransaksjonar syner ei meirutgift på

<sup>1</sup> Gjennomsnittleg tal på mottakarar mellom 62 og 66 år og gjennomsnittleg tal på alderspensjonistar i 2020 og 2021 frå-  
vik noko frå tala som er oppgjeve i Meld. St. 3 (2021–2022)  
Statsrekneskapen 2021. Det er tidlegare oppgjeve tal for  
*middelebestand* som gjennomsnittleg tal. Tala for 2020 og  
2021 er justert til gjennomsnittleg tal.

204,3 mill. kroner av ei samla løyving på 13,7 mrd. kroner. Det er ikkje meirinntekter knytte til programområdet, sidan det berre inneheld overslagsløyvingar på tilskotspostar.

#### Trenden i rekneskapen i perioden 2020–2022

På programområde 33 *Arbeidsliv, folketrygda* har utgiftene minka nominelt med 27,3 mrd. kroner, frå 41,2 mrd. kroner til 13,9 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 31,9 prosent, og frå 2021 til 2022 minka dei med 50,4 prosent.

Endringa for programkategori 33.30 *Arbeidsliv, folketrygda* for 2022 kjem for det meste av at utgiftene til dagpengar har minka som følge av

færre dagpengemottakarar. Nedgangen i utgiftene kjem òg som følge av lågare utgifter til kortvarige stønadsordningar for sjølvstendig næringsdrivande, frilansarar og læringar som vart avvikla i løpet av 2022.

Av omsyn til svært mange søknader og lang sakshandsamingstid, vart det våren 2020 innført ei ordning med forskotering av dagpengar. Utbetaling av forskot er utgiftsførte i statsrekneskapen (kap. 2541, post 71), medan tilbakebetalingar av slike er frå 2022 inntektsførte under kap. 5705, post 72. Ved utgangen av 2022 var det om lag 0,45 mrd. kroner uteståande i slike forskot, mot om lag 1,4 mrd. kroner året før.

## 2.8 Helse- og omsorgsdepartementet

Helse- og omsorgsdepartementet har ansvaret for to budsjettområde: programområde 10 *Helse og*

*omsorg* og programområde 30 *Helsetenester, folketrygda*.

| Programområde 10 Helse og omsorg            |                                       | (i mill. kroner) |                |               |                |
|---|---------------------------------------|------------------|----------------|---------------|----------------|
| Programkategori                             |                                       | Rekneskap 2020   | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Rekneskap 2022 |
| 10.00                                       | Helse- og omsorgsdepartementet m.m.   | 1 764,0          | 3 797,2        | 4 303,3       | 5 662,8        |
| 10.10                                       | Folkehelse m.m.                       | 978,0            | 3 907,6        | 4 540,4       | 4 050,8        |
| 10.30                                       | Spesialisthelsetenester               | 172 577,4        | 187 292,1      | 189 582,2     | 189 641,7      |
| 10.40                                       | Sentral helseforvaltning              | 4 494,6          | 5 417,4        | 4 628,0       | 4 995,6        |
| 10.60                                       | Helse- og omsorgstenester i kommunane | 11 534,5         | 13 417,2       | 10 022,4      | 10 476,5       |
| 10.70                                       | Tannhelse                             | 323,0            | 359,1          | 455,7         | 431,0          |
| 10.80                                       | Kunnskap og kompetanse                | 698,9            | 538,0          | 770,2         | 765,5          |
| Sum før lånetransaksjonar                   |                                       | 192 370,3        | 214 728,7      | 214 302,0     | 216 023,9      |
| Lånetransaksjonar                           |                                       | 0,0              | 0,0            | 0,0           | 0,0            |
| Sum Helse og omsorg                         |                                       | 192 370,3        | 214 728,7      | 214 302,0     | 216 023,9      |
| Programområde 30 Helsetenester, folketrygda |                                       |                  |                |               |                |
| 30.10                                       | Spesialisthelsetenester m.m.          | 5 598,6          | 6 236,9        | 6 563,0       | 6 548,4        |
| 30.50                                       | Legehjelp, legemiddel m.m.            | 27 085,9         | 30 870,0       | 31 792,0      | 31 329,6       |
| 30.90                                       | Andre helsetiltak                     | 189,3            | 213,0          | 230,0         | 222,5          |
| Sum før lånetransaksjonar                   |                                       | 32 873,9         | 37 319,9       | 38 585,0      | 38 100,5       |
| Lånetransaksjonar                           |                                       | 0,0              | 0,0            | 0,0           | 0,0            |
| Sum Helsetenester, folketrygda              |                                       | 32 873,9         | 37 319,9       | 38 585,0      | 38 100,5       |
| Sum Helse- og omsorgsdepartementet          |                                       | 225 244,2        | 252 048,5      | 252 887,0     | 254 124,4      |

## Programområde 10 Helse og omsorg

### *Samla avvik mellom budsjett og rekneskap*

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 1 721,9 mill. kroner. Overført løyving frå 2021 aukar disponibel løyving med 6 229,2 mill. kroner, frå 214 302,0 mill. kroner til 220 531,2 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei mindreutgift på 4 507,4 mill. kroner samanlikna med disponibel løyving.

På programområdet er det netto meirinntekter på i alt 290,9 mill. kroner. Det er overført til saman 4 700,8 mill. kroner til 2023 på postar merkte «kan overførast» og vanlege driftspostar. Av overført beløp er 2 905 mill. kroner knytt til omsorgstenester og investeringstilskot til kommunane, jf. kap. 761. I tillegg er 251 mill. kroner overført frå tilskot til beredskapslagring legemidlar og smittevern-utstyr jf. kap. 702. Av samla overføring er 957 mill. kroner knytt til vaksinar og vaksinasjon, jf. kap. 710. Sjå vedlegg 2 for detaljert oversyn på dei einskilte budsjettkapitla.

Sjå òg tabell 1.10 i vedlegg 1, der fleire detaljar om overføringar og meirinntekter på programområdet er spesifiserte.

### *Trenden i rekneskapen i perioden 2020–2022*

På programområde 10 *Helse og omsorg* har utgiftene før lånetransaksjonar auka nominelt med 23,7 mrd. kroner, frå 192,4 mrd. kroner til 216,0 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 11,6 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 0,6 prosent.

Under programkategori 10.00 *Helse- og omsorgsdepartementet m.m.* har utgiftene auka med 3,9 mrd. kroner, frå 1,8 mrd. kroner til 5,7 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 115,3 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 49,1 prosent. Auken frå 2020 til 2021 er på 2,0 mrd. kroner. Auken er i hovudsak knytt til koronapandemien, mellom anna med om lag 1,6 mrd. kroner til legemidlar og utstyr til smittevern. Samstundes har utgiftene auka med 265 mill. kroner til å styrkje vaksinasjonsorganisasjonen CEPI, auka tilskot til Verdens helseorganisasjon (WHO) og auka utgifter til EU-kontingentar. Vidare er auken knytt til Steg 1 Digital samhandling og Felles kommunal journal. Desse hadde ei samla løyving på 295,5 mill. kroner. Auken frå 2021 til 2022 er på 1,9 mrd. kroner. Auken er i hovudsak knytt til koronapandemien, mellom anna med om lag 2,45 mrd. kroner til legemidlar, utstyr til smittevern og testutstyr.

Samstundes vart løyvingane til forvaltning og drift av nasjonale e-helse løysningar flytta tilbake til kommuneramma og sjukehusramma, kap. 571 og kap. 732, med 510 mill. kroner. Det var òg ein reduksjon på 159 mill. kroner knytt til arbeidet med Helseanalyseplattforma og 118 mill. kroner i reduserte inntekter frå helseføretaka til Direktoratet for e-helse. Utgifter til EU-kontingentar er auka med 30 mill. kroner, samstundes med ei nedgang på 219 mill. kroner for tilskot til CEPI og WHO.

Under programkategori 10.10 *Folkehelse m.m.* har utgiftene auka med 3,1 mrd. kroner, frå 1,0 mrd. kroner til 4,1 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 300 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 3,7 prosent. Auken over treårsperioden er i hovudsak knytt til innkjøp av vaksinar mot covid-19 og vaksinasjon mot covid-19.

Under programkategori 10.30 *Spesialisthelse-tenester* har utgiftene auka med knapt 17,1 mrd. kroner, frå knapt 172,6 mrd. kroner til drygt 189,6 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 8,5 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 1,3 prosent. Endringa frå 2021 til 2022 kjem mellom anna av auka kostnader knytt til pasientbehandlinga i dei regionale helseføretaka. I tillegg har helseføretaka vorte kompenserte for ekstra-kostnader knytt til pandemien.

Under programkategori 10.40 *Sentral helseforvaltning* har utgiftene auka med 0,5 mrd. kroner, frå 4,5 mrd. kroner til 5,0 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 20,5 prosent, og frå 2021 til 2022 minka dei med 7,8 prosent. Folkehelseinstituttet vart samla løyvd 370 mill. kroner til mellom anna krisehandtering og drift av koronavaksinasjonsprogrammet i 2022. For Helsedirektoratet vart dei samla løyvingane til pandemiltak reduserte med om lag 90 mill. kroner. Vidare var det ein sterk reduksjon i utgiftene til ordninga *Gjesteinnbyggeroppgjør for fastleger*. Legemiddelverket vart samla løyvd 45 mill. kroner grunna pandemien i 2021, og talet vart redusert til 34 mill. kroner i 2022. For Direktoratet for e-helse minka løyvinga med 17 mill. kroner knytt til standardisert språk.

Under programkategori 10.60 *Helse- og omsorgstenester i kommunane* har utgiftene minka med knapt 1,1 mrd. kroner, frå drygt 11,5 mrd. kroner til knapt 10,5 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 16,3 prosent, og frå 2021 til 2022 minka dei med 21,9 prosent. Endringa i utgifter frå 2021 til 2022 kjem av fleire endringar i løyvinga. Særskilde årsaker som forklarar nedgangen er at løyvinga til forsøksordninga for statleg finansiering av eldreomsorga vart redusert med

drygt 2,5 mrd. kroner i 2022 som følge av avviking av ordninga. Vidare var det fleire løyvingar i 2021 til ymse tiltak og tilskot knytt til koronapandemien som vart fasa ut eller redusert i 2022, mellom anna om lag 560 mill. kroner knytt til testing ved grenseovergangar og karantenehotell.

Under programkategori 10.70 *Tannhelse* har utgiftene auka med 0,1 mrd. kroner, frå 0,3 mrd. kroner til 0,4 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 11,2 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 20,0 prosent. Auken frå 2021 til 2022 er i hovudsak knytt til ein auke i løyving til oppbygging av eit tilbod til personar med alvorleg angst for tannbehandling, tortur- og overgrepsofre og personar med odontofobi med 60 mill. kroner.

Under programkategori 10.80 *Kunnskap og kompetanse* har auka med 0,1 mrd. kroner, frå 0,7 mrd. kroner til 0,8 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 23,0 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 42,3 prosent. Auken frå 2021 til 2022 er knytt til at kap. 780 *Forskning*, post 50 *Noregs forskingsråd* vart auka med 236 mill. kroner etter at løyvinga vart redusert i åra før, for å få ned avsetjingane i forskingsrådet.

### **Programområde 30 Helsetenester, folketrygda**

#### *Samla avvik mellom budsjett og rekneskap*

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei mindreutgift på 484,5 mill. kroner av ei samla løyving på 38,6 mrd. kroner. Det er ikkje meirinntekter eller overføringar av unytta løyvingar knytte til programområdet, som berre inneheld løyvingar på tilskotspostar.

#### *Trenden i rekneskapen i perioden 2020–2022*

På programområde 30 *Helsetenester, folketrygda* har utgiftene auka nominelt med 5,2 mrd. kroner, frå 32,9 mrd. kroner til 38,1 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 13,5 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 2,1 prosent.

Under programkategori 30.10 *Spesialisthelsetenester m.m.* har utgiftene auka med drygt 0,9 mrd. kroner, frå 5,6 mrd. kroner til drygt 6,5 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 11,4 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 5,0 prosent. Auken frå 2020 til 2021 og frå 2021 til 2022 er knytt til eit oppsamla behov grunna låg aktivitet som følge av pandemien.

Under programkategori 30.50 *Legehjelp* har utgiftene auka med drygt 4,2 mrd. kroner, frå 27,1 mrd. kroner til drygt 31,3 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 14,0 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 1,5 prosent. Auken frå 2020 til 2021 er som følge av årleg vekst i folketalet og eit oppsamla behov grunna auka legetenester på grunn av koronapandemien. Auken frå 2021 til 2022 syner òg auka utgifter på grunn av vekst i folketalet, legemiddel og til legetenester på grunn av pandemien.

Under programkategori 30.90 *Andre helsetiltak* har utgiftene auka med 33 mill. kroner, frå 189 mill. kroner til 223 mill. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 12,5 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 4,5 prosent. Auken kjem i hovudsak av auka utgifter til reiser og opphald både i 2021 og 2022.

## 2.9 Barne- og familiedepartementet

Barne- og familiedepartementet har ansvaret for to budsjettområde: programområde 11 *Barn og*

*familie* og programområde 28 *Foreldrepengar, folketrygda*.

| Programområde 11 Barn og familie             |  | (i mill. kroner)  |                   |                  |                   |
|--|--|-------------------|-------------------|------------------|-------------------|
| Program-<br>kategori                         |  | Rekneskap<br>2020 | Rekneskap<br>2021 | Budsjett<br>2022 | Rekneskap<br>2022 |
| 11.00  | Administrasjon   | 162,6             | 163,7             | 167,4            | 165,9             |
| 11.10  | Familie og oppvekst                                      | 19 594,9          | 20 754,4          | 21 324,2         | 21 382,9          |
| 11.20  | Barnevernet  | 9 173,0           | 9 356,7           | 8 504,4          | 8 625,2           |
| 11.30  | Forbrukarpolitikk  | 241,1             | 311,4             | 269,9            | 270,1             |
| 11.50  | Den norske kyrkja og andre trus- og livssyns-<br>samfunn | 2 819,3           | 3 307,6           | 3 508,8          | 3 528,0           |
| Sum før lånetransaksjonar                    |  | 31 990,8          | 33 893,8          | 33 774,7         | 33 972,0          |
| Lånetransaksjonar                            |  | 0,0               | 0,0               | 0,0              | 0,0               |
| Sum Barn og familie                          |  | 31 990,8          | 33 893,8          | 33 774,7         | 33 972,0          |
| Programområde 28 Foreldrepengar, folketrygda |  |                   |                   |                  |                   |
| 28.50  | Stønad ved fødsel og adopsjon                            | 21 781,3          | 23 259,4          | 24 682,0         | 24 056,4          |
| Sum før lånetransaksjonar                    |  | 21 781,3          | 23 259,4          | 24 682,0         | 24 056,4          |
| Lånetransaksjonar                            |  | 0,0               | 0,0               | 0,0              | 0,0               |
| Sum Foreldrepengar, folketrygda              |  | 21 781,3          | 23 259,4          | 24 682,0         | 24 056,4          |
| Sum Barne- og familiedepartementet           |  | 53 772,1          | 57 153,2          | 58 456,7         | 58 028,4          |

### Programområde 11 Barn og familie

#### Samla avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 197,4 mill. kroner. Overført løyving frå 2021 aukar disponibel løyving med 362,6 mill. kroner, frå 33 774,7 mill. kroner til 34 137,3 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei mindreutgift på 165,2 mill. kroner samanlikna med disponibel løyving.

På programområdet er det netto meirinntekter på i alt 16,6 mill. kroner. Det er overført til saman 203,3 mill. kroner til 2023 på postar merkte «kan overførast» og vanlege driftspostar.

Sjå òg tabell 1.10 i vedlegg 1, der fleire detaljar om overføringar og meirinntekter på programområdet er spesifiserte.

#### Trenden i rekneskapen i perioden 2020–2022

På programområde 11 *Barn og familie* har utgiftene før lånetransaksjonar auka nominelt med 2,0 mrd. kroner, frå 32,0 mrd. kroner til 34,0 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 5,9

prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 0,2 prosent.

Under programkategori 11.10 *Familie og oppvekst* har utgiftene auka med 1,8 mrd. kroner, frå 19,6 mrd. kroner til 21,4 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 5,9 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 3,0 prosent. Det har i perioden vore ein auke i barnetrygd for barn under 6 år. I tillegg kjem mellom anna auka innsats for å inkludere barn og unge og til tiltak mot vald og overgrep.

Under programkategori 11.20 *Barnevernet* har utgiftene minka med drygt 0,5 mrd. kroner, frå knapt 9,2 mrd. kroner til drygt 8,6 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 2,0 prosent, og frå 2021 til 2022 minka dei med 7,8 prosent. Hovudårsaka er at utgiftene til det statlege barnevernet har gått ned samla sett i perioden som følgje av lågare aktivitet.

Under programkategori 11.50 *Den norske kyrkja og andre trus- og livssynssamfunn* har utgiftene auka med 0,7 mrd. kroner, frå 2,8 mrd. kroner til 3,5 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 17,3 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 6,7 prosent. Utgiftene har mellom anna auka

grunna fleire medlemmer i trus- og livssynssamfunn. Auken frå 2020 til 2021 var større enn vanleg fordi det vart overført midlar frå kommunane til staten, som følgje av at tilskotsordninga til trus- og livssynssamfunn vart lagd om i 2021. Før 2021 fekk trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja om lag halvparten av tilskotet frå kommunane og halvparten frå staten. Frå 2021 vart desse tilskota samla til eitt statleg tilskot. Eit særskilt straumtilskot på 30 mill. kroner til Den norske kyrkja i 2022 bidrog òg til at det samla tilskotet til Den norske kyrkja (inkl. Sjømannskyrkja) hadde ein auke frå 2021 til 2022.

### Programområde 28 Foreldrepengar, folketrygda

*Samla avvik mellom budsjett og rekneskap*

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap for lånetransaksjonar syner ei mindreutgift på

625,6 mill. kroner av ei samla løyving på 24,7 mrd. kroner. Det er ikkje meirinntekter eller overføringar av unytta løyvingar knytte til programområdet, som berre inneheld overslagsløyvingar på tilskotspostar.

#### *Trenden i rekneskapen i perioden 2020–2022*

Under programkategori 28.50 *Stønad ved fødsel og adopsjon* har utgiftene før lånetransaksjonar auka nominelt med 2,3 mrd. kroner, frå 21,8 mrd. kroner til 24,1 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 6,8 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 3,4 prosent. Satsen til eingongsstønad ved fødsel og adopsjon har auka i perioden. I tillegg har det vore ein utgiftsvekst som mellom anna kjem av fleire mottakarar og høgare gjennomsnittleg utbetaling av foreldrepengar.

## 2.10 Nærings- og fiskeridepartementet

Nærings- og fiskeridepartementet har ansvaret for programområde 17 *Nærings- og fiskeriføremål*.

I tillegg har departementet ansvar for programkategori 33.40 *Arbeidsliv, folketrygda*.

| Programområde 17 Nærings- og fiskeriføremål |                                 | (i mill. kroner) |                |               |                |
|---|---------------------------------|------------------|----------------|---------------|----------------|
| Programkategori                             |                                 | Rekneskap 2020   | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Rekneskap 2022 |
| 17.10                                       | Forvaltning og rammevilkår      | 13 661,4         | 16 046,9       | 10 462,5      | 10 273,2       |
| 17.20                                       | Forsking og innovasjon          | 13 623,9         | 10 459,1       | 8 359,4       | 9 004,6        |
| 17.30                                       | Marknadsadgang og eksport       | 11 798,5         | 589,0          | 524,5         | 463,2          |
| 17.40                                       | Statleg eigarskap <sup>2)</sup> | 28 847,8         | 25 690,2       | 28 727,2      | 29 093,9       |
| 17.50                                       | Kystforvaltning <sup>1)</sup>   | 2 758,7          | 2 535,3        | 3 055,8       | 3 022,9        |
| Sum før lånetransaksjonar                   |                                 | 70 690,4         | 55 320,6       | 51 129,4      | 51 857,8       |
| Lånetransaksjonar                           |                                 | 73 441,9         | 83 169,7       | 82 242,0      | 76 669,0       |
| Sum Nærings- og fiskeriføremål              |                                 | 144 132,3        | 138 490,3      | 133 371,4     | 128 526,8      |
| Programområde 33 Arbeidsliv, Folketrygda    |                                 |                  |                |               |                |
| 33.40                                       | Arbeidsliv                      | 100,0            | 70,0           | 70,0          | 63,0           |
| Sum før lånetransaksjonar                   |                                 | 100,0            | 70,0           | 70,0          | 63,0           |
| Lånetransaksjonar                           |                                 | 0,0              | 0,0            | 0,0           | 0,0            |
| Sum Arbeidsliv, Folketrygda                 |                                 | 100,0            | 70,0           | 70,0          | 63,0           |
| Sum Nærings- og fiskeridepartementet        |                                 | 144 232,3        | 138 560,3      | 133 441,4     | 128 589,8      |

<sup>1)</sup> Kystforvaltning er frå 2022 flytta til programkategori 17.50 under Nærings- og fiskeridepartementet frå programkategori 21.60 under Samferdselsdepartementet. Samanlikningstal for 2020 og 2021 er omklassifiserte tilsvarande.

<sup>2)</sup> Forvaltninga av Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (SDØE)/Petoro er frå 2022 flytta frå programkategori 18.10 Petroleum under Olje- og energidepartementet til programkategori 17.50 Statleg eigarskap under Nærings- og fiskeridepartementet. Samanlikningstal for 2020 og 2021 er omklassifiserte tilsvarande.

**Programområde 17 Nærings- og fiskeriføremål***Samla avvik mellom budsjett og rekneskap*

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap for lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 728,4 mill. kroner. Overført løyving frå 2021 aukar disponibel løyving med 2 457,9 mill. kroner, frå 51 129,4 mill. kroner til 53 587,3 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei mindreutgift på 1 729,6 mill. kroner samanlikna med disponibel løyving.

På programområdet er det netto meirinntekter på i alt 59,1 mill. kroner. Det er overført til saman 1 665,4 mill. kroner til 2023 på postar merkte «kan overførast» og vanlege driftspostar.

Lånetransaksjonar syner ei mindreutgift på 5 573,0 mill. kroner.

Sjå òg tabell 1.10 i vedlegg 1, der fleire detaljar om overføringar og meirinntekter på programområdet er spesifiserte.

*Trenden i rekneskapen i perioden 2020–2022*

På programområde 17 *Nærings- og fiskeriføremål* har utgiftene før lånetransaksjonar minka nominelt med 18,8 mrd. kroner, frå 70,7 mrd. kroner til 51,9 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 21,7 prosent, og frå 2021 til 2022 minka dei med 6,3 prosent.

Under programkategori 17.10 *Forvaltning og rammevilkår* har utgiftene minka med 3,4 mrd. kroner, frå 13,7 mrd. kroner til 10,3 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 17,5 prosent, og frå 2021 til 2022 minka dei med 36,0 prosent. Hovudårsaka til auken frå 2020 til 2021 er ekstraordinære tilskot som følgje av pandemien, spesielt mellombels kompensasjonsordning for verksemdar med stort fall i omsetning der det vart utbetalt meir enn 7,8 mrd. kroner i 2021<sup>2</sup>. Hovudårsaka til reduksjonen frå 2021 til 2022 er at det berre vart utgiftsført 464 mill. kroner under denne ordninga i 2022. Likeins er det òg eit par andre mellombelse ordningar grunna pandemien der utbetalingane vart om lag 0,4 mrd. kroner lågare i 2022 enn i 2021. Utbetalingane under tilskotsordninga for sysselsetjing av sjøfolk vart om lag 0,3 mrd. kroner lågare i 2022 enn i 2021, medan tilskot til kommunar og fylkeskommunar for vederlag for nye oppdrettsløyve og vekst i eksisterande løyve vart om lag 2,1 mrd. kroner høgare i 2022 enn i 2021.

Under programkategori 17.20 *Forsking og innovasjon* har utgiftene minka med 4,6 mrd. kroner, frå 13,6 mrd. kroner til 9,0 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 23,2 prosent, og frå 2021 til 2022 minka dei med 13,9 prosent. Hovudgrunnen til nedgangen frå 2020 til 2021 er ekstraordinære tiltak i møte med pandemien på Innovasjon Noreg og Noregs forskingsråd sine budsjett i 2020 som vart vidareførte i mindre omfang i 2021. Nedgangen frå 2021 til 2022 er knytt til at dei ekstraordinære tiltaka på Innovasjon Noreg sitt budsjett vart ytterlegare reduserte i 2022.

Under programkategori 17.30 *Marknadsadgang og eksport* har utgiftene minka med 11,3 mrd. kroner, frå 11,8 mrd. kroner til 0,5 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 95,0 prosent, og frå 2021 til 2022 minka dei med 21,4 prosent. Det meste av reduksjonen frå 2020 til 2021 galdt løyvingar i 2020 på høvesvis 10 mrd. kroner til avsetjing for forventa tap for Garantiinstituttet for eksportkreditt si alminnelege garantiordning, og avsetjing til forventa tap for ny statleg garantiordning for re-forsikring av kredittforsikring på om lag 1,6 mrd. kroner. Reduksjonen frå 2021 til 2022 har mellom anna samanheng med mindre utbetalingar til eksportfremje i 2022 som følgje av at det har teke lang tid å omorganisere verksemda med avvikling av Eksportstrategirådet og etablering av Nasjonalt eksportråd.

Under programkategori 17.40 *Statleg eigarskap* har utgiftene auka med drygt 0,2 mrd. kroner, frå drygt 28,8 mrd. kroner til knapt 29,1 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 10,9 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 13,2 prosent. Hovudgrunnen er variasjon i årlege investeringar for Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (SDØE).

Under programkategori 17.50 *Kystforvaltning* har utgiftene auka med knapt 0,3 mrd. kroner, frå knapt 2,8 mrd. kroner til drygt 3,0 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 8,1 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 19,2 prosent. Hovudårsaka til nedgangen frå 2020 til 2021 gjaldt større utstyrskjøp og vedlikehald, medan auken frå 2021 til 2022 i hovudsak kjem av auka aktivitet og investeringar etter pandemien.

Utgiftene under *lånetransaksjonar* auka med 9,7 mrd. kroner frå 2020 til 2021, og vart reduserte med 6,5 mrd. kroner frå 2021 til 2022. Auken frå 2020 til 2021 kjem hovudsakeleg av at utlån til Innovasjon Noreg auka med 13,4 mrd. kroner og lån under eksportkredittordninga auka med om lag 0,5 mrd. kroner, medan lån under trekkfullmakt til Eksportfinansiering Noreg (Eksfin) vart redusert med 5,8 mrd. kroner. Nedgangen frå

<sup>2</sup> I 2020 vart ei liknande tilskotsordning handsama under Finansdepartementets kap. 1634, post 70, og det vart gjenom denne utbetalt drygt 7 mrd. kroner.



2021 til 2022 kjem av at lån til Innovasjon Noreg og eksportkredittordninga vart redusert med høvesvis 3,9 og 2,5 mrd. kroner, medan lån til Eksfin auka med om lag 4,7 mrd. kroner. Lån og eigenkapital til fleire selskap vart lågare i 2022 enn i 2021.

Sjå òg kapittel 2.17 der detaljar kring Innovasjon Noreg sine utlån og statleg eksportkredittordning er nærare spesifiserte.

### Programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda

#### Samla avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei mindreutgift på 7,0 mill. kroner. Det er ikkje meirinntekter eller

overføringar av unytta løyvingar knytte til programområdet, som berre omfattar ein tilskotspost (overslagsløyving).

#### Trenden i rekneskapen i perioden 2020–2022

På programområde 33 *Arbeidsliv, folketrygda* har utgiftene minka med 37 mill. kroner, frå 100 mill. kroner til 63 mill. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 30,0 prosent, og frå 2021 til 2022 minka dei med 10,0 prosent. Utgiftene gjeld arbeidsløsestønad til fiskarar og fangstmenn, og løyvinga er ei overslagsløyving. Stønaden vert finansiert innanfor det beløpet som fiskarar betaler i produktavgift ved fyrstehandsomsetjing av fisk og fiskevarer.

## 2.11 Landbruks- og matdepartementet

| Programområde 15 Landbruk og mat   |   | (i mill. kroner)  |                   |                  |                   |
|------------------------------------|---|-------------------|-------------------|------------------|-------------------|
| Program-kategori                   |   | Rekneskap<br>2020 | Rekneskap<br>2021 | Budsjett<br>2022 | Rekneskap<br>2022 |
| 15.00                              | Administrasjon m.m.                                 | 210,2             | 204,5             | 188,9            | 192,5             |
| 15.10                              | Matpolitikk   | 1 495,7           | 1 544,0           | 1 618,1          | 1 617,6           |
| 15.20                              | Forskning, innovasjon og kunnskapsutvikling         | 865,8             | 866,5             | 852,2            | 860,0             |
| 15.30                              | Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak | 18 037,2          | 18 304,9          | 24 257,1         | 22 798,6          |
| Sum før lånetransaksjonar          |   | 20 608,9          | 20 919,9          | 26 916,3         | 25 468,8          |
| Lånetransaksjonar                  |   | 0,0               | 0,0               | 2 624,9          | 2 624,9           |
| Sum Landbruks- og matdepartementet |   | 20 608,9          | 20 919,9          | 29 541,2         | 28 093,7          |

#### Samla avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei mindreutgift på 1 447,5 mill. kroner. Overført løyving frå 2021 aukar disponibel løyving med 634,6 mill. kroner, frå 26 916,3 mill. kroner til 27 550,9 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei mindreutgift på 2 082,1 mill. kroner samanlikna med disponibel løyving.

På programområdet er det netto meirinntekter på i alt 12,7 mill. kroner. Det er overført til saman 1 844,1 mill. kroner til 2023 på postar merkte «kan overførast» og vanlege driftspostar.

Sjå òg tabell 1.10 i vedlegg 1, der fleire detaljar om overføringar og meirinntekter på programområdet er spesifiserte.

#### Trenden i rekneskapen i perioden 2020–2022

På programområde 15 *Landbruk og mat* har utgiftene før lånetransaksjonar auka nominelt med 4,9 mrd. kroner, frå 20,6 mrd. kroner til 25,5 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 1,5 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 21,7 prosent.

Under programkategori 15.10 *Matpolitikk* har utgiftene auka med 0,1 mrd. kroner, frå 1,5 mrd. kroner til 1,6 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 3,2 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 4,8 prosent. Midlane har gått til kunnskapsutvikling og til drift av Mattilsynet, og til Mattilsynet si handtering av kjæledyr som fordrivne frå Ukraina har hatt med seg til Noreg.

Under programkategori 15.20 *Forskning, innovasjon og kunnskapsutvikling* har utgiftene minka med 6 mill. kroner, frå 866 mill. kroner til 860 mill. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 0,1

prosent, og frå 2021 til 2022 minka dei med 0,7 prosent. Midlane har gått til forskning, innovasjon, basisløyvingar til primærnæringsinstitutta og kunnskapsutvikling.

Under programkategori 15.30 *Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak* har utgiftene auka med 4,8 mrd. kroner, frå 18,0 mrd. kroner til 22,8 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 1,5 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 24,5 prosent. I 2022 gjeld om lag 20,9 mrd. kroner løyvingar til næringsavtalane for landbruk og

reindrift. Resten av midlane er fordelte mellom driftsmidlar og midlar til ulike tilskotsordningar utanfor næringsavtalane. I 2022 vart utbetalingar til pelsdyrerstatningar, naturskadeerstatningar og straumstønad lågare enn budsjettert.

Utgiftene under *lånetransaksjonar* i 2022 heng saman Statskog SF sitt kjøp av aksjane i AS Meraker Brug. Kjøpet vart finansiert gjennom ein eigenkapitalauke på 2,35 mrd. kroner og eit lån frå staten på 300 mill. kroner. Sjå Prop. 6 S (2022–2023).

## 2.12 Samferdselsdepartementet

Samferdselsdepartementet har ansvaret for to budsjettområde: programområde 21 *Innanlands transport* og programområde 22 *Posttenester*.

| Programområde 21 Innanlands transport <sup>1)</sup> |                           | (i mill. kroner)  |                   |                  |                   |
|---|---------------------------|-------------------|-------------------|------------------|-------------------|
| Program-<br>kategori                                |                           | Rekneskap<br>2020 | Rekneskap<br>2021 | Budsjett<br>2022 | Rekneskap<br>2022 |
| 21.10   | Administrasjon m.m.       | 445,4             | 440,5             | 489,3            | 447,3             |
| 21.20   | Luffartsføremål           | 6 410,0           | 5 486,2           | 1 235,2          | 1 281,4           |
| 21.30   | Vegføremål                | 38 937,8          | 40 688,6          | 39 808,2         | 40 689,3          |
| 21.40   | Særskilde transporttiltak | 4 399,8           | 5 735,4           | 5 813,6          | 5 810,2           |
| 21.50   | Jernbaneføremål           | 28 108,0          | 30 623,8          | 32 576,4         | 33 099,9          |
| Sum før lånetransaksjonar                           |                           | 78 301,1          | 82 974,6          | 79 922,7         | 81 328,0          |
| Lånetransaksjonar                                   |                           | 0,0               | 200,1             | 7,2              | 7,2               |
| Sum Innanlands transport                            |                           | 78 301,1          | 83 174,7          | 79 929,9         | 81 335,2          |
| Programområde 22 Posttenester                       |                           |                   |                   |                  |                   |
| 22.10   | Posttenester              | 689,7             | 760,3             | 945,6            | 945,6             |
| Sum før lånetransaksjonar                           |                           | 689,7             | 760,3             | 945,6            | 945,6             |
| Lånetransaksjonar                                   |                           | 0,0               | 0,0               | 0,0              | 0,0               |
| Sum Posttenester                                    |                           | 689,7             | 760,3             | 945,6            | 945,6             |
| Sum Samferdselsdepartementet                        |                           | 78 990,8          | 83 935,0          | 80 875,5         | 82 280,9          |

<sup>1)</sup> Programkategori 21.60 Kystforvaltning under Samferdselsdepartementet er frå 2022 flytta til programkategori 17.50 under Nærings- og fiskeridepartementet. Samanlikningstal for 2020 og 2021 er omklassifiserte tilsvarande.

### Programområde 21 Innanlands transport

#### *Samla avvik mellom budsjett og rekneskap*

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 1 405,3 mill. kroner. Overført løyving frå 2021 aukar disponibel løyving med 3 408,6 mill. kroner, frå 79 922,7 mill. kroner til 83 331,2 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei mindreutgift på

2 003,2 mill. kroner samanlikna med disponibel løyving.

På programområdet er det netto meirinntekter på i alt 65,6 mill. kroner. Det er overført til saman 1 701,8 mill. kroner til 2023 på postar merkte «kan overførast» og vanlege driftspostar.

Dette er ein netto nedgang på 1 706,7 mill. kroner. Nedgangen i overføringane er hovudsakleg knytte til kapitla 1320 *Statens vegvesen* og 1352

*Jernbanedirektoratet.* Sjå vedlegg 2 for detaljert oversyn på dei einskilde budsjettkapitla.

Sjå òg tabell 1.10 i vedlegg 1, der fleire detaljar om overføringar og meirinntekter på programområdet er spesifiserte.

#### *Trenden i rekneskapen i perioden 2020–2022*

På programområde 21 *Innanlands transport* har utgiftene før lånetransaksjonar auka nominelt med 3,0 mrd. kroner, frå 78,3 mrd. kroner til 81,3 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 6,0 prosent, og frå 2021 til 2022 minka dei med 2,0 prosent.

Under programkategori 21.10 *Administrasjon m.m.* har utgiftene auka med 2 mill. kroner, frå 445 mill. kroner til 447 mill. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 1,1 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 1,5 prosent. Reduksjonen frå 2020 til 2021 gjaldt mellom anna lågare driftsutgifter i departementet på grunn av pandemien. Auken frå 2021 til 2022 gjeld mellom anna utgifter til ei ny tilskotsordning for pilotprosjekt for fossilfrie anleggsplassar.

Under programkategori 21.20 *Luftfartsføremål* har utgiftene minka med 5,1 mrd. kroner, frå 6,4 mrd. kroner til 1,3 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 14,4 prosent, og frå 2021 til 2022 minka dei med 76,6 prosent. Reduksjonen i heile perioden kjem av at utgifter på grunn av koronapandemien vart fasa ut. Frå 2020 til 2021 gjaldt det utgifter til å oppretthalde eit minstetilbod av flyruter, og frå 2021 til 2022 gjaldt det i hovudsak tilskotet til Avinor AS.

Under programkategori 21.30 *Vegføremål* har utgiftene auka med 1,8 mrd. kroner, frå 38,9 mrd. kroner til 40,7 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 4,5 prosent, og frå 2021 til 2022 var utgiftene om lag uendra. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene til tilskot til å redusere bompenggjeld, bompengetakstar m.m., til tilskot til fylkesvegar som er viktige for fiske- og havbruksnæringane, og til drift og vedlikehald av riksvegar. Frå 2021 til 2022 auka tilskotet til riksvegferjetenester fordi ein gjekk over til å bruttobudsjettere desse utgiftene, slik at utgifter og inntekter vert førte kvar for seg. Utgiftene til tilskot til å redusere bompenggjeld, bompengetakstar m.m. gjekk i 2022 ned samanlikna med 2021.

Under programkategori 21.40 *Særskilde transporttiltak* har utgiftene auka med 1,4 mrd. kroner, frå 4,4 mrd. kroner til 5,8 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 30,4 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 1,3 prosent. Auken frå 2020 til 2021 gjaldt i hovudsak tilskot til byområde og omfattar påskjøningsmidlar til bymiljøavtalar og byvekstavtalar og ulike tilskot til kollektivtransport og det særskilde tilskotet til store kollektivprosjekt. Det sistnemnde tilskotet auka òg frå 2021 til 2022.

Under programkategori 21.50 *Jernbaneføremål* har utgiftene auka med 5,0 mrd. kroner, frå 28,1 mrd. kroner til 33,1 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 9,0 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 8,1 prosent. Den største auken i utgifter både frå 2020 til 2021 og frå 2021 til 2022 var utgifter til investeringar og planlegging av desse. I 2021 var det òg ei eingongsutgift i samband med at staten ved Samferdselsdepartementet tok over eigarskapen til Spordrift AS frå Bane NOR SF.

#### **Programområde 22 Posttenester**

##### *Samla avvik mellom budsjett og rekneskap*

Det er ikkje avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar i 2022. Overført løyving frå 2021 aukar disponibel løyving med 5,3 mill. kroner, frå 945,6 mill. kroner til 950,9 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei mindreutgift på 5,3 mill. kroner samanlikna med disponibel løyving.

Programområdet omfattar berre ein tilskotspost. Det er overført til saman 5,3 mill. kroner til 2023 på denne posten som er merkt «kan overføres». Det er ikkje meirinntekter knytt til programområdet.

##### *Trenden i rekneskapen i perioden 2020–2022*

På programområde 22 *Posttenester* har utgiftene før lånetransaksjonar auka nominelt med 256 mill. kroner, frå 690 mill. kroner til 946 mill. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 10,2 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 24,4 prosent. Auken i heile perioden gjeld auka utgifter til omdeling av post og distribusjon av avisar.

## 2.13 Klima- og miljødepartementet

| Programområde 12 Klima og miljø  |   | (i mill. kroner)  |                   |                  |                   |
|----------------------------------|---|-------------------|-------------------|------------------|-------------------|
| Program-<br>kategori             |   | Rekneskap<br>2020 | Rekneskap<br>2021 | Budsjett<br>2022 | Rekneskap<br>2022 |
| 12.10                            | Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt arbeid m.m. | 2 391,9           | 2 347,5           | 2 363,3          | 2 371,3           |
| 12.20                            | Klima, naturmangfold og forureining                   | 10 433,9          | 9 589,4           | 13 450,8         | 13 173,6          |
| 12.30                            | Kulturminne og kulturmiljø                            | 847,9             | 847,7             | 793,9            | 803,3             |
| 12.60                            | Nord- og polarområda                                  | 508,7             | 498,5             | 473,7            | 518,9             |
| 12.70                            | Internasjonalt klimaarbeid                            | 3 357,6           | 3 192,7           | 2 868,3          | 2 973,6           |
| Sum før lånetransaksjonar        |   | 17 540,0          | 16 475,9          | 19 949,9         | 19 840,6          |
| Lånetransaksjonar                |   | 0,0               | 0,0               | 0,0              | 0,0               |
| Sum Klima- og miljødepartementet |   | 17 540,0          | 16 475,9          | 19 949,9         | 19 840,6          |

### Samla avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei mindreutgift på 109,3 mill. kroner. Overført løyving frå 2021 aukar disponibel løyving med 470,4 mill. kroner, frå 19 949,9 mill. kroner til 20 420,3 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei mindreutgift på 579,7 mill. kroner samanlikna med disponibel løyving.

På programområdet er det netto meirinntekter på i alt 19,2 mill. kroner. Det er overført til saman 360,9 mill. kroner til 2023 på postar merkte «kan overførast» og vanlege driftspostar.

Sjå òg tabell 1.10 i vedlegg 1, der fleire detaljar om overføringar og meirinntekter på programområdet er spesifiserte.

### Trenden i rekneskapen i perioden 2020–2022

På programområde 12 *Klima og miljø* har utgiftene før lånetransaksjonar auka nominelt med 2,3 mrd. kroner, frå 17,5 mrd. kroner til 19,8 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 6,1 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 20,4 prosent.

Under programkategori 12.10 *Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt arbeid m.m.* har utgiftene minka med 21 mill. kroner, frå 2 392 mill. kroner til 2 371 mill. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 1,9 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 1,0 prosent. Endringane kjem som følge av at normal aktivitet er gjenoppteken etter pandemien.

Under programkategori 12.20 *Klima, naturmangfold og forureining* har utgiftene auka med drygt 2,7 mrd. kroner, frå drygt 10,4 mrd. kroner

til knapt 13,2 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 8,1 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 37,4 prosent. Det meste av både reduksjonen i 2021 og auken i 2022 har å gjere med endringar i utbetaling av CO<sub>2</sub>-kompensasjon for industrien og overføringa til Klima- og energifondet. Hovudårsaka til auken i 2022 kjem av høgare utbetalingar til CO<sub>2</sub>-kompensasjonsordningen for industrien mellom anna som følge av inkludering av eigenkraft i ordninga. Vidare auka overføringane til Klima- og energifondet som følge av den mellombelse energitilskotsordninga til næringslivet i samband med høge straumprisar. Grøn omstillingspakke for næringslivet, medrekna støtte til utbygging av hurtigladarar og andre tiltak i regi av Enova, til dømes for hushaldningane, bidrog og til auka overføringar til Klima- og energifondet.

Under programkategori 12.30 *Kulturminne og kulturmiljø* har utgiftene minka med 45 mill. kroner, frå 848 mill. kroner til 803 mill. kroner. Frå 2020 til 2021 var utgiftene om lag uendra, og frå 2021 til 2022 minka dei med 5,2 prosent. Reduksjonen i 2022 har samband med at utgravinga av Gjellestadskipet vart ferdig i 2021 og at fleire prosjekt innanfor kulturminneforvaltning er tidkrevjande å gjennomføre.

Under programkategori 12.60 *Nord- og polarområda* har utgiftene auka med 10 mill. kroner, frå 509 mill. kroner til 519 mill. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 2,0 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 4,1 prosent. Auken i 2022 kjem i hovudsak av ekstraordinære kostnader med etablering av nytt lossepunkt for forskingsstasjonen Troll i Antarktis. I tillegg har kostnadene generelt auka mykje på grunn av høgare prisvekst og da særleg på drivstoff til Troll.

Under programkategori 12.70 *Internasjonalt klimaarbeid* har utgiftene minka med 0,4 mrd. kroner, frå 3,4 mrd. kroner til 3,0 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 4,9 prosent, og frå 2021 til 2022 minka dei med 6,9 prosent.

Endringane frå 2021 til 2022 kjem av lågare utgifter til kjøp av klimakvotar med opphav i uvisse rundt planlegging av utbetalingar i ein marknad under Parisavtala som framleis ikkje er fullt utvikla.

## 2.14 Finansdepartementet

| Programområde 23 Finansadministrasjon |   | (i mill. kroner)  |                   |                  |                   |
|---------------------------------------|---|-------------------|-------------------|------------------|-------------------|
| Program-<br>kategori                  |   | Rekneskap<br>2020 | Rekneskap<br>2021 | Budsjett<br>2022 | Rekneskap<br>2022 |
| 23.10                                 | Finansadministrasjon                    | 1 752,6           | 1 932,8           | 1 942,5          | 1 976,0           |
| 23.20                                 | Skatte-, avgifts- og tolladministrasjon | 9 005,7           | 9 770,5           | 10 217,9         | 9 976,7           |
| 23.30                                 | Offisiell statistikk                    | 888,5             | 865,0             | 905,4            | 911,7             |
| 23.40                                 | Andre føremål                           | 54 868,2          | 38 579,1          | 41 645,6         | 42 208,7          |
| Sum før lånetransaksjonar             |   | 66 514,9          | 51 147,4          | 54 711,3         | 55 073,1          |
| Lånetransaksjonar                     |   | 50 000,0          | 0,0               | 0,0              | 0,0               |
| Sum Finansdepartementet               |   | 116 514,9         | 51 147,4          | 54 711,3         | 55 073,1          |

### Samla avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap for lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 361,7 mill. kroner. Overført løyving frå 2021 aukar disponibel løyving med 629,8 mill. kroner, frå 54 711,3 mill. kroner til 55 341,1 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei mindreutgift på 268,0 mill. kroner samanlikna med disponibel løyving.

På programområdet er det netto meirinntekter på i alt 58,5 mill. kroner. Det er overført til saman 862,4 mill. kroner til 2023 på postar merkte «kan overførast» og vanlege driftspostar.

Sjå òg tabell 1.10 i vedlegg 1, der fleire detaljar om overføringer og meirinntekter på programområdet er spesifiserte.

### Trenden i rekneskapen i perioden 2020–2022

På programområde 23 *Finansadministrasjon* har utgiftene før lånetransaksjonar minka nominelt med 11,4 mrd. kroner, frå 66,5 mrd. kroner til 55,1 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 23,1 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 7,7 prosent.

Under programkategori 23.10 *Finansadministrasjon* har utgiftene auka med drygt 0,2 mrd. kroner, frå knapt 1,8 mrd. kroner til knapt 2,0 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 10,3 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 2,2 prosent. Som følgje av fleire kundar stod Direktoratet

for forvaltning og økonomistyring for størstedelen av samla auke frå 2020 til 2022.

Under programkategori 23.20 *Skatte-, avgifts- og tolladministrasjon* har utgiftene auka med 1,0 mrd. kroner, frå 9,0 mrd. kroner til 10,0 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 8,5 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 2,1 prosent. Tolletatens utgifter auka reelt litt i perioden. I Skatteetaten auka aktiviteten i perioden med 11,7 prosent, mellom anna fordi etaten 1. november 2020 tok over skatteoppkrevjarfunksjonen frå kommunane og som følgje av ekstrabelastningar som følgje av pandemien. I tillegg fekk Skatteetaten over eit kapittel under programkategori 23.40 Andre føremål dekt ekstra driftsutgifter med 366 mill. kroner til å administrere ymse tilskottsordningar i pandemiperioden.

Under programkategori 23.30 *Offisiell statistikk* har utgiftene auka med 23 mill. kroner, frå 889 mill. kroner til 912 mill. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 2,6 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 5,4 prosent. Reduksjonen i 2021 gjaldt særleg marknadsoppdraget (post 21 Spesielle driftsutgifter) og hadde si årsak i lågare etterspurnad under pandemien.

Under programkategori 23.40 *Andre føremål* har utgiftene minka med 12,7 mrd. kroner, frå 54,9 mrd. kroner til 42,2 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 29,7 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 9,4 prosent. Dei største utgiftene under kategorien gjeld dei regelstyrte ordningane med kompensasjon for meirverdiavgift

og nettoføring av statleg meirverdiavgift. Samla utgifter til desse ordningane var i 2020 vel 37,3 mrd. kroner og i 2022 nærmare 41,1 mrd. kroner.

Det meste av auken under denne kategorien i 2020 og reduksjonen i 2021 gjaldt kompensasjonar i samband med koronapandemien. I åra 2020–2022 vart det nytta om lag 8,5 mrd. kroner som tilskot til verksemdar med rett til tilskot og som stønad for å ta permitterte tilbake i jobb. Det vart òg sett av 10 mrd. kroner til å dekkje delar av moglege tap i samband med ei garantiordning for lån til små og mellomstore føretak med akutt mangel på likviditet som følgje av pandemien. Samla utbe-

talingar i åra 2020–2022 som følgje av tap var om lag 278 mill. kroner. Det er Eksportfinansiering Noreg som forvaltar garantiordninga og sett opp rekneskap for midlane, som i kapitalrekneskapen er førte opp med 9,722 mrd. kroner på høvesvis konto 641602 og 811602 ved utgangen av 2022.

Under *lånetransaksjonar* vart det i 2020 rekneskapsført 50 mrd. kroner som kapitalinnskot i Statens obligasjonsfond. Dette fondet verka under finanskrisa i 2009 og nokre år deretter. Fondet vart oppretta på ny i 2020 for å medverke til betre likviditet og meir kapital i den norske obligasjonsmarknaden.

## 2.15 Forsvarsdepartementet

| Programområde 04 Militært forsvar |                   | (i mill. kroner)  |                  |                   |  |
|-----------------------------------|-------------------|-------------------|------------------|-------------------|--|
| Program-<br>kategori              | Rekneskap<br>2020 | Rekneskap<br>2021 | Budsjett<br>2022 | Rekneskap<br>2022 |  |
| 04.10 Militært forsvar m.m.       | 61 850,7          | 67 590,5          | 79 562,1         | 78 493,0          |  |
| Sum før lånetransaksjonar         | 61 850,7          | 67 590,5          | 79 562,1         | 78 493,0          |  |
| Lånetransaksjonar                 | 0,0               | 0,0               | 0,0              | 0,0               |  |
| Sum 04 Forsvarsdepartementet      | 61 850,7          | 67 590,5          | 79 562,1         | 78 493,0          |  |

### Samla avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei mindreutgift på 1 069,1 mill. kroner. Overført løyving frå 2021 aukar disponibel løyving med 1 356,1 mill. kroner, frå 79 562,1 mill. kroner til 80 918,2 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei mindreutgift på 2 425,3 mill. kroner samanlikna med disponibel løyving.

På programområdet er det netto meirinntekter på i alt 690,0 mill. kroner. Det er overført til saman 3 082,8 mill. kroner til 2023 på postar merkte «kan overførast» og vanlege driftspostar.

Sjå òg tabell 1.10 i vedlegg 1, der fleire detaljar om overføringar og meirinntekter på programområdet er spesifiserte.

### Trenden i rekneskapen i perioden 2020–2022

På programområde 04 *Militært forsvar* har utgiftene før lånetransaksjonar auka nominelt med

16,6 mrd. kroner, frå 61,9 mrd. kroner til 78,5 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 9,3 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 16,1 prosent.

Driftsutgiftene auka med 12,3 mrd. kroner, frå 40,7 mrd. kroner i 2020 til 52,9 mrd. kroner i 2022. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 8,3 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 20,2 prosent. Auken frå 2020 til 2022 er i tråd med langtidsplanen for forsvarssektoren.

Utgifter til investeringar i materiell auka med 27,9 prosent, frå 16,3 mrd. kroner i 2020 til 20,8 mrd. kroner i 2022. Auken frå 2020 til 2022 er i stor grad knytte til styrkingar i tråd med langtidsplanen for forsvarssektoren.

Utgifter til nasjonalfinansierte og NATO fellesfinansierte investeringar i eigedom, bygg og anlegg hadde ein reduksjon på 22,3 prosent, frå 4,1 mrd. kroner i 2020 til 3,2 mrd. kroner i 2022.

## 2.16 Olje- og energidepartementet

| Programområde 18 Olje- og energiføremål |                               | (i mill. kroner)  |                   |                  |                   |
|---|-------------------------------|-------------------|-------------------|------------------|-------------------|
| Program-<br>kategori                    |                               | Rekneskap<br>2020 | Rekneskap<br>2021 | Budsjett<br>2022 | Rekneskap<br>2022 |
| 18.00                                   | Administrasjon                | 286,5             | 245,4             | 267,8            | 258,6             |
| 18.10                                   | Petroleum <sup>1)</sup>       | 507,3             | 439,4             | 497,4            | 486,9             |
| 18.20                                   | Energi- og vassressursar      | 1 071,0           | 1 213,7           | 34 371,1         | 27 693,1          |
| 18.30                                   | Forskning og næringsutvikling | 1 088,8           | 955,6             | 970,5            | 970,6             |
| 18.40                                   | CO <sub>2</sub> -handtering   | 684,4             | 2 480,6           | 3 826,0          | 3 816,2           |
| Sum før lånetransaksjonar               |                               | 3 638,0           | 5 334,7           | 39 932,7         | 33 225,3          |
| Lånetransaksjonar                       |                               | 0,0               | 0,0               | 0,0              | 0,0               |
| Sum Olje- og energidepartementet        |                               | 3 638,0           | 5 334,7           | 39 932,7         | 33 225,3          |

<sup>1)</sup> Forvaltninga av Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsvirksomma (SDØE)/Petoro er frå 2022 flytta frå programkategori 18.10 *Petroleum* til programkategori 17.50 *Statleg eigarskap* under Nærings- og fiskeridepartementet. Samanlikningstal for 2020 og 2021 er omklassifiserte tilsvarende.

### Samla avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom nysaldert budsjett og rekneskap for lånetransaksjonar syner ei mindreutgift på 6 707,4 mill. kroner. Overført løyving frå 2021 aukar disponibel løyving med 541,5 mill. kroner, frå 39 932,7 mill. kroner til 40 474,3 mill. kroner. Rekneskapen syner dermed ei mindreutgift på 7 248,9 mill. kroner samanlikna med disponibel løyving.

På programområdet er det netto meirinntekter på i alt 7,5 mill. kroner. Det er overført til saman 416,2 mill. kroner til 2023 på postar merkte «kan overførast» og vanlege driftspostar.

Sjå òg tabell 1.10 i vedlegg 1, der fleire detaljar om overføringar og meirinntekter på programområdet er spesifiserte.

### Trenden i rekneskapen i perioden 2020–2022

På programområde 18 *Olje- og energiføremål* har utgiftene før lånetransaksjonar auka nominelt med 29,6 mrd. kroner, frå 3,6 mrd. kroner til 33,2 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 46,6 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 522,8 prosent. Endringane heng for det meste saman med stønad til hushaldningane for ekstraordinære straumutgifter under programkategori 18.20 *Energi- og vassressursar* og tilskot til Langskip – fangst og lagring av CO<sub>2</sub> under programkategori 18.40 *CO<sub>2</sub>-handtering*.

Under programkategori 18.00 *Administrasjon* har utgiftene minka med 28 mill. kroner, frå 287 mill. kroner til 259 mill. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 14,3 prosent, og frå

2021 til 2022 auka dei med 5,4 prosent. Hovudgrunnen til endringane er variasjon i departementet sine årlege utgifter til mellom anna oppfølging av CO<sub>2</sub>-handteringsprosjekt, havvind og utval og utgreiingar.

Under programkategori 18.10 *Petroleum* har utgiftene minka med 20 mill. kroner, frå 507 mill. kroner til 487 mill. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 13,4 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 10,8 prosent. Hovudgrunnen er variasjon i Oljedirektoratet sine årlege utgifter til mellom anna kartlegging av mineral på havbotn, havvind og oppdrags- og samarbeidsverksemd.

Under programkategori 18.20 *Energi og vassressursar* har utgiftene auka med 26,6 mrd. kroner, frå 1,1 mrd. kroner til 27,7 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 13,3 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 2 182 prosent. Hovudgrunnen til den store auken er innføring av stønadsordning for ekstraordinære straumutgifter frå desember 2021. I tillegg har det vore variasjonar i årlege utgifter for Noregs vassdrags- og energidirektorat si verksemd mellom anna innanfor flaum- og skredførebygging, jf. krise- og hastetiltak som følgje av kvikkleireskredet i Gjerdrum.

Under programkategori 18.30 *Forskning og næringsutvikling* har minka med 0,1 mrd. kroner, frå 1,1 mrd. kroner til 1,0 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 minka utgiftene med 12,2 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 1,6 prosent. Hovudgrunnen til endringa er auka løyvingar til Noregs forskingsråd og NORWEP i 2020 i samband med økonomiske tiltak i møte med pandemien, og at nivået på utgiftene i 2020 difor var høgare enn vanleg.

Under programkategori 18.40 *CO<sub>2</sub>-handtering* har utgiftene auka med 3,1 mrd. kroner, frå 0,7 mrd. kroner til 3,8 mrd. kroner. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene med 262,5 prosent, og frå 2021 til 2022 auka dei med 53,8 prosent. Endringane kjem av variasjonar i utgifter til fullskalaprojekta i Langskip – fangst og lagring av CO<sub>2</sub> som avheng av framdrifta til prosjektet.

## 2.17 Statlege utlån

Dette avsnittet gjev eit oversyn over hovudtal frå rekneskapen til statlege verksemder som forvaltar statlege utlån. Detaljar kring utlåna er baserte på opplysningar frå departementa.

Husbanken, Lånekassa og Statens pensjonskasse er ordinære statlege forvaltningsorgan. På vegner av staten forvaltar dei statlege utlån etter

reglar og føresetnader fastsette av Stortinget.<sup>3</sup> Innovasjon Noreg forvaltar statlege utlån til næringslivet over heile landet og gjev ulike typar lån med høg eller låg risiko. Eksportfinansieringsordninga gjennom Eksportkreditt Noreg AS er omtalt til slutt i avsnittet.

### Husbanken

Tabellen nedanfor syner hovudtal i statsrekneskapen for Husbankens utlån:

<sup>3</sup> Bokføring av utlån og renteinntekter i statsrekneskapen for Husbanken, Lånekassa og bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse, følgjer prinsippet om opptente renter basert på kalenderåret, jf. Prop. 1 S (2009–2010) kapittel 9.4. Det inneber at behaldningane av utlån som er aktiverte i kapitalrekneskapen òg inneheld opptente, men enno ikkje betalte renter.

| Balanse 31. desember (tal i mill. kroner) | Konto/referanse | 2020    | 2021    | 2022    |
|---|-----------------|---------|---------|---------|
| Inngående behaldning                      | Konto 63000501  | 153 760 | 159 094 | 163 261 |
| Utlån i året                              | Kap. 2412 / 90  | 18 585  | 19 360  | 20 356  |
| Tilbakebetalingar i året                  | Kap. 5312 / 90  | -13 251 | -15 192 | -14 368 |
| Utgående behaldning                       | Konto 63000501  | 159 094 | 163 261 | 169 249 |
| Renteinntekter                            | Kap. 5615 / 80  | 3 045   | 2 019   | 2 014   |

I 2022 disponerte Husbanken heile låneramma på 21 mrd. kroner.

Samla utestående lån i Husbanken, medrekna opptente, ikkje betalte renter, var på 169,2 mrd. kroner ved utgangen av 2022. Det er om lag 6 mrd. kroner meir enn året før. Av låna var 52,2 mrd. kroner fastrentelån, 0,1 mrd. kroner var lån med særtilkår og 116,4 mrd. kroner var lån med flytande rente. Opptente, ikkje betalte renter utgjorde om lag 0,5 mrd. kroner. Netto underkurs på fastrentelåna er av Husbanken rekna til om lag 4,1 mrd. kroner per 31.12.2022, medan det i fjor var ein netto overkurs på om lag 0,4 mrd. kroner.

Husbanken hadde om lag 30 300 registrerte låntakarar (dellån) ved utgangen av 2022. Om lag 5 300 hadde lån med fast rente, 24 600 hadde lån med flytande rente, medan dei resterande om lag 400 låntakarane hadde lån på særtilkår. Av utlåna utgjorde lån til burettslag, stiftingar og liknande 33 prosent, lån til kommunar 55 prosent og lån til personlege låntakarar 12 prosent. Tap på utlån i Husbanken (kap. 2412, post 71) utgjorde 8 mill. kroner i 2022 mot 25,7 mill. kroner i 2021 og 30,6 mill. kroner i 2020

Sjå òg omtale av Husbanken under kapittel 2.6 Kommunal- og distriktsdepartementet.



*Statens lånekasse for utdanning*

Tabellen nedanfor syner hovudtal i statsrekneskapen for utlån frå Lånekassa:

| Balanse 31. desember (tal i mill. kroner) | Konto/referanse | 2020    | 2021    | 2022    |
|---|-----------------|---------|---------|---------|
| Inngående beholdning                      | Konto 63000201  | 194 569 | 208 900 | 224 658 |
| Utlån i året                              | Kap. 2410/90    | 32 656  | 34 886  | 34 993  |
| Tilbakebetalingar i året <sup>1)</sup>    | Kap. 5310/90    | -11 297 | -11 925 | -12 082 |
| Konvertering til stipend                  | Kap. 5310/93    | -7 028  | -7 202  | -7 871  |
| Utgående beholdning                       | Konto 63000201  | 208 900 | 224 658 | 239 698 |
| Renteinntekter <sup>2)</sup>              | Kap. 5617 / 80  | 4 601   | 3 261   | 4 291   |

<sup>1)</sup> Tap og avskrivningar løyvde over kap. 2410, postane 73 og 74 høyrer saman med ordinære tilbakebetalingar på post 90. Avskrivningar på post 73 utgjorde 813 mill. kroner i 2022, 844 mill. kroner i 2021 og 868 mill. kroner i 2020. Tapa på post 74 er nærare spesifiserte i teksten nedanfor.

<sup>2)</sup> Renteinntekter inneheld òg rentestønad som i 2022 vart utgiftsført med 1 106 mill. kroner på kap. 2410, post 72. Rentestønaden var 824 mill. kroner i 2021 og 1 204 mill. kroner i 2020.

Samla uteståande krav i Statens lånekasse for utdanning var 239,7 mrd. kroner ved utgangen av 2022, ein auke på 15,0 mrd. kroner frå året før. I tillegg til sjølve utdanningslåna omfattar summen òg rente- og gebyrgjeld. 70 mrd. kroner av utdanningslåna er ikkje renteberande. Lån med fast rente utgjer 5,3 mrd. kroner, medan lån med flytande rente utgjer 162,1 mrd. kroner. Med i desse tala er òg ikkje betalte gebyr på 87,6 mill. kroner. Netto underkurs per 31.12.2022 på fastrentelåna er av Lånekassa rekna til 375 mill. kroner, medan det i fjor var ein netto underkurs på 60 mill. kroner.

Lånekassa har om lag 1 014 100 registrerte låntakarar ved utgangen av 2022. Av dei har om lag 241 000 ikkje renteberande lån (kundar i tildelingsfasen), medan om lag 20 700 har lån med fast rente. Resten av låntakarane har lån med flytande rente.

Lånekassa inntektsførte i 2022 renter med 4,3 mrd. kroner på kap. 5617, post 80 i statsrekneskapen. Tilsvarande tal for 2021 og 2020 var høvesvis 3,3 og 4,6 mrd. kroner. Det vart utgiftsført 281 mill. kroner i tap på utlån i 2022 medan tapa i 2021 og 2020 var høvesvis 373 og 534 mill. kroner.

Sjå òg omtale av Lånekassa under kapittel 2.3 Kunnskapsdepartement.

*Konverteringsordninga i Lånekassa*

Lånekassa betaler ut heile basisstønaden som lån for dei som er omfatta av stønadsordninga for høgare utdanning m.m. Opp til 40 prosent av stønadsbeløpet kan konverterast til stipend når stønadmottakaren har gjennomført utdanninga og oppnådd ein grad. I statsbudsjetta vert det kvart år løyvd midlar til å dekkje framtidig konvertering frå lån til stipend gjennom ei avsetjing til konverteringsfondet. Denne løyvinga går over kap. 2410, post 50. Kap. 5310, post 93 i rekneskapen syner nettobeløpet av lån som vert ettergjevne og trekte frå konverteringsfondet.

Utgiftene til andre stipend under Lånekassa kjem fram på kap. 2410, postane 70 og 71. For å få oversyn over samla netto utgifter til stipend, må lån som er konverterte til stipend, leggjast til stipendutgiftene. Denne summen kjem fram om ein ser kap. 2410, postane 70 og 71 og kap. 5310, post 93 i samanheng.

*Bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse (SPK)*

Tabellen nedanfor syner hovudtal i statsrekneskapen for utlån frå bustadlånsordninga i SPK:

| Balanse 31. desember (tal i mill. kroner) | Konto/referanse <sup>1)</sup> | 2020    | 2021   | 2022   |
|---|-------------------------------|---------|--------|--------|
| Inngående behaldning                      | Konto 63510501                | 45 703  | 39 406 | 38 053 |
| Utlån i året                              | Kap. 0505 / 90                | 7 156   | 8 411  | 15 250 |
| Tilbakebetalingar i året                  | Kap. 3505 / 90                | -13 453 | -9 764 | -7 985 |
| Utgående behaldning                       | Konto 63510501                | 39 406  | 38 053 | 45 317 |
| Renteinntekter                            | Kap. 5607 / 80                | 943     | 549    | 723    |

<sup>1)</sup> For åra før 2022 vart lånetransaksjonar under bustadlånsordninga budsjetterte på kap. 0614 og kap. 3614 under dåverande Arbeids- og sosialdepartementet. Konto i kapitalrekneskapen er i 2022 endra frå 63510601 til 63510501.

Samla utestående krav i bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse var på 45,3 mrd. kroner ved utgangen av 2022. Det er om lag 7,3 mrd. kroner meir enn året før. Ved utgangen av 2022 var det om lag 39 200 lån i ordninga, mot 36 600 året før.

Statens pensjonskasse inntektsførte i 2022 renter med 723 mill. kroner på kap. 5607, post 80. Tilsvarende tal for 2021 og 2020 var høvesvis 549 mill. kroner og 943 mill. kroner. Bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse tilbyr berre lån med flytande rente.

Netto tap på utlån, inkludert innbetalingar på tidlegare avskrivne tap, utgjorde i 2022 ei inntektsføring på knapt 0,1 mill. kroner. Det er om lag same nivået som i 2021.

Det var ei meirutgift på Statens pensjonskasses kap. 0505, post 90 på 550 mill. kroner. Årsaka var fyrst og fremst at det vart utbetalt fleire lån, men òg at gjennomsnittleg utbetalt beløp per lån var noko høgare enn anslege i budsjettet. Som forklart under *lånetransaksjonar* i kapittel 2.6 Kommunal- og distriktsdepartementet aukar etterspur-

naden etter bustadlån i SPK i tider med renteauke. Statens pensjonskasse hadde dessutan ei meirinntekt på kap. 3505, post 90 på 585 mill. kroner. Det vart innfridd fleire lån enn venta i siste del av året. Dette kjem av ein auke i opplåning frå eksisterande lånekundar som følgje av betre rentevilkår i SPK samanlikna med marknaden elles. Ved opplåning vert eit nytt lån oppretta, medan det gamle lånet vert innfridd.

Sjå òg omtale av bustadlånsordninga i SPK under kapittel 2.6 Kommunal- og distriktsdepartementet.

*Innovasjon Noreg*

Tabellen nedanfor syner hovudtal i statsrekneskapen for Innovasjon Noreg sine innlån frå statskassa. I tillegg til innlån frå statskassa nyttar Innovasjon Noreg eigenkapital til å finansiere utlån. Det er difor ikkje ein heilt eintydig samanheng mellom selskapet sine innlån frå statskassa og utlån til lånetakarar.

| Balanse 31. desember (tal i mill. kroner) | Konto/referanse | 2020   | 2021   | 2022   |
|---|-----------------|--------|--------|--------|
| Inngående behaldning                      | Konto 63000901  | 18 942 | 18 468 | 18 150 |
| Netto endring                             |                 | -475   | -318   | -157   |
| Utgående behaldning                       | Konto 63000901  | 18 468 | 18 150 | 17 993 |
| Renteinntekter                            | Kap. 5625 / 80  | 132    | 41     | 170    |

Innovasjon Noreg sine samla *innlån* frå statskassa, som er aktiverte i kapitalrekneskapen som statens utlån, utgjorde 18,0 mrd. kroner per 31.12.2022. Av dette utgjorde ordinære innlån 17,6 mrd. kroner, lån til pakkereisearrangørar 0,1 mrd. kroner og lån til investeringsfond 0,3 mrd. kroner.

Innovasjon Noreg sine samla netto *utlån* per 31.12.2022 utgjorde 18,4 mrd. kroner etter tapsav-

setjingar på 0,9 mrd. kroner. Det er ein nedgang på 0,3 mrd. kroner, frå 18,7 mrd. kroner per 31.12.2021. Brutto utlån (før tapsavsetjing) fordelte seg med 13,4 mrd. kroner til lågrisikolån (4 654 lån), 5,7 mrd. kroner til innovasjons- og risikolån (2 549 lån)<sup>4</sup> og 0,1 mrd. kroner til andre utlån<sup>5</sup>.

Det vart inntektsført 170 mill. kroner i renter frå Innovasjon Noreg på kap. 5625, post 80 i stats-

rekneskapen 2022. Tilsvarende tal for 2021 og 2020 var høvesvis 41 mill. kroner og 132 mill. kroner.

Brutto bokført tap på utlån og garantiar i 2022 utgjør 283 mill. kroner, mot 114 mill. kroner i

<sup>4</sup> Disse omfattar landsdekkjande innovasjonslån inkludert vekstlån, skipsfart landsdekkjande innovasjonslån, distriktsretta risikolån, risikolån landbruk, landsdekkjande risikolån grønt vekstlån, landsdekkjande innovasjonslån European Investment Fund og distriktsretta risikolån European Investment Fund.

<sup>5</sup> Andre utlån omfattar lån til pakkereisearrangørar, bygdeutviklingslån til landbruket og lån til tilsette. Innovasjon Noreg forvaltar òg bygdeutviklingslån til landbruket for Landbrukets utviklingsfond, som omfattar 403 lån.

2021. Rekneskapen til Innovasjon Noreg for 2022 syner eit netto utlånstap på -2,2 mill. kroner, mot -7,8 mill. kroner i 2021.

#### Statleg eksportfinansieringsordning

Den statlege eksportfinansieringsordninga vart handsama av Eksportkreditt Noreg AS fram til utgangen av fyrste halvår 2021. Då vart selskapet slege saman med Garantiinstituttet for Eksportkreditt til det nye statlege forvaltningsføretaket Eksportfinansiering Noreg (Eksfin). Tabellen nedanfor syner hovudtal i statsrekneskapen for den statlege eksportfinansieringsordninga:

| Balanse 31. desember (tal i mill. kroner)           | Konto/referanse    | 2020    | 2021    | 2022    |
|---|--------------------|---------|---------|---------|
| Inngående beholdning                                | Konto 63510901     | 65 039  | 51 269  | 46 101  |
| Utlån i året  | Kap. 2429, post 90 | 5 563   | 6 104   | 3 637   |
| Tilbakebetalingar i året                            | Kap. 5329, post 90 | -19 377 | -11 822 | -16 878 |
| Omrekning til valutakurs balansedagen <sup>1)</sup> |                    | 43      | 551     | 2 264   |
| Utgående beholdning                                 | Konto 63510901     | 51 269  | 46 101  | 35 124  |
| Renteinntekter                                      | Kap. 5629 / 80     | 1 592   | 901     | 811     |

<sup>1)</sup> Lån i utanlandsk valuta under eksportkredittordninga vert omrekna til kursen på balansedagen. Beløpet for 2022 består av 2 263 mill. kroner i valutajustering og andre korrigeringar og i underkant av 1 mill. kroner i kapitaliserte renter.

Låna under eksportfinansieringsordninga er hovudsakleg gjevne i NOK, USD, EUR og i nokre andre valutaer. Fordelinga ved utgangen av 2021 og 2022 var slik:

| Valuta (mrd.) | Talet på lån 2021 | Utestående per 31.12.2021 | Talet på lån 2022 | Utestående per 31.12.2022 |
|---------------|-------------------|---------------------------|-------------------|---------------------------|
| NOK           | 73                | 12,12                     | 62                | 8,11                      |
| USD           | 51                | 2,44                      | 42                | 1,32                      |
| EUR           | 41                | 1,11                      | 44                | 1,18                      |
| JPY           | 1                 | 0,77                      | 1                 | 0,67                      |
| DKK           | 1                 | 0,08                      | 1                 | 0,30                      |
| GBP           | 8                 | 0,06                      | 5                 | 0,07                      |
| CAD           | 2                 | 0,06                      | -                 | -                         |
| NZD           | 1                 | 0,01                      | 1                 | 0,01                      |

Balansetabellen ovanfor syner at statlege eksportfinansieringslån til saman utgjorde 35,1 mrd. kroner ved utgangen av 2022, ein netto reduksjon på 11,0 mrd. kroner frå året før. Lån i utanlandsk valuta er rekna om til norske kroner basert på valutakursen på balansedagen. Reduksjonen frå 2021 til 2022 kjem hovudsakeleg av ordinære avdrag i samsvar med nedbetalingsplan på lån og førtidige innfriingar. Valutakursendringar førte til at verdien på utlånporteføljen auka med 2,3 mrd. kroner i 2022. Netto realisert valutavinst på

avdraga som vart innbetalte i 2022, utgjorde om lag 2,0 mrd. kroner.

Det vart inntektsført renter frå ordninga med 0,8 mrd. kroner på kap. 5629, post 80 i statsrekneskapen 2022. Tilsvarende tal for 2021 og 2020 var høvesvis om lag 0,9 mrd. kroner og 1,6 mrd. kroner.

Alle eksportfinansieringslåna er garanterte 100 prosent av Eksfin og/eller andre finansinstitusjonar. Ved restrukturering av låneforhold, der det vert rekna eit break cost-krav mot låntakar, vil

slike krav ikkje vere sikra på same måte. Desse krava er ikkje garanterte og inneber dermed ein noko høgare tapsrisiko for eksportkredittordninga samanlikna med ordinær utlånsportefølje som er garantert. Krav om break cost er inkludert som ein del av låneavtalen for å sikre staten sine

samla verdiar. Restrukturering av låneforhold vert inngått under føresetnad om vidare drift. Dei aktuelle krava er ikkje kome til forfall enno. Det er ikkje registrert nokon nye slike lån i 2022. Krav frå utgangen av 2021 på 118,2 mill. kroner er uendra.

### 3 Statens pensjonsfond

Lov om Statens pensjonsfond tok til å gjelde 1. januar 2006. Same dato vart Statens pensjonsfond skipa som overbygning over det som før var Statens petroleumsfond og Folketrygdfondet. Desse to fonda skifta samstundes namn til høvesvis Statens pensjonsfond utland (SPU) og Statens pensjonsfond Noreg (SPN). Verksemda i fonda er

vidareført under den nye overbygningen. Tabell 3.1 syner at samla verdi av dei to fonda var 12 731,7 mrd. kroner ved utgangen av 2022, tilsvarende ein auke på 43,6 mrd. kroner frå utgangen av 2021. Kapitalen i fonda vert teken med i kapitalrekneskapen i kontogruppe 61 *Spesielle fond og forsikringar*.

Tabell 3.1 Samla verdi av Statens pensjonsfond (tal i mill. kroner)

|                      | 2021       | 2022       | Endring |
|----------------------|------------|------------|---------|
| SPU                  | 12 355 169 | 12 413 461 | 58 292  |
| SPN                  | 332 935    | 318 200    | -14 735 |
| Statens pensjonsfond | 12 688 104 | 12 731 662 | 43 558  |

#### 3.1 Statens pensjonsfond utland

Inntektene og utgiftene i SPU er definerte i lov 21. desember 2005 nr. 123 om Statens pensjonsfond. Inntektene i 2022 er summen av statens netto kontantstraum frå petroleumsverksemda, netto finanstransaksjonar (medrekna ev. kjøp og sal av aksjar i Equinor ASA), og avkastninga av fondets investeringar. Utgiftene i fondet er ei årleg overføring frå fondet til statskassa etter vedtak i Stortinget.<sup>1</sup> Med utgangspunkt i innstillinga frå finanskomiteen om handsaminga av tidlegare lov om Statens petroleumsfond vart det etablert som praksis at overføringa svarer til det oljekorrigerte underskotet i statsbudsjettet. Overføringa frå SPU til statsbudsjettet over kapittel 5800 vert rekneskapsført i samsvar med stortingsvedtaket i nysaldert budsjett. Etter handlingsregelen for budsjettpolitikken skal det strukturelle, oljekorrigerte underskotet over tid svare til venta realavkastning av SPU.

SPU vert forvalta som eit kroneinnskott i Noregs Bank og er ein del av balansen i rekneskapen til banken. Kroneinnskottet har same verdi som banken sin særskilde portefølje av utanlandske eignedelar tilknytt SPU. Rekneskapen for kroneinnskottet vert såleis ført etter dei same retninglinene som rekneskapen elles i Noregs

Bank. Rekneskapen er ført etter IFRS. Det stortingsoppnemnde representantskapet skal etter sentralbanklova føre tilsyn med drifta av banken, medrekna kapitalforvaltninga. Representantskapet peikar ut ekstern revisor for Noregs Bank.

Tabell 3.3 nedanfor syner eit resultatoppsett for SPU med resultatelement som følgjer av lov om Statens pensjonsfond. Tabell 3.4 syner balansen til fondet. I tabell 3.2 er dei månadlege kontantoverføringane mellom fondet og statskassa spesifiserte.

Resultatoppsettet i tabell 3.3 syner ein auke i verdiane i SPU på 58,3 mrd. kroner i 2022. Netto kontantstraum frå statens petroleumsverksemd var på 1 285,2 mrd. kroner. Etter vedtak i nysaldert budsjett 2022 vart det overført 309,9 mrd. kroner frå SPU til statsbudsjettet. Staten hadde i 2022 også netto finanstransaksjonar som påverka resultatet i SPU<sup>2</sup>, jf. lov om Statens pensjonsfond § 4. Avkastninga av plasseringane til fondet var -1 000,6 mrd. kroner, jf. Noregs Banks årsmelding om SPU. Av dette kjem til saman 267,4 mrd. kroner<sup>3</sup> frå renter, utbyte, og netto andre postar inkludert skattekostnad, med frådrag for forvaltningskostnader, medan 73,6 mrd. kroner kjem frå netto realiserte vinstar/tap på verdipapir og -1 983,5 mrd. kroner kjem frå

<sup>1</sup> Overføringa frå fondet til statskassa vert fastsett i samband med stortingshandsaminga av nysaldert budsjett i desember.

<sup>2</sup> Sjå omtale i note 2 til tabell 3.3.

<sup>3</sup> Summen av renteinntekter og aksjeutbyte og andre netto inntekter, med frådrag for forvaltningskostnader, utgjør 267,4 mrd. kroner og inngår i statens samla overskot, jf. tabell 1.4 i kapittel 1. I tabell 3.3, note 4 er elementa i dette sumtalet nærare spesifiserte.

netto urealiserte vinstar/tap på verdipapir. Valutakursreguleringar førte til ein auke i verdien av fondet målt i norske kroner svarande til 641,9 mrd. kroner som følgje av svekka kronkurs i 2022. Noregs Banks årsmelding om SPU syner eit negativt resultat frå forvaltning på 1 637,2 mrd. kroner, før valutakursregulering og forvaltningskostnader (jf. spesifikasjon i tabell 3.3, note 4).

Kontantstraumen frå petroleumsverksemda medrekna eventuelle finanstransaksjonar i samband med at staten har kjøpt eller selt aksjar i Equinor ASA, og den særlege tilbakeføringa av 70 mrd. kroner frå statskassa til fondet i 2022, og med frådrag for overføringa til statsbudsjettet, utgjer netto avsetjing til fondet i statsbudsjettet. For 2022 er netto avsetjing 1 058,8 mrd. kroner.<sup>4</sup> Kontantoverføringane mellom statskassa og fondet gjennom året vert fastlagde ut frå ein prognose for netto avsetjing der ein òg tek omsyn til om det vart overført for mykje eller for lite året før. Dei månadlege kontantoverføringane og samanhengen med netto avsetjing til SPU kjem fram i tabell 3.2.

Tabell 3.2 Kontantoverføringar SPU  
(tal i mill. kroner)

| Overføring til SPU                                       | 2021     | 2022      |
|--|----------|-----------|
| Januar   | -25 000  | 30 000    |
| Februar  | -26 000  | 30 000    |
| Mars   | -27 000  | 80 000    |
| April  | -27 000  | 80 000    |
| Mai  | -21 000  | 62 000    |
| Juni   | -21 000  | 76 000    |
| Juli   | -21 000  | 76 000    |
| August   | -20 000  | 100 000   |
| September  | -11 000  | 130 000   |
| Oktober  | 5 000    | 150 000   |
| November   | 40 000   | 141 000   |
| Desember   | 35 000   | 134 800   |
| Sum kontantoverføringar til/<br>frå(-) SPU <sup>*)</sup> | -119 000 | 1 089 800 |
| + Oppgjer av mellomrekninga<br>frå i fjor                | 1 363    | -15 084   |
| - Netto avsetjing til SPU i år,<br>inkl. finanspostar    | -102 553 | 1 058 844 |
| For lite (-) /mykje overført til<br>SPU i år             | -15 084  | 15 872    |

<sup>4</sup> Sjå tabell 3.3 Resultatoppsett for SPU. Netto avsetjing til SPU i 2022 (1 058 844 mill. kroner) er netto kontantstraum (1 285 223 mill. kroner), netto finanstransaksjonar (83 496 mill. kroner), og med frådrag av overføringa til statsbudsjettet frå fondet (309 875 mill. kroner).

<sup>\*)</sup> For 2022 vart det til saman overført 1 089,8 mrd. kroner til fondet. I 2021 vart det overført 15 084 mill. kroner for mykje frå fondet til statskassa, jf. mellomrekninga med statskassa per 31.12.2021. Dei kontante overføringane frå statskassa til SPU i 2022 enda opp med å vere 15 872 mill. kroner høgare enn netto avsetjing til SPU inkl. finanspostar og mellomrekninga per 31.12.2021 skulle tilseie, slik at statskassa har ei fordring på SPU. I kapitalrekneskapen per 31. desember er differansen ført opp som ei mellomrekning mellom fondet og statskassa. Sjå òg tabell 3.4 for spesifikasjon. I tråd med tidlegare praksis vert mellomrekninga gjort opp i overføringane mellom fondet og staten året etter.

Samla verdi av fondet ved utgangen av 2022 er bokført til 12 413,5 mrd. kroner i kapitalrekneskapen. Dette svarer til marknadsverdien av fondet på 12 429,3 mrd. kroner og mellomrekninga på 15,9 mrd. kroner i favør av statskassa. Balansen i SPU er nærare spesifisert i tabell 3.4, der bruttotal for balansen til fondet òg kjem fram.

Kapitalen i SPU er plassert i renteberande verdipapir, i aksjar noterte på børs og i unotert eigedom og infrastruktur. Noregs Bank forvaltar SPU på oppdrag frå Finansdepartementet. Finansdepartementet har i mandatet for fondet definert nærare innretting for forvaltninga. Samansetjinga av referanseindeksen for fondet vert nærare omtalt i Meld. St. 17 (2022–2023) Statens pensjonsfond 2023.

Den 7. mars 2023 offentliggjorde Noregs Bank årsmeldinga for forvaltninga av SPU.

Årsmeldinga til Noregs Bank gjer greie for korleis den særskilde porteføljen av utanlandske verdipapir i SPU, som svarer til verdien av innskottet i Noregs Bank, vart forvalta i 2022. I samsvar med forskrift om årsrekneskap m.m. gjeldande frå 2011 følgjer Noregs Bank dei internasjonale rekneskapsstandardane IFRS i rekneskapsrapporteringa.<sup>5</sup> Årsmeldinga syner at den bokførte verdien av den særskilde porteføljen var 12 429,3 mrd. kroner ved utgangen av 2022. Avkastninga av dei utanlandske investeringane i fondet vart på -14,1 prosent for heile 2022 målt i valutakorga til fondet. Valutakorga er ei vekta samansetjing av valutaene i referanseindeksane for aksjar og obligasjonar. Når ein fordeler avkastninga på aksje-, obligasjons- og eigedomsporteføljane, ser ein at aksjeinvesteringane gav ei avkastning på -15,4 prosent, obligasjonsinvesteringane gav -12,1 prosent, dei unoterte eigedomsinvesteringane 0,1 prosent og dei unoterte infrastrukturinvesteringane 5,1 prosent.

Verdien av den norske krona svekka seg i 2022 mot fleire av valutaene fondet er investert i. Iso-

<sup>5</sup> Meir om retningslinjer for Noregs Banks årsrekneskap og rekneskapsprinsipp står i notane 1 og 2 i Noregs Banks årsrekneskap for SPU.

lert sett vart verdien av fondet målt i norske kroner 641,9 mrd. kroner høgare som følgje av dette. Det er avkastninga i utanlandsk valuta som er relevant når ein skal vurdere utviklinga i den internasjonale kjøpekrafta til fondet.

Dei samla kostnadene til forvaltninga vert dekte av avkastninga i fondet i samsvar med mandatet for Noregs Bank si forvaltning av SPU. For 2022 utgjorde dei samla kostnadene for SPU 0,04 prosent av gjennomsnittleg forvalta kapital. Avkastningsavhengige honorar til eksterne forval-

tarar er rekna med, og kom på 718 mill. kroner i 2022 mot 840 mill. kroner i 2021. Til saman utgjorde forvaltningskostnadene til Noregs Bank, medrekna eksterne forvaltarar, 5 226 mill. kroner i 2022, mot 4 640 mill. kroner i 2021. Forvaltningskostnadene er nærare spesifiserte i note 12 i Noregs Bank si årsmelding om SPU for 2022, og kostnadsutviklinga vert nærare omtalt i Meld. St. 17 (2022–2023) Statens pensjonsfond 2023, der årsmeldinga til Noregs Bank er uprenta vedlegg.

Tabell 3.3 Resultatoppsett for SPU<sup>1)</sup> (tal i mill. kroner)

|   | Notar | 2021      | 2022       |
|---|-------|-----------|------------|
| Inntekter frå netto kontantstraum (jf. kap. 2800, 50)         | 1     | 287 513   | 1 285 223  |
| Inntekt frå netto finanstransaksjonar (jf. kap. 2800, 96)     | 2     | 0         | 83 496     |
| Utgift ved overføring til statsbudsjettet (jf. kap. 5800, 50) | 3     | -390 066  | -309 875   |
| Netto avsetjing til SPU i statsbudsjettet                     |       | -102 553  | 1 058 844  |
| Avkastning av plasseringane til fondet                        | 4     | 1 550 628 | -1 000 551 |
| Samla endring SPU   |       | 1 448 075 | 58 292     |

<sup>1)</sup> Tabellen inneheld resultatelement som følgjer av lov om Statens pensjonsfond.

#### Note 1 Inntekter frå netto kontantstraum

Netto kontantstraum frå petroleumsverksemda vert overført til SPU over kapittel 2800, post 50 i statsbudsjettet. Netto kontantstraum utgjer desse postane i statsbudsjettet (tal i mill. kroner):

| Kap. | Post   | 2021    | 2022      |
|------|--|---------|-----------|
|      | <b>INNTEKTER</b>   |         |           |
| 5507 | Skatt og avgift på utvinning av petroleum  |         |           |
|      | 71 Ordinær skatt på formue og inntekt  | 51 983  | 212 995   |
|      | 72 Særskatt på oljeinntekter   | 33 728  | 500 626   |
|      | 74 Arealavgift m.m.  | 940     | 1 050     |
|      | Sum kap. 5507  | 86 651  | 714 671   |
| 5508 | 70 Avgift på utslepp av CO <sub>2</sub> i petroleumsverksemda på kontinentalsokkelen | 5 197   | 6 258     |
| 5509 | 70 Avgift på utslepp av NO <sub>x</sub> i petroleumsverksemda på kontinentalsokkelen | 1       | 1         |
| 5440 | Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda                         |         |           |
|      | 24 Driftsresultat  | 181 937 | 528 720   |
|      | 30 Avskrivningar   | 25 634  | 26 314    |
|      | 80 Renter av statens kapital   | 2 331   | 2 383     |
|      | 85 Renter på mellomvære  | 0       | -5        |
|      | Sum kap. 5440  | 209 902 | 557 412   |
| 5685 | 85 Utbyte frå Equinor ASA  | 10 494  | 35 258    |
|      | Sum inntekter frå petroleumsverksemda  | 312 245 | 1 313 601 |

| Kap. | Post   | 2021    | 2022      |
|------|--|---------|-----------|
|      | UTGIFTER   |         |           |
| 2440 | Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda |         |           |
|      | 30 Investeringar   | 24 732  | 28 378    |
|      | Sum utgifter til petroleumsverksemda                         | 24 732  | 28 378    |
|      | Sum netto kontantstraum                                      | 287 513 | 1 285 223 |
| 2800 | Statens pensjonsfond utland                                  |         |           |
|      | 50 Overføring til fondet                                     | 287 513 | 1 285 223 |

*Note 2 Inntekt frå netto finanstransaksjonar*

I 2021 var det ikkje finanstransaksjonar som påverka resultatet for SPU. I 2022 vart det seld aksjar til Equinor ASA for innløyising for 13 496 mill. kroner (tredje transje i Equinors atterkjøpsprogram av egne aksjar). Det vart òg gjort ei tilbakeføring frå statskassa til fondet av 70 mrd. kroner som inngår i kap. 2800, post 96. Dette påverkar resultatoppsettet for SPU i 2022, jf. tabell 3.3 ovanfor.

| Kap. | Post                                | 2021 | 2022   |
|------|-------------------------------------|------|--------|
| 3955 | Equinor ASA                         |      |        |
|      | 96 Aksjar                           | 0    | 13 496 |
|      | Sum finanstransaksjonar             | 0    | 13 496 |
| 2800 | Statens pensjonsfond utland         |      |        |
|      | 96 Finanspostar overført til fondet | 0    | 83 496 |

*Note 3 Utgift ved overføring til statsbudsjettet*

Overføringa frå SPU til statskassa vert fastsett i samband med stortingshandsaminga av nysaldert budsjett i desember og ført til inntekt over kapittel 5800, post 50 (tal i mill. kroner):

| Kap. | Post                        | 2021    | 2022    |
|------|-----------------------------|---------|---------|
| 5800 | Statens pensjonsfond utland |         |         |
|      | 50 Overføring frå fondet    | 390 066 | 309 875 |



## Note 4 Inntekter fra avkastning av fondet

Noregs Banks resultatrekneskap for SPU (tal i mill. kroner):

|   | 2021      | 2022       |
|---|-----------|------------|
| Resultat fra porteføljen før vinst/tap valuta         |           |            |
| Inntekt/kostnad fra:                                  |           |            |
| – aksjar  | 1 593 618 | -1 201 835 |
| – obligasjonar  | -40 905   | -453 128   |
| – unotert eigedom                                     | 35 811    | -2 213     |
| – unotert infrastruktur                               | 1 198     | 897        |
| – finansielle derivat                                 | -4 839    | 23 926     |
| – utlån med sikkerhetsstillelse                       | 3 842     | 4 845      |
| – innlån med sikkerhetsstillelse                      | 21        | -4 792     |
| Skattekostnad <sup>1)</sup>                           | -8 887    | -4 850     |
| Renteinntekt/kostnad                                  | -13       | -22        |
| Annan inntekt/kostnad                                 | 11        | -4         |
| Porteføljeresultat før vinst/tap valuta <sup>2)</sup> | 1 579 857 | -1 637 176 |
| Vinst/tap valuta                                      | -24 589   | 641 850    |
| Porteføljeresultat                                    | 1 555 269 | -995 326   |
| Forvaltningskostnad                                   | -4 640    | -5 226     |
| Resultat og totalresultat                             | 1 550 628 | -1 000 551 |

<sup>1)</sup> Sjå note 9 *Skattekostnad* i Noregs Banks årsrapport for SPU.<sup>2)</sup> I Noregs Banks resultatrekneskap for SPU er porteføljeresultat før vinst/tap valuta spesifisert nærare i notane 4, 6, 7, 10 og 13. Referanse til tabellar med slik spesifikasjon står i parentes nedanfor (tal i mill. kroner):

|   | Renter              | Utbyte  | Real.<br>vinst/tap | Ureal.<br>vinst/tap | Andre<br>postar | Sum        |
|---|---------------------|---------|--------------------|---------------------|-----------------|------------|
| Netto inntekt/kostnad – vinst/tap frå:                    |                     |         |                    |                     |                 |            |
| - aksjar (4.1)  |                     | 197 631 | 191 774            | -1 591 241          |                 | -1 201 835 |
| - obligasjonar (4.2)                                      | 66 093              |         | -130 749           | -388 472            |                 | -453 128   |
| - unotert eigedom (6.1)                                   | 6 156 <sup>1)</sup> |         |                    | -8 369              |                 | -2 213     |
| - unotert infrastruktur (7.1)                             | 162                 |         |                    | 735                 |                 | 897        |
| - finansielle derivat (4.3)                               | 7 448               |         | 12 616             | 3 862               |                 | 23 926     |
| Inntekt/kostnad frå utlån med sikkerhetsstillelse (13.1)  |                     |         |                    |                     | 4 845           | 4 845      |
| Inntekt/kostnad frå innlån med sikkerhetsstillelse (13.1) |                     |         |                    |                     | -4 792          | -4 792     |
| Renteinntekt/kostnad                                      | -22                 |         |                    |                     |                 | -22        |
| Skattekostnad (10.1)                                      |                     |         |                    |                     | -4 850          | -4 850     |
| Annan inntekt/kostnad                                     |                     |         |                    |                     | -4              | -4         |
| Porteføljeresultat før vinst/tap valuta                   | 79 838              | 197 631 | 73 641             | -1 983 485          | -4 801          | -1 637 176 |

Summen av renteinntekter (79,8 mrd. kroner), aksjeutbytte (197,6 mrd. kroner) og netto andre postar inkludert skattekostnad (-4,8 mrd. kroner), med frådrag av forvaltningskostnader (5,2 mrd. kroner) utgjer 267,442 mrd. kroner og inngår i statens samla overskot, jf. tabell 1.4 i kapittel 1.

<sup>1)</sup> Talet inkluderer renter og utbytte som ikkje er fordelte.

Tabell 3.4 Balanse for SPU per 31.12. (tal i mill. kroner)

| Eigedelar                                  | 2021              | 2022              |
|--|-------------------|-------------------|
| Mellomrekning med statskassa <sup>1)</sup> | 15 084            | 0                 |
| Konto i Noregs Bank <sup>2)</sup>          | 12 340 085        | 12 429 334        |
| <b>Sum eigedelar</b>                       | <b>12 355 169</b> | <b>12 429 334</b> |
| <b>Gjeld og eigenkapital</b>               |                   |                   |
| Mellomrekning med statskassa <sup>1)</sup> | 0                 | 15 872            |
| Eigenkapital                               | 12 355 169        | 12 413 461        |
| <b>Sum gjeld og eigenkapital</b>           | <b>12 355 169</b> | <b>12 429 334</b> |

<sup>1)</sup> Dei kontante overføringane frå statskassa til SPU i 2022 vart 15 872 mill. kroner høgare enn netto avsetjing til SPU inkl. finanspostar og mellomrekninga per 31.12.2021 skulle tilseie. Denne differansen utgjer per 31.12.2022 ei fordring som statskassa har mot fondet, og som vert avrekna i overføringane mellom fondet og statskassa i 2023. Tilsvarende tal per 31.12.2021 var ei gjeld som statskassa hadde mot fondet på 15 084 mill. kroner som vart avrekna i overføringane i 2022.

<sup>2)</sup> I samsvar med mandat for forvaltninga av Statens pensjonsfond utland fastsett 8. november 2010 vert fondet plassert på ein særskild konto i form av kroneinnskott i Noregs Bank. Noregs Bank plasserer desse midlane i sitt eige namn i aktiva denominerte i utanlandsk valuta. Noregs Banks balanse for SPU fordelte seg slik per 31.12:

| Tal i mill. kroner               | 2021              | 2022              |
|----------------------------------|-------------------|-------------------|
| <i>Eigedelar</i>                 |                   |                   |
| Innskott i bankar                | 18 450            | 12 061            |
| Utlån med sikkerhetsstillelse    | 297 405           | 462 982           |
| Avgiven kontantsikkerheit        | 3 725             | 21 601            |
| Uoppgjorde handlar               | 15 767            | 11 428            |
| Aksjar                           | 8 383 302         | 8 138 602         |
| Utlånte aksjar                   | 505 117           | 451 799           |
| Obligasjonar                     | 2 795 536         | 2 968 272         |
| Utlånte obligasjonar             | 623 367           | 886 555           |
| Finansielle derivat              | 7 879             | 20 498            |
| Unotert eigedom                  | 310 134           | 329 732           |
| Unotert infrastruktur            | 14 287            | 14 489            |
| Fordring kildeskatt              | 3 427             | 8 937             |
| Andre eigedelar                  | 1 860             | 2 017             |
| Fordring forvaltningsgodtgjering | 536               | 274               |
| <b>Sum eigedelar</b>             | <b>12 980 791</b> | <b>13 329 248</b> |
| <i>Gjeld og eigenkapital</i>     |                   |                   |
| Innlån med sikkerhetsstillelse   | 591 960           | 796 082           |
| Motteken kontantsikring          | 11 848            | 14 801            |
| Uoppgjorde handlar               | 22 607            | 44 329            |
| Finansielle derivat              | 9 055             | 40 159            |
| Utsett skatt                     | 5 180             | 4 488             |
| Anna gjeld                       | 56                | 56                |
| <b>Sum gjeld</b>                 | <b>640 706</b>    | <b>899 915</b>    |
| <b>Eigenkapital SPU</b>          | <b>12 340 085</b> | <b>12 429 334</b> |
| <b>Sum gjeld og eigenkapital</b> | <b>12 980 791</b> | <b>13 329 248</b> |

### 3.2 Statens pensjonsfond Noreg

Folketrygdfondet forvaltar Statens pensjonsfond Noreg (SPN) på oppdrag frå Finansdepartementet.

Folketrygdfondet offentliggjorde 17. februar 2023 årsmeldinga for forvaltninga av SPN i 2022.

Aksje- og obligasjonsplasseringane vert førte til marknadsværdi i Folketrygdfondet sitt rekneskapsoppsett for SPN, jf. tabell 3.6 *Hovudtal i balansen for SPN*. Eigenkapitalen i SPN var ved utgangen av 2022 318,2 mrd. kroner, mot 332,9 mrd. kroner året før. I årsmeldinga til Folketrygdfondet vert dei ulike eigeleis- og gjelds-postane fordelte til høvesvis aksjeporteføljen og renteporteføljen. Sjå note 5 *Porteføljekområde* i Folketrygdfondet sin rekneskap for SPN. Fordelinga syner at bokført værdi av SPNs aksjeportefølje (målt ved statens kapitalinnskot alt. eigenkapitalen) ved utgangen av 2022 var 191,5 mrd. kroner, og bokført værdi av renteporteføljen var 126,7 mrd. kroner. Tilsvarande tal for 2021 var høvesvis 210,1 mrd. kroner og 122,8 mrd. kroner.

I 2022 syner resultatet til SPN eit underskot på 14,7 mrd. kroner, jf. tabell 3.5 nedanfor.<sup>6</sup> Renteinntekter utgjorde 3,2 mrd. kroner, medan utbyte frå

selskap i porteføljen utgjorde 8,9 mrd. kroner. Det var eir tap på verdipapir på 26,6 mrd. kroner, med 12,0 mrd. kroner i tap på eigenkapitalplasseringar, 6,3 mrd. kroner i tap på renteplasseringar og 8,2 mrd. kroner i tap på finansielle derivat. Netto andre inntekter var på -0,1 mrd. kroner. Samla forvaltningskostnader var 183 mill. kroner, som er 0,06 prosent av gjennomsnittleg forvalta kapital i 2022. Forvaltningskostnadene er kostnadene til Folketrygdfondet si forvaltning av fondet. Dette er nærare omtalt i årsmeldinga til Folketrygdfondet og i Meld. St. 17 (2022–2023) Statens pensjonsfond 2023.

Årsmeldinga til Folketrygdfondet gjer greie for korleis porteføljen av verdipapir i SPN vart forvalta i 2022. Avkastninga av fondet i 2022 var på -4,4 prosent. Avkastninga av plasseringane i renteinstrument var på -8,9 prosent, medan avkastninga av aksjar var på -1,7 prosent.

Folketrygdfondet si forvaltning av SPN vart i 2022 revidert av revisjonsselskapet KPMG, som er oppnemnt av Finansdepartementet.

<sup>6</sup> Sjå fotnote til resultatet i tabell 3.5 som syner samanhengen med statens samla overskot, jf. tabell 1.4 i kapittel 1.

Tabell 3.5 Folketrygdfondets resultatrekneskap for SPN (tal i mill. kroner)

|   | 2021   | 2022    |
|---|--------|---------|
| Vinst og tap på finansielle egedelar og gjeld til verkeleg værdi over resultatet: |        |         |
| – aksjar  | 35 769 | -12 022 |
| – obligasjonar og andre renteberande papir  | -3 077 | -6 325  |
| – finansielle derivat   | -1 492 | -8 225  |
| Renteinntekter  | 2 793  | 3 233   |
| Utbyte  | 6 989  | 8 879   |
| Andre porteføljeinntekter/-kostnader  | -13    | -59     |
| Transaksjonskostnader   | -61    | -33     |
| Porteføljeresultat  | 40 908 | -14 552 |
| Forvaltningskostnader   | -170   | -183    |
| Totalresultat SPN <sup>1)</sup>   | 40 738 | -14 735 |

<sup>1)</sup> Summen av rentefinntekter (3 233 mill. kroner), aksjeutbyte (8 879 mill. kroner) og netto andre inntekter (-59 mill. kroner), med frådrag for forvaltningskostnader (183 mill. kroner), utgjør 11 870 mill. kroner og inngår i statens samla overskot, jf. tabell 1.4, i kapittel 1.

Tabell 3.6 Hovudtal i balansen for SPN per 31.12. (tal i mill. kroner)

|  | 2021    | 2022    |
|--|---------|---------|
| <i>Eigedelar</i>                                 |         |         |
| Bankinnskot                                      | 4 081   | 5 446   |
| Krav knytte til attsalsavtalar                   | 2 400   | 1 738   |
| Stilt kontantsikring                             | 53      | 6 168   |
| Uoppgjorde handlar                               | 65      | 24      |
| Aksjar   | 205 377 | 182 087 |
| Utlånte aksjar                                   | 4 586   | 9 279   |
| Obligasjonar og andre renteberande papir         | 116 535 | 126 120 |
| Utlånte obligasjonar og andre renteberande papir | 9 261   | 5 798   |
| Finansielle derivat                              | 2 070   | 2 698   |
| Krav   | 24      | 140     |
| Sum eigedelar                                    | 344 452 | 339 498 |
| <i>Gjeld og eigenkapital</i>                     |         |         |
| Innlån knytt til attkjøpsavtalar                 | 6 000   | 2 519   |
| Motteken kontantsikring                          | 4 126   | 9 757   |
| Uoppgjorde handlar                               | 31      | 32      |
| Finansielle derivat                              | 1 345   | 8 956   |
| Andre forpliktingar og avsetningar               | -       | 13      |
| Skuldig forvaltningsgodtgjering                  | 15      | 21      |
| Sum gjeld  | 11 517  | 21 298  |
| Eigenkapital SPN                                 | 332 935 | 318 200 |
| Sum gjeld og eigenkapital                        | 344 452 | 339 498 |

## 4 Statens balanse med kommentarar til finanspostar m.m.

Kapittel 4 tek føre seg desse emna: statens balanse med notar til viktige endringar (4.1), statens finansinntekter og finansutgifter (4.2), garantiar (4.3) og hovudprinsippa for føring av statsrekneskapen (4.4).

### 4.1 Statens balanse med notar

Kapitalrekneskapen er ei oppstilling av statens balanse med hovudvekt på finansielle eigedelar, gjeld og eigenkapital i staten. Kapitalrekneskapen er presentert i tabell 3.1 i vedlegg 3. Ei balanse-

oppstilling på samanstilt nivå er òg presentert i tabell 1.11 i vedlegg 1.

Dei viktigaste eigedelane i balansen er spesielle fond, utlån, fast kapital i statsverksemdene og verdipapir medrekna kapitalen i statens sjølvstendige verksemdar. Realkapital er normalt ikkje med i kapitalrekneskapen. For forretningsverksemdene er realkapital likevel ein del av balansen, jf. vedlegg 5, som syner balansen for desse verksemdene. Den viktigaste gjeldsposten er statsgjelda, som inneheld statskassevekslar, kortsiktige kontolån og faste lån opptekne innanlands.

Tabell 4.1 Statens eigedelar og gjeld (tal i mill. kroner)<sup>1)</sup>

| Tekst                                   | Note | 31.12.2021 | 31.12.2022 | Endring |
|---|------|------------|------------|---------|
| <i>Eigedelar</i>                        |      |            |            |         |
| 60. Kontantbeholdning                   | 1    | 344 142    | 304 606    | -39 536 |
| 61. Spesielle fond og forsikringar      | 2    | 12 764 939 | 12 812 628 | 47 688  |
| 62. Verdipapir                          | 3    | 177 269    | 178 518    | 1 249   |
| 63. Utlån og uteståande krav            | 4    | 553 158    | 583 606    | 30 448  |
| 64. Ordinære fond                       | 5    | 162 779    | 161 567    | -1 212  |
| 65. Forskot                             | 6    | -33        | 540        | 573     |
| 66. Kapital i statsbankane              | 7    | 620        | 620        | –       |
| 68. Fast kapital i statsverksemdene     | 8    | 254 573    | 261 746    | 7 173   |
| 69. Eigenbeholdning statspapir          | 9    | 74 514     | 88 933     | 14 419  |
| 70–72. Mellomvære med rekneskapsførarar | 10   | -4 355     | 1 881      | 6 236   |
| 77. Overkurs/underkurs statspapir       | 11   | -5 068     | -981       | 4 087   |
| Sum eigedelar                           |      | 14 322 538 | 14 393 664 | 71 126  |
| <i>Gjeld og eigenkapital</i>            |      |            |            |         |
| 80. Statsgjelda                         | 12   | 652 533    | 733 264    | 80 732  |
| 81. Kontolån frå ordinære fond          | 13   | 171 512    | 170 512    | -1 000  |
| 82. Verksemdar med særskilde fullmakter | 14   | 24 134     | 24 793     | 659     |
| 84. Deposita og avsetjingar             | 15   | 15 274     | -15 188    | -30 462 |
| 87. Overførte unytta løyvingar          | 16   | 26 878     | 21 648     | -5 229  |
| Sum gjeld                               |      | 890 331    | 935 031    | 44 700  |
| 99. Avslutningskonto (eigenkapital)     | 17   | 13 432 208 | 13 458 633 | 26 426  |
| Sum gjeld og eigenkapital               |      | 14 322 538 | 14 393 664 | 71 126  |

<sup>1)</sup> Det kan vere avvik mellom sumtala i tabellen og dei avrunda tala som står ovanfor summene. Sumtala skal vere i samsvar med kapitalrekneskapen i tabell 3.1 i vedlegg 3.

Statens egedelar auka med 71,1 mrd. kroner i 2022, frå 14 322,5 mrd. kroner til 14 393,7 mrd. kroner. Gjeldssida utanom eigenkapitalen hadde ein netto auke på 44,7 mrd. kroner i 2022, frå 890,3 mrd. kroner til 935,0 mrd. kroner. Eigenkapitalen auka med 26,4 mrd. kroner, frå 13 432,2 mrd. kroner til 13 458,6 mrd. kroner. Vesentlege endringar vert omtalt i notane nedanfor.

*Notar:*

Note 1. Kontantbeholdninga til staten minka med 39,5 mrd. kroner i 2022. Kontantbeholdninga er plassert i Noregs Bank. Sjå tabell 1.14 i vedlegg 1.

Note 2. Spesielle fond og forsikringar auka med 47,7 mrd. kroner. Dette kjem av ein minke i bokført verdi av Statens pensjonsfond Noreg (SPN) på 14,7 mrd. kroner, og ein auke i bokført verdi av Statens pensjonsfond utland (SPU) på 58,3 mrd. kroner. Statens pensjonsfond vert bokført til marknadsverdi i kapitalrekneskapen. Sjå kapittel 3 for nærare omtale.

Bokført verdi for Norfund auka med 4,1 mrd. kroner. Norfund vart i 2022 tilført 2,7 mrd. kroner grunnfondskapital og reservekapital frå staten (jf. kap. 162, postane 95/96 og 75/76), men der 0,7 mrd. kroner av kapitalen gjeld risikokapital/tapsavsetning som ikkje vert aktivert i kapitalrekneskapen. I tilførte midlar for 2022 inngår òg kapitalinnskott og risikokapital på 1,0 mrd. kroner knytte til det nye Klimainvesteringsfondet som vert ein del av Norfunds investeringsverksemd. Annan auke kjem frå Norfunds årsresultat. Sjå tabell 5.7 i vedlegg 5 for balansetal med notar for Norfund.

Note 3. Verdipapir, medrekna kapitalen i statens sjølvstendige verksemd, auka med netto 1,2 mrd. kroner i 2022. Statens kapitalinnskott i Statskog SF auka kapitalen med 2,3 mrd. kroner. Sal av aksjar i Equinor AS, som ledd i selskapets attkjøpsprogram av eigne aksjar, minka kapitalen med 1,0 mrd. kroner. Sal av aksjar i Aker Solution ASA minka kapitalen med 0,5 mrd. kroner.

Nysnø klimainvestering AS auka med 325 mill. kroner og Store Norske Spitsbergen Kullkompani AS auka med 16 mill. kroner. Kapitalen i Investinor AS auka med 92 mill. kroner og Kongsberg

Gruppen ASA minka med 24 mill. kroner. Eksportkreditt Norge AS vart formelt avvikla i 2022 og minka kapitalen med 14 mill. kroner.

Følgjande organisatoriske endringane vart gjennomført i 2022: Equinor ASA og Petoro AS vart overført frå OED til NFD, Electronic Chart Center AS vart overført frå NFD til KDD, og Framsen-teret AS vart overført frå SD til NFD.

Sjå tabell 3.6 i vedlegg 3 for oversyn over statens aksjeinteresser.

Note 4. Netto utlån og uteståande krav auka med 30,4 mrd. kroner. Av dette kjem 15,0 mrd. kroner frå netto auke i utlån frå Statens lånekasse for utdanning og 6,0 mrd. kroner frå Husbanken. Netto utlån under bustadlansordninga i Statens pensjonskasse auka med 7,3 mrd. kroner. Investeringslåna til helseføretaka auka med 6,1 mrd. kroner, medan driftskredittramma for helseføretaka auka med 3,4 mrd. kroner. Netto lån under Innovasjon Noreg minka med 0,2 mrd. kroner, medan Investinor AS minka med 0,1 mrd. kroner. Utlån frå Eksportfinansiering Norge (Statleg eksportfinansieringsordning) minka netto med 11,0 mrd. kroner. I dette beløpet inngår òg omrekning av lån i utanlandsk valuta til kursen på balansedagen og kapitaliserte renter, sjå òg kapittel 2.17 *Statlege utlån*. Nyttatrekkfullmakt for Eksportfinansiering Norge auka uteståande med netto 3,8 mrd. kroner. Lån til Avinor minka med 0,4 mrd. kroner medan utlån til Statskog SF auka med 0,3 mrd. kroner.

Note 5. Ordinære fond minka med 1,2 mrd. kroner. Lånekassa sitt konverteringsfond auka med 0,4 mrd. kroner. Garantiordninga for Norsk Luftfart minka med 1,5 mrd. kroner, medan garantiordningane knytte til kredittforsikring og reisegaranti minka med høvesvis 268 mill. kroner og 381 mill. kroner. Dei to mellom- belse lånegarantiordningane oppretta som følge av krigen i Ukraina og av høge straumprisar auka med høvesvis 125 mill. kroner og 204 mill. kroner. Garantiordning for lån til små og mellomstore bedrifter minka med 163 mill. kroner. Infrastrukturfondet minka med 2,1 mrd. kroner, medan Fond for OPS-prosjekt på veg auka med 0,9 mrd. kroner. Tilskotsfond landsdekkjande innovasjonsordning

- minka med 1,3 mrd. kroner, medan Tapsfond landsdekkjande innovasjonslån og garantiar auka med 509 mill. kroner. Fond for tilrettelegging og kvalifiserande næringsutvikling auka med 246 mill. kroner. Klima- og energifondet, inkludert straumstøtteordninga på 1,1 mrd. kroner, auka med 2,1 mrd. kroner.
- Ein må sjå kontogruppe 64 *Ordinære fond* i samanheng med kontogruppe 81 *Kontolån frå ordinære fond*, jf. note 13. Midlane som fonda har ståande på konto i Noregs Bank, er òg førte opp som kontolån til staten. Sjå òg tabell 3.1 i vedlegg 3 om ordinære fond (eigedelar).
- Note 6. Forskot auka med 573 mill. kroner. Forskot på rammetilskot til kommunar og fylkeskommunar auka med høvesvis 507 mill. kroner og 74 mill. kroner. Oppgjersordningane som vert balanseførte under Helse- og omsorgsdepartementet, jf. kap. 0740 Helsedirektoratet, minka med netto 37 mill. kroner. Forskot på valutakonto EU-prosjekt under SD auka med 29 mill. kroner, sjå òg tabell 3.9 i vedlegg 3.
- Note 7. Det var inga endring i samla kapital i statsbankane i 2022.
- Note 8. Fast kapital i statsverksemdene auka med 7,2 mrd. kroner i 2022. Kapitalen i SDØE auka med 2,7 mrd. kroner, og kapitalen i Statsbygg auka med 4,4 mrd. kroner. Kapitalen i SPK Forvaltningsbedrift auka med 27 mill. kroner. Sjå òg tabell 3.2 i vedlegg 3 for detaljar om kapitalen i statsverksemdene.
- Note 9. Eigenbeholdning av statspapir auka med 14,4 mrd. kroner. Statsobligasjonar auka med 12,3 mrd. kroner, og statskassevekslar auka med 2,1 mrd. kroner.
- Note 10. Statlege verksemder sine mellomvære med statskassa endra seg med 6,2 mrd. kroner, frå -4,4 mrd. kroner i 2021 til 1,9 mrd. kroner i 2022, slik at statskassa *netto* har ei fordring på verksemdene på 1,9 mrd. kroner per 31.12.2022. Omlegging av pensjonspremieordninga i Statens pensjonskasse (SPK) frå 2022, og nye retningsliner for bokføring av skuldig pensjonspremie mot mellomværet med statskassa, inneber at statlege verksemder isolert sett får ei fordring mot statskassa, medan SPK får ei gjeld mot statskassa. Sjå òg tabell 3.9 i vedlegg 3
- der departementa sine mellomvære med staten er spesifiserte.
- Stortinget har i saker under 1 mill. kroner gjeve Finansdepartementet fullmakt til å postere differansar og uopklara saker mot konto for forskyving i balansen (eigenkapitalen). I større saker kan Stortinget vedta særskilde fullmakter. Det vart i 2022 ikkje gjort nokon føringar på konto for forskyving i balansen mot kontogruppe 70-72.
- Note 11. Overkurs/underkurs på statspapir er per 31.12.2022 bokført med -1,0 mrd. kroner. Dette er ei endring på 4,1 mrd. kroner, frå -5,1 mrd. kroner året før. Overkurs/underkurs knyter seg til statsobligasjonar med fast rentesats og statskassevekslar og vert mellom anna påverka av rentenivå på tidspunktet for utgjeving eller kjøp, løpetid på statspapiret og endringar i rentenivå og -forventningar framover.
- Note 12. Statsgjelda auka med 80,7 mrd. kroner. Statskassevekslar auka med 7,7 mrd. kroner og kortsiktige kontolån auka med 6,6 mrd. kroner. Faste lån opptekne innanlands auka med 66,5 mrd. kroner. Endringa i statsgjelda for 2022 er nærare spesifisert i tabell 3.3 i vedlegg 3.
- Note 13. Kontogruppe 81 minka med 1,0 mrd. kroner i 2022. Kontogruppe 81 *Kontolån frå ordinære fond* omfattar alle ordinære fond som har fondsmidlar plasserte i statskassa på konto i Noregs Bank. Dei fonda der staten både eig og kan disponere fondskapitalen, er i tillegg aktiverte i kontogruppe 64 *Ordinære fond*. Det var ein nedgang i desse fondsmidlane på 1,2 mrd. kroner, jf. omtale i note 5. Andre fondsmidlar som inngår i kontogruppe 81 auka med netto 212 mill. kroner. Gjeldsbrevordninga under Utanriksdepartementet og Norad samla auka med 103 mill. kroner. Norsk pasientskadeerstatning – privat sektor auka med 33 mill. kroner. Alminneleg garantiordning under Eksportfinansiering Norge minka med 124 mill. kroner, medan andre garantiordningar auka med 112 mill. kroner. Landbrukets utviklingsfond og andre fond under Landbruks- og matdepartementet auka samla med 89 mill. kroner. Statens prisreguleringsfond minka med 2 mill. kroner, medan Statens fiskefond og Velferdsfondet for tolltaten auka med 0,3 mill. kroner kvar.

Note 14. Kontogruppe 82 omfattar verksemdar med særskilde fullmakter til å nettoføre utgifter og inntekter. Dei likvide midlane til verksemdene er plasserte i Noregs Bank og auka med 659 mill. kroner i 2022. Midlane utgjer 24,8 mrd. kroner ved utgangen av året. Staten kan nytte denne likviditeten, som vert notert som gjeld i kapitalrekneskapen. Eit meir detaljert oversyn over midlane i desse verksemdene står i tabell 3.1 og tabell 3.10 i vedlegg 3.

Auken i 2022 gjeld særleg Noregs forskingsråd som hadde ein auke i bankbehaldninga med 773 mill. kroner. Kunnskapssektorens tenesteleverandør (Sikt) hadde ein auke på 155 mill. kroner, medan universitet og høgskular hadde ein netto nedgang på 268 mill. kroner. Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) hadde ein nedgang på 83 mill. kroner etter avviklinga av Diku som nettobudsjettert verksemd. Veterinærinstituttet hadde ein auke på 44 mill. kroner og Meteorologisk institutt hadde ein auke på 90 mill. kroner. Norsk kulturminnefond hadde ein nedgang på 33 mill. kroner. Andre verksemdar hadde ein samla netto nedgang på 20 mill. kroner.

Note 15. Deposita og avsetjingar minka med 30,5 mrd. kroner. Avsetjinga for mellomvære med Statens pensjonsfond utland minka med 31,0 mrd. kroner (slik at staten per 31.12.2022 har 15,9 mrd. kroner til gode på SPU), sjå kapittel 3.1. Avsetjing i statsgjelda (konto 84 00 16) auka med 5,7 mill. kroner, medan avsetjing i Statens vegvesen auka med 490,2 mill. kroner. Avsetjinga i Svalbardrekneskapen (konto 84 50 04) minka med 1,5 mill. kroner. Detaljar om Svalbardrekneskapen står i tabell 5.1–5.3 i vedlegg 5.

Note 16. Unyttar løyvingar som vert overførte til neste budsjettår, er registrerte som gjeld i statsrekneskapen. Overføringane frå 2022 til 2023 utgjer til saman 21,6 mrd. kroner, som er 5,2 mrd. kroner mindre enn overført løyving frå 2021 til 2022.

Note 17. Avslutningskontoen syner at statens eigenkapital i 2022 auka med 26,4 mrd. kroner, frå 13 432,2 mrd. kroner til 13 458,6 mrd. kroner. Brutto endring i statens egedelar og gjeld går fram av tabell 4.1 og note 1–16 ovanfor. Netto endring i konto for forskyving i balansen, som syner endring i eigenkapitalen som skriv seg frå transaksjonar som ikkje er førte frå 90-postar, går fram av spesifikasjonen nedanfor. Sjø òg tabell 1.13 i vedlegg 1.

| Endring i eigenkapitalen over konto for forskyving i balansen (mill. kroner):    | 2021      | 2022    |
|--|-----------|---------|
| 61. Endra verdi Statens pensjonsfond   | 1 488 813 | -39 938 |
| 99. Overskot før lånetransaksjonar   | 21 097    | 27 133  |
| 87. Endring avsetjing overførte midlar   | -955      | 5 229   |
| Andre endringar:   | 41 541    | 34 002  |
| 61. Endra verdi Norfund, ikkje ført på 90-post                                   | 5 961     | 2 140   |
| 62. Nettovinst verdipapir  | 2 744     | 936     |
| 62. Equinor ASA, korreksjon kostpris 2021  | 8 131     |         |
| 62. Sal av aksjar, vinst Equinors attkjøpsprogram                                |           | 12 502  |
| 63. Driftskreditt Nye veier AS   | 1 000     |         |
| 63. Lån til Institutt for energiforskning  |           | 2       |
| 63. Anna tap/ettergiving av lån  | 1         | 1       |
| 63. Auka utlån til helseføretaka   | 7 393     | 6 827   |
| 63. Justert driftskredittramme, helseføretaka                                    | 6 018     | 3 377   |
| 63. Eksportkreditordninga, valutakurseffekt m.m., jf. note 4                     | 551       | 2 264   |
| 64. Inneståande fond, ikkje ført på 90-post                                      | 628       | -1 212  |
| 65. HOD, oppgjersordningar for H-resept/fritt behandlingsval m.m., jf. kap. 0740 | -4        | -37     |
| 65. Endring i avsetjing av forskot under Statens vegvesen                        | -111      | 29      |
| 68. Auke i fast kapital i forvaltningsverksemdene                                | 9 229     | 7 173   |
| Sum endring  | 1 550 497 | 26 426  |



## 4.2 Finansinntekter og finansutgifter

Staten hadde i 2022 renteinntekter på 14,5 mrd. kroner og renteutgifter på 8,3 mrd. kroner. Netto

renteutgifter vart dermed 6,2 mrd. kroner, jf. tabell 4.2. Frå 2021 til 2022 minka renteutgiftene med 1,6 mrd. kroner, medan renteinntektene auka med 5,5 mrd. kroner.

Tabell 4.2 Renter (tal i mill. kroner)

|  | 2020   | 2021  | 2022   |
|--|--------|-------|--------|
| 1. Renteinntekter i alt <sup>1, 2)</sup>                 | 12 584 | 9 117 | 14 508 |
| Renter frå statsbankane og statsføretaka                 | 9 413  | 6 268 | 7 339  |
| Renter av kapital i statens forretningsverksemd          | 99     | 699   | 1 930  |
| Sum renter av kontantbeholdning og andre krav, av dette: | 3 073  | 2 150 | 5 238  |
| renter av innskot og andre krav                          | 1 838  | 1 352 | 4 206  |
| renter av lån til helseføretaka                          | 262    | 224   | 282    |
| renter av lån til aksjeselskap                           | 28     | 24    | 25     |
| renter frå folketrygda                                   | 1      | 2     | 2      |
| Statens pensjonskasse, bustadlånordninga                 | 943    | 549   | 723    |
| 2. Renteutgifter i alt                                   | 10 583 | 9 871 | 8 255  |
| Av innanlandsk statsgjeld                                | 10 463 | 9 760 | 7 993  |
| Av utanlandsk statsgjeld                                 | 0      | 0     | -0,2   |
| Av investeringslån, helseføretak f.o.m. 2008             | 120    | 111   | 263    |
| Netto renteinntekter/renteutgifter (-)                   | 2 002  | -754  | 6 253  |

<sup>1)</sup> Sjå òg kapittel 2.17 for omtale av statlege utlån gjennom Statens lånekasse for utdanning, Husbanken, bustadlånordninga i Statens pensjonskasse, Innovasjon Noreg og eksportfinansieringsordninga gjennom Eksportfinansiering Noreg.

<sup>2)</sup> Tal for 2021 avvik noko frå same tabellen i fjor. Renter frå låneordning for pakkereisearrangørar under Innovasjon Noreg er innarbeidd i renter frå statsbankane. Renter av såkornfond er innarbeidd i renter av innskot og andre krav.

Renteinntekter frå statsbankane og statsføretaka er i 2022 på 7,3 mrd. kroner. Av dette er 2,0 mrd. kroner frå Husbanken, 4,3 mrd. kroner frå Lånekassa, 0,8 mrd. kroner frå eksportfinansieringsordninga, 212 mill. kroner frå Innovasjon Noreg og 12 mill. kroner frå SIVA.

Renteinntekter av innskot og andre krav på 4,2 mrd. kroner er i hovudsak førte på kap. 5605 Renter av statskassas kontantbeholdning og andre krav. Av dette er 1,0 mrd. kroner renteinntekter av innanlandske verdipapir knytte til statsgjeldsforvaltninga. Renteinntekter av alminnelege fordringar vart 302,0 mill. kroner, driftskreditt til statsverksemdar vart 284,1 mill. kroner, under Eksportfinansiering Noreg vart renter av allmenn garantiordning 109,4 mill. kroner og renter av hybridlån Norwegian Air Shuttle 54,2 mill. kroner og Garantiprovisjon vart 44,4 mill. kroner i 2022. Renter av inneståande på statens foliokonto i Noregs Bank vart 2,4 mrd. kroner.

Opttrekksrenter for investeringslån til helseføretaka på kap. 0732 *Regionale helseføretak* vart 262,9 mill. kroner. Renteutgiftene på 8,0 mrd. kroner på kap. 1650 *Statsgjelda* er mellom anna

7,9 mrd. kroner i renteutgifter knytte til statsobligasjonar og statskassavekslar. Det er 5 mill. kroner i netto utgift som er drygt 137 mill. kroner i renteutgifter på kontolån frå ordinære fond og knapt 133 mill. kroner i inntekter knytte til attkjøps- og rentebyteavtalar. Det er 69 mill. kroner i renteutgifter på kontolån frå verksemdar som er pålagde å plassere overskotslikviditet som kontolån til staten.

Per 31.12.2022 var statsgjelda 733 mrd. kroner, jf. vedlegg 3, tabell 3.1 og 3.3. Nærare omtale av statens lån i kapitalmarknaden står i Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022*, kap. 3.6 Statens gjeldsforvaltning. Statens lånebehov og behovet for lånefullmakter i 2022 er omtalt i Prop. 1 S (2021–2022) *Statsbudsjettet 2022*, kap. 7.

## 4.3 Garantiar

Staten kan ikkje gje garantiar som kan føre til tap i seinare terminar, utan at Stortinget har gjeve ei garantifullmakt. Dette gjeld garantiordningar der

staten garanterer for at låntakarar oppfyller skyldnadene sine overfor långivarar.

Tabell 4.3 syner samla garantiansvar etter departement for 2021 og 2022. Per 31.12.2022 har staten gjeve garantiar med eit samla garantiansvar på 189,1 mrd. kroner. Dette er 11,7 mrd. kroner lågare enn i 2021.

Under Nærings- og fiskeridepartementet minka ansvaret i 2022 netto med 22,2 mrd. kroner, og det meste gjeld den allmenne garantiordninga og «gammal allmenn ordning» under Eksportfinansiering Noreg (Eksfin) som minka netto med 19,3 mrd. kroner, medan garantiordninga for Norsk Luftfart minka med netto 1,9 mrd. kroner og Skipsgarantiordninga minka netto med 0,7 mrd. kroner.

Samla garantiansvar under Utanriksdepartementet auka med 5,1 mrd. kroner. Under Samferdselsdepartementet auka samla garantiansvar med 5,7 mrd. kroner, medan under Finansdepartementet minka garantiansvaret med netto 0,4 mrd. kroner.

Samla utbetalingar ved tap på garantiar i 2022 var på 9,5 mrd. kroner, og dette kjem av utbetalingar under Eksfin, alminneleg garantiordning og gammal alm. ordning og Innovasjon Noreg, realinvesteringar og driftskreditt og utbetalingar under den statlege garantiordninga for Norsk luftfart, og garantiordninga for re-forsikring kredittforsikring.

Vedlegg 4 inneheld meir informasjon om dei ulike garantiordningane (tabell 4.1 og 4.2 med notar).

Tabell 4.3 Samla garantiansvar for staten per 31.12. (tal i mill. kroner)

|                                       | Garantiansvar<br>per 31.12.2021 | Utbelt<br>ved tap i 2022 | Garantiansvar<br>per 31.12.2022 |
|---------------------------------------|---------------------------------|--------------------------|---------------------------------|
| Utanriksdepartementet                 | 45 677,4                        |                          | 50 764,6                        |
| Arbeids- og inkluderingsdepartementet | 202,7                           |                          | 200,9                           |
| Nærings- og fiskeridepartementet      | 115 499,0                       | 9 378,3                  | 93 348,2                        |
